

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 27.11.2014
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 20.11.2014

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 142/14	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 143/14	Protokoll frå førre møte.
PS 144/14	Delegerte saker
PS 145/14	Referatsaker
PS 146/14	Detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy gnr. 24 bnr. 2 m.fl. - Sluttbehandling.
PS 147/14	Områdereguleringsplan for indre Bergsøy - slutthandsaming
PS 148/14	Miljøoppyrdding i Fosnavåg. Deponering av masser. Alternativ til lokalisering
PS 149/14	Handtering av kommunens meirforbruk 2014
PS 150/14	Kommunestyrevalet og fylkestingsvalet 2015 - Fastsetjing av valdag
PS 151/14	Søre Sunnmøre innkjøpssamarbeid. Innmelding i Sunnmøre innkjøpssamarbeid.
PS 152/14	Grunnkjøp Vike/Toftedal

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 431/14 Frode Sævik 37/39 - Rammeløyve - Utbetring av avkøyrsløforhold
- DS 432/14 Alf Einar Moltubakk - 60/58 - Igangsettingsløyve
- DS 433/14 Ferdigattest - 37/492 seksjon 2
- DS 434/14 Mellombels bruksløyve for ny almenningsskai Fosnavåg sentrum 34/446 m.fl.
- DS 435/14 ferdigattest 64/6
- DS 436/14 Ferdigattest støttemur - 58/32
- DS 437/14 Olav Kjellstadli - 16/91 - Einebustad med frittliggande garasje
- DS 438/14 Steinar Bendal 29/320 - Løyve til oppføring av einebustad
- DS 439/14 Per Husholm - 64/6 - Flytebrygge
- DS 440/14 Torgeir Hide 60/32 - Løyve til endring av tidlegare godkjent tiltak
- DS 441/14 Gnr 53 Bnr 9 Frådeling av tilleggsareal til gnr 53 bnr 74
- DS 442/14 Kristian Arnevik - 26/40 -Tilbygg
- DS 443/14 Jon Måløy 84/1 - Utlegging av flytebrygge - Ferdigattest
- DS 444/14 Gnr 7 Bnr 11 Ferdigattest.
- DS 445/14 Herøy kommune - 60/35 m fl. - Avløpsanlegg på Moltu
- DS 446/14 Herøy kommune - gnr 29 bnr 8 ,9, 10, 1, 4, 86, 88 og gnr 30, bnr 2 og 9 - Tiltak Heid tursti tredje del
- DS 447/14 Axel Bjørklid - 11/6 - Ny avkøyrsløforhold
- DS 448/14 Gnr 58 Bnr 1 Fnr 12 - Frådeling frå feste til eigartomt
- DS 449/14 Silje Steinsvik Paulsen 38/253 - Ferdigattest
- DS 450/14 Dawid Tarnogòrski 6/51 - Løyve til oppføring av frittliggande garasje
- DS 451/14 Herøy Eigedom AS 37/381 - Løyve til oppføring ny 2.etg som tilbygg til eksisterande bygning på eigedomen
- DS 452/14 Statens Vegvesen, Region Midt - 45/119 - Kontrollomme

- DS 453/14 Almenningskai Fosnavåg sentrum 34/446
m.fl - Ansvarsrett for montering av
betongelement
- DS 454/14 ferdigattest 36/91
- DS 455/14 Mesterhus Volda - 31/4 - Endring av
tilkoblingspunkt for vatn og avløp og
carportløsning
- DS 456/14 Stemmedalen Vasslag SA - 50/13 - Tilbygg
vannbehandlingsanlegg
- DS 457/14 Tonje FLusund og Jim Kvalsvik 4/301 -
Ferdigattest
- DS 458/14 Oddmund Kvalsvik 17/70 - Løyve til
rehabilitering av skorstein
- DS 459/14 Karstein Sund 4/25 - Løyve til tiltak
- DS 460/14 Elselill Bjåstad og Vegard Hide 4/303 -
Ferdigattest
- DS 461/14 Villy Kvalsund 63/1 - Rehabilitering
skorstein
- DS 462/14 Herøy Kommune - 60/35 mfl. -
Igangsettingsløyve avløpsanlegg Moltu
- DS 463/14 Svein Hugås - 45/162 - 2 mannsbustad
med garasje
- DS 464/14 Marius Bula 12/307 - Igangsettingsløyve
for resten av tiltaket
- DS 465/14 AF Decom as - 64/4 - Riving av
brannskadde hus
- DS 466/14 Havstein Remøy DA 34/10 - Løyve til
heving av sjøbud og oppføring av kai
- DS 467/14 Monica Solibakke 11/32 - Løyve til tiltak
- DS 468/14 Johanna Runde og Kjetil Olsen 9/118 -
Løyve til oppføring av einebustad

RS 60/14

Referatsaker

Tilsyn barneverntenesta

PS 142/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 143/14 Protokoll frå førre møte.

PS 144/14 Delegerte saker

PS 145/14 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2012/606
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
198/14	Formannskapet	18.11.2014
146/14	Kommunestyret	27.11.2014

DETALJREGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE PÅ NÆRØY GNR. 24 BNR. 2 M.FL. - SLUTTBEHANDLING.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Camilla Storøy Hermansen reiste habilitetsspørsmål. Far hennar var medeigar i Herøy Byggsenter AS. Firmaet er no nedlagd.

Ho går frå under handsaming av habilitet.

Camilla Storøy Hermansen vart samrøystes kjend habil.

Planleggjar Hallvard Rusten møte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy, gnr. 24 bnr. 2 m.fl., sist endra 27.06.2014, med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist endra 27.10.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy, gnr. 24 bnr. 2 m.fl., sist

endra 27.06.2014, med tilhørende reguleringsføresegner, sist endra 27.10.2014.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Bergens Sjøfartsmuseum, Postboks 7800, 5020 Bergen
Statens Vegvesen, Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg
Hundane Grendalag v/Jørn Remøy, Nærøyvegen 35, 6094 Leinøy
Ragnvald Arne Nærø, Ullernkammen 26, 0380 Oslo
Svein Harald Nærø, Norddalsvegen 2, 6102 Volda
Herøy Byggsenter AS, 6098 Nerlandsøy
Rambøll AS, Storgata 25, 6002 Ålesund

Vedlegg:

1. Detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy gnr. 24 bnr. 2 m.fl., sist revidert 27.06.2014.
2. Føresegner detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy gnr. 24 bnr. 2 m.fl., sist revidert 27.10.2014.
3. Reg.plan bustadområde Nærøy - planomtale, sist revidert 27.10.2014.
4. Uttalar/merknader frå høyringsorgan og privatpersonar, lag/organisasjonar.

Uttalane/merknadane frå høyringsorgan og privatpersonar, lag/organisasjonar omfattar følgjande:

- Kopi av uttalar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 02.04.2014 og 13.08.2014.
- Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 10.04.2014.
- Kopi av e-post frå Bergens Sjøfartsmuseum, sendt Møre og Romsdal Fylkeskommune den 24.03.2014.
- Kopi av uttalar frå Statens vegvesen Region Midt, datert 20.03.2014, 26.05.2014 og 21.10.2014.
- Kopi av uttale frå Kystverket Midt-Norge, datert 01.04.2014.
- Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 24.03.2014.
- Kopi av uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga, datert 07.05.2014.
- Kopi av uttale frå barnerepresentanten, datert 01.04.2014.
- Kopi av uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, datert 13.02.2014.
- Kopi av merknad frå Hundane Grendalag v/Jørn Remøy, datert 22.03.2014.

Saksopplysningar:

BAKGRUNN FOR SAKA

Formell planoppstart for reguleringsplanen for bustadområdet på Nærøya vart annonsert i desember 2009 og med frist til 29.01.2010 til å kome med innspel til planarbeidet. Eit første planforslag vart, etter vedtak i formannskapet den 23.11.2010 (F-sak 344/10), utlagt til offentleg ettersyn i perioden 15.12.2010 til 02.02.2011.

Etter ein til dels omfattande vidare planprosess, som mellom anna omfatta motsegner frå Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Statens Vegvesen, vart eit justert planforslag behandla av formannskapet i møte den 04.02.2014 (F-sak 21/14). Formannskapet gjorde i denne samanheng følgjande vedtak:

Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-10, at justert forslag til detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøya med tilhøyrande føresegner, begge sist revidert 14.01.2014, vert utlagt til 2. gongs offentleg ettersyn. Saka vert samstundes å sende aktuelle høyringsorgan til uttale.

Planen vart etter dette utlagt til offentleg ettersyn i perioden 14.02.2014 til 28.03.2014. Frist for uttalar/merknader vart sett til 31.03.2014. Fylkeskommunen fekk etter søknad utsett uttalefristen til 11.04.2014. Som følgje av innkomne

høyringsuttalar og private merknader, her under ein del rimeleg krevjande avklaringar med omsyn til motsegnene, har det vore gjennomført justeringar både i plankart, føresegner og planomtale. Samtlege motsegner er imidlertid no trekt og planen er med det klar for politisk sluttbehandling.

PLANEN OG PLANPROSESSEN TIL NO

Planen er fremja i regi av Volfram AS og Herøy Byggsenter AS og utførande konsulent har vore Rambøll AS. Hovudformålet med planen er å legge til rette for eit variert bustadtilbod på denne delen av Nærøya med blokker, tomannsbustadar og einestadadar. Planen dekkjer eit område på om lag 50 da.

Arbeidet med reguleringsplanen starta opprinneleg i 2008 og eit planforslag vart oversendt kommunen i mai 2009. Av kapasitetsmessige årsaker vart det ikkje høve til å behandle planforslaget innan 01.07.2009 (tidspunkt for overgang til ny plandel i PBL). Dette innebar at planarbeidet reint formelt måtte starte på nytt.

Ny varsel om planoppstart vart annonsert i desember 2009 og med frist for innspel til 29.01.2010. Det kom inn ei rekkje uttalar/merknader både frå offentlege høyringsorgan og privatpersonar. Rambøll AS oversende 22.04.2010 forslag til reguleringsplan med føresegner, planomtale og ei vurdering av dei innkomne merknadane.

Det viste seg imidlertid å vere behov for ei viss bearbeiding av det innkomne planforslaget, noko som pågjekk utover året i samarbeid mellom kommunen, konsulent og tiltakshavarar. Eit justert planforslag vart behandla av formannskapet i møte den 23.11.2010 og med påfølgjande høyring/offentleg ettersyn. Frå offentlege høyringsorgan kom det innspel frå Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Bergens Sjøfartsmuseum, Statens Vegvesen, Kystverket og Maritimt utval. I tillegg kom det 4 merknadar frå privatpersonar, grendalag m.v.

Både Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Statens Vegvesen reiste motsegn mot planen og i etterkant av høyringsperioden/offentleg ettersyn hadde ein eit svært utfordrande arbeid med å finne løysingar i høve til desse motsegnene og som samstundes ivaretok omsynet til eit funksjonelt utbyggingsområde. Denne prosessen enda med eit justert planforslag med tilhøyrande føresegner og planomtale som vart behandla av formannskapet i møte den 04.02.2014.

Det justerte planforslaget har no vore på nytt offentleg ettersyn i perioden 14.02.2014 til 28.03.2014 og med høyringsfrist til 31.03.2014. Følgjande offentlege høyringsinstansar har kome med uttale i tilknytning til 2. gongs offentleg ettersyn:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Bergen Sjøfartsmuseum
- Statens vegvesen
- Kystverket Midt-Norge
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Anleggs- og driftsavdelinga
- Barnerepresentanten
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Når det gjeld merknader/innspel frå privatpersonar, lag og organisasjonar har ein motteke merknad frå:

- Hundane Grendalag v/Jørn Remøy

I det som no følgjer vil dei ulike uttalane/merknadane verte kommenterte i den rekkefølge dei er oppsett ovanfor.

UTTALAR FRÅ OFFENTLEGE HØYRINGSORGAN

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen har kome med uttale med brev av 02.04.2014. Innleiingsvis vert det vist til tidlegare uttalar der det vart reist motsegn mot 2 forhold i planen. Det eine galdt arealbruken på neset i nordre del av planområdet og det andre var knytta til mangel på trygge trafikkale løysingar for dei mjuke trafikkantane. Med tilvising til at det no er planlagt fortau fram til FV 18 og utbygginga av fortauet er sikra gjennom rekkefølgjekrav, melder Fylkesmannen at den siste motsegna kan trekkast.

Fylkesmannen opprettheld imidlertid motsegna mot bustadområda BF2 og BF3. Det vert vist til at store delar av strandsona på Nærøya no er nedbygd og privatisert og at det er svært viktig av omsyn til det nære friluftslivet og den frie leiken å ta vare på det samanhengande området på neset.

Fylkesmannen viser for øvrig til at det må fastsetjast rekkefølgjekrav knytt til bustadområdet BK2 som sikrar utbygginga av gangvegen langs sjøen (GA) og det vert dessutan peika på manglande fastsetjing av byggegrenser mot sjøen. Sistnemnde inneber, slik Fylkesmannen vurderar det, at bygging nærare sjøen enn 100 meter må skje med basis i dispensasjon frå PBL § 1-8 sjølv om områda er regulert til bustadformål.

Kommentarar/vurderingar: Den 13.05.2014 vart det halde møte/synfaring saman med representantar for Fylkesmannen med sikte på å finne ei løysing også for den siste motsegna. På bakgrunn av dette møtet samt ein del påfølgjande mindre endringar i plankart og føresegner, ga Fylkesmannen med brev av 13.08.2014 melding om at han trekkjer motsegna og at planen såleis kan eigengodkjennast med omsyn til hans ansvarsområde.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune

Innleiingsvis i uttalen oppsummerar Fylkeskommunen problemstillingane knytta til dei automatisk freda kulturminna innanfor planområdet. Dei viser vidare til tidlegare korrespondanse, mellom anna e-post av 07.03.2014, der det vart bede om følgjande justeringar av plankart og føresegner som grunnlag for innsending av dispensasjons-søknad til Riksantikvaren:

- Kokegropa med sikringssone (noverande ID 141387) bør inn som H730_3.
- RpBO-ID 141385 bør utvidast til også å dekke RpBO-ID 143787 (tidlegare ID 141387).

- H730_1 behøver ikkje vere avmerka som RpBO då det ikkje er krav om utgraving. Dette kan potensielt skape mistydingar.
- Vi vil be om at det også blir lagt inn ei omsynssone C (H570) som dekkjer det meste av sona for grønstruktur, inkludert både gravminnet, kokegrop-lokaliteten og nyare tufter. Dette har vi også bede om i vårt brev av 15.03.2013. Unntak kan vere området mellom BF2 og BF3.
- Jamfør skisse frå 2009 (vedlagt e-posten) ba vi om ei omsynssone C som no er i konflikt med BF2. Vi kan akseptere tomte, men ber om at byggegrensa som låg inne i skisse, datert 14.05.2013, blir teke inn. Det vil vere uheldig om ein fjernar den naturlege ryggen mellom gravminnet og bustadfeltet, og dette burde også takast inn i føresegnene saman med føresegnene om vegetasjon (§ 3.1).

Fylkeskommunen viser vidare til at kommunen har sendt inn nytt plankart med føresegner, begge sist datert 12.03.2014, der alle dei ovannemnde punkta er innarbeidd og at dei baserar si vidare fråsegn på denne føresetnaden.

Fylkeskommunen opplyser elles at Riksantikvaren med brev av 04.04.2014 har gjeve dispensasjon frå kulturminnelova under føresetnad av at det vert gjennomført ei arkeologisk gransking av dei kulturminna som vert råka (ID 141385 og ID 143294) før tiltak etter planen vert realisert.

Desse tiltaka, som førebels er kostnadsrekna til kr 550.000., må på vanleg måte dekkjast av tiltakshavar, men ytterlegare detaljering omkring dette må ein kome attende til når utgravingane skal realiserast.

Ut over det som alt er innarbeidd i planen/føresegnene stiller Fylkeskommunen krav om ein del nye tilføyingar/justeringar i reguleringsføresegnene som grunnlag for å akseptere planen. Dei vil mellom anna at følgjande tekst skal takast inn i reguleringsplanen sine fellesføresegner (§ 2):

Før iverksetjing av tiltak i medhald av reguleringsplanen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna id 141385 og id 143294 som er merka som område for føresegn RpBO-ID 141385 og RpBO-ID 143294 i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

Etter Fylkeskommunen sitt syn kan gjerne denne formuleringa erstatte noverande foreslått § 8 i føresegnene. Når det gjeld § 7 i føresegnene vil Fylkeskommunen ha omformulert § 7.2 og § 7.3 som følgjer:

§ 7.2

Skraverte område merka H730_1, H730_2 og H730_3 på plankartet er automatisk freda kulturminne – ein steinalderbustad, eit gravminne og ei kokegrop – og bandlagt etter kulturminnelova §§ 4 og 6.

Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekkje, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje.

§ 7.3

Skravert område merka H570_1 på plankartet gjeld den delen av grøntstrukturområdet som ikkje er bandlagt etter lov om kulturminne (§ 7.2) med unntak av dei delane av området som inngår i RpBO-ID 143294 og 141385 samt eit avgrensa område mellom BF2 og BF3.

Det er innanfor dette området ikkje tillate å gjere inngrep eller tiltak som endrar landskapskarakteren eller terrengprofilen. Det er tillate å drive vegetasjonspleie og å fjerne tre og undervegetasjon som kan skade eller skjule kulturminna.

Fylkeskommunen opplyser avslutningsvis at Bergens Sjøfartsmuseum har fråfalle sitt krav om registrering slik dette vart framsett i e-post av 24.03.2014.

Under føresetnad av at ovannemnde tilføyingar/justeringar vert tekne inn i reguleringsføresegnene konkluderar Fylkeskommunen med at tidlegare motsegner kan trekkjast og at planen kan eigengodkjennast.

Kommentarar/vurderingar: Frå kommunen si side viser ein til justert plankart og føresegner som vart oversendt Fylkeskommunen den 12.03.2014 og som danna grunnlaget for Riksantikvaren si behandling av dispensasjonssøknaden. Også dei andre kravde tilføyingane/justeringane er no inntekne i reguleringsføresegnene.

Ein vel imidlertid å halde fast på § 8 slik at det kan vere samsvar/link mellom plan og føresegner når det gjeld føresegnområde sjølv om teksten i § 8 no framstår berre som ein kortversjon av det som er grundigare formulert i den nye § 2.1.

Med dei ovannemnde justeringane skulle såleis forholdet til Fylkeskommunen vere avklara og planen kan eigengodkjennast med omsyn til deira ansvarsområde.

Uttale frå Bergens Sjøfartsmuseum

I kopi av e-post av 24.03.2014 til Fylkeskommunen varsla Bergens Sjøfartsmuseum at dei ville krevje gjennomføring av marine arkeologiske granskingar i sjøområda innafør planområdet og gjorde merksam på at planen ikkje kunne godkjennast før desse forholda var avklara. Museet har seinare, i e-post til Fylkeskommunen av 08.04.2014, meldt frå at dei har fråfalle dette kravet.

Kommentarar/vurderingar: Kommunen tek opplysningane ovanfor til vitande og har etter dette ingen ytterlegare kommentarar når det gjeld uttalen frå Bergens Sjøfartsmuseum.

Uttale frå Statens Vegvesen

Statens vegvesen viser innleiingsvis i sin uttale, datert 20.03.2014, til at dei ved 1. gongs offentleg ettersyn reiste motsegn til planframlegget med tilvising til krav om utbetring av krysset mot FV 18 (Nærøykrysset). Dei uttalte då mellom anna følgjande:

Før vi kan akseptere ei utbygging av BK1, BK2 og BB må det utarbeidast ein plan som ivaretek desse forholda, og det må stillast krav i regulerings-

føresegnene at krysset må vere utbetra i samsvar med ein slik plan før utbygging kan skje.

Vegvesenet er innforstått med at det no er vedteke ein reguleringsplan for Nærøykrysset som ivaretek desse forholda, men etterlyser fortsatt formuleringar i reguleringsføresegnene som sikrar utbetring av krysset før utbygging innanfor reguleringsplanområdet vert gjennomført. Med tilvising til ovannemnde stadfestar vegvesenet at motsegna framleis står ved lag. Utover dette har dei ikkje særlege merknader til det justerte planframlegget.

Kommentarar/vurderingar: I etterkant av dette har det så gjennom møte (seinast 09.09.2014) og korrespondanse vore arbeidd med sikte på å få trekt motsegna. Reguleringsplanen for Nærøykrysset, som vist til ovanfor, viser rundkøyring i krysset. Vegvesenet har imidlertid undervegs i drøftingane signalisert at dei vil akseptere ei mellombels T-kryssløysing samt at det i føresegnene vert klargjort tydelege rekkefølgekrav for utbygging av krysset.

Ein illustrasjon til ei mellombels T-kryssløysing, som er forutsett å inngå i planomtalen samt ei justert formulering når det gjeld 3. avsnitt i § 9 i reguleringsføresegnene (rekkefølgekrav) vart oversendt vegvesenet med e-post den 21.10.2014. Endringa i føresegnene vert etter dette lydande som følgjer:

Før utbygging av bustadfeltet skal mellombels utbetringsløysing i Nærøykrysset vere etablert. Det inneber at det ikkje kan gjevast ferdigattest eller bruksløyve etter § 21-10 i plan- og bygningslova til bygningar (bustadhus/husvære) innanfor byggeområda (BF, BK og BB) før mellombelse utbetringstiltak i Nærøykrysset er etablert med T-kryss, samanhengande fortau fram til busslomme og tilrettelagt kryssing av fylkesvegen (jfr. prinsippsskisse i kap. 7.8 i planomtalen).

Statens Vegvesen har på dette grunnlag trekt attende motsegna gjennom følgjande avsluttande konklusjon i brev av 21.10.2014:

Under føresetnad av endringar i samsvar med eposten – med vedlegg – av i dag frå Herøy kommune vert innarbeidd og vedtekne gjennom slutthandsaminga av detaljreguleringsplanen for bustadområdet på Nærøy, trekkjer Statens Vegvesen med dette attende motsegna reist i brevdokumentet herifrå av 04.02.2011.

Uttale frå Kystverket Midt-Norge

Kystverket skriv i sin uttale, datert 01.04.2014, til at dei ut frå sine fagområde ikkje har merknader til det justerte planframlegget.

Kommentarar/vurderingar: Med tilvising til uttalen ovanfor har ein frå kommunen si side ingen ytterlegare kommentarar til saka.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontoret viser i sin uttale, datert 24.03.2014, til at dei ut frå sine saksområde ikkje har merknader til det justerte planframlegget.

Kommentarar/vurderingar: Med tilvising til uttalen ovanfor har ein frå kommunen si side ingen ytterlegare kommentarar til saka.

Uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga

Anleggs- og driftsavdelinga viser i sin uttale, datert 07.05.2014, til at fleire av køyrevegane i planen ikkje har tilfredsstillande snuplass for liten lastebil. Når det gjeld vegane 2, 3 og 4 meiner for øvrig avdelinga at desse er så korte at dei bør vere private og ikkje offentlege vegar.

Det andre forholdet avdelinga peikar på gjeld dimensjoneringa av fortauet langs samleveggen mot Nærøykrysset. Med ei innteikna breidde på berre 2 meter vil dette vere svært ugunstig i samband med drift/vedlikehald knytta til feiing og brøyting.

Kommentarar/vurderingar: Ein er prinsipielt samd med Anleggs- og driftsavdelinga i at så korte tilkomstveggar som veg 2, veg 3 og veg 4 helst bør vere private. No er imidlertid situasjonen den at alle desse vegane leiar vidare til offentleg gangareal (veg 2 og veg 4) eller offentleg tilgjengeleg grøntstrukturområde (veg 3) og i dette ligg ei klar forutsetning om at vegane må inngå som del av eit samla offentleg tilgjengeleg areal. Ein vel difor å behalde vegane som offentlege, men snuplassane er foreslått utbetra i samsvar med dimensjoneringskrava.

I reguleringsplanen for FV 18 Nærøykrysset er det vist fortau med 3 meters breidde frå krysset og til og med bustadeigedom gnr. 24 bnr. 62. Reguleringsplanen for bustadområdet på Nærøy er no tilpassa denne avgrensinga og fortauet er dessutan vidareført i same breidde fram til krysset med veg 1.

Uttale frå Barnerepresentanten

Barnerepresentanten understrekar i sin uttale, datert 01.04.2014, at det i planen er teke godt omsyn til leike- og friareal. Det vert imidlertid bede om fokus på trafikktrygginga sidan utbygging i medhald av planen vil utløyse mykje trafikk i området.

Kommentarar/vurderingar: Frå kommunen si side vert det vist til at reguleringsføresegnene § 9 inneheld rekkefølgjekrav som skal sikre utbygging av fortau fram til kryss med FV 18 før dei nye byggeområda (BF, BK og BB) vert ferdigstilt.

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ga i møte den 10.02.2014 slik uttale til planen:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det må takast mest mogleg omsyn til stigningsforhold.

Kommentarar/vurderingar: Frå kommunen si side vert det vist til at det aktuelle planområdet har relativt avgrensa høgdeskilnader og med det små utfordringar med omsyn til stigningsforhold. Dette er imidlertid eit tema som må visast merksemd i all planlegging, her under også i det no konkrete planprosjektet.

UTTALAR/MERKNADAR FRÅ PRIVATPERSONAR M.M.

Hundane Grendalag v/Jørn Remøy

På vegne av Hundane Grendalag viser Remøy innleiingsvis til tidlegare innsende merknader og ber spesielt om følgjande:

- Høgden på dei nye blokkene bør ikkje overstige høgda på eksisterande bygningsmasse (røykeribygget) i området.
- Utbetringa av Nærøykrysset bør vere gjennomført før byggestart for det nye bustadområdet.

Kommentarar/vurderingar: Som også nemnt i merknaden frå Hundane Grendalag er dette i hovudsak dei same innspela som grendalaget hadde då planen låg ute til offentleg ettersyn i perioden 15.12.2010 til 02.02.2011. Høgda på blokkene, slik dei førebels er tenkt oppført, vil med 4 etasjar ende på kote +15,7 eller på om lag på same høgde som det høgaste av røykeribygga. Med ein tilbaketrekt 5. etasje, slik reguleringsføresegnene opnar for, vil totalhøgda auke med om lag 3,5 meter.

Den næraste blokka vert liggande om lag 70 meter frå dei næraste bustadhusa som Hundane Grendalag representerer og i rett nordleg retning frå desse. Frå kommunen si side meiner ein difor at dette ikkje skulle representere noko nemneverdig ulempe for medlemene i grendalaget og at det ligg innanfor ramma av det som må kunne akseptert ved utvikling av nye bustadområde. For å klargjere den ovannemnde makshøgda for blokkene vel ein imidlertid å presisere dette med kotehøgde (kote + 19,5) og ikkje med høgde over planert grunnivå.

Når det gjeld det andre punktet om trafikkmessige sikringstiltak, så viser ein til at det i planen er lagt inn samanhengande fortau fram til Nærøykrysset og at reguleringsføresegnene har rekkefølgekrav som sikrar at dette er på plass saman med ei sikra/merka kryssing av FV 18 før byggeområda kan ferdigstillast.

AVSLUTTANDE KONKLUSJON/OPPSUMMERING

I den planen som no vert lagt fram for sluttbehandling er det ikkje gjort store endringar i arealbruken samanlikna med den planen som låg ute til offentleg ettersyn i februar/mars 2014. Endringane/justeringane som er gjort både i plankart, føresegnar og planomtale, kan oppsummerast som følgjer:

- Bustadområde BF3 er noko redusert mot sør til fordel for ein tilsvarande auke av og betra tilkomst til grøntstrukturområdet.
- I tillegg til byggegrenser mot veg er det vist komplette byggegrenser for samtlege byggeområde der formålsgrensa ligg nærare sjøen enn 100 meter.
- Eit tidlegare feilplassert automatisk freda kulturminne er no kome på rett plass innanfor grøntstrukturområdet og merka som **H730_3**.
- For alle offentlege køyreveggar er det etablert tilfredsstillande snuplassar.
- Deler av fortauet langs hovudvegen mot Nærøykrysset er teken bort då denne inngår i den tidlegare vedtekne reguleringsplanen for Nærøykrysset.
- Fortausbreidda langs resten av hovudvegen er utvida til 3 meter og gang-/sykkelvegane til 4 meter.

- I reguleringsføresegnene er det teke med eit nytt kapittel 2.1 om automatisk freda kulturminne og §§ 7 (omsynssoner) og 9 (rekkefølgekrav) er endra i tråd med krav frå Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Statens Vegvesen.
- Planomtalen har fått eit nytt kapittel 7.8 som omhandlar vurdering av innkomne merknader, her under ei prinsippsskisse som illustrerar den mellombelse utbetringa av Nærøykysset som T-kryss.

Konsekvensar for støy:

Tiltaket vil ikkje innebere særskilde konsekvensar med omsyn til støy.

Konsekvensar for naturmangfaldet:

Med dei «grøntområda» som vert verande att innanfor planområdet vert tiltaket vurdert til ikkje å ha negative konsekvensar for naturmangfaldet.

Konsekvensar for folkehelsa:

Tiltaket vil medverke til betre/sikrere gang-/sykkelvegsamband frå Nærøya mot Nærøykrysset og vidare i retning Einedalen skule.

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket har ingen særskilde konsekvensar for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Planen inneheld ein del nye køyre- og gang-/sykkelvegar som må forventast å skulle overtakast til kommunal drift.


Som det går fram av utgreiinga er no alle tidlegare motsegner trekte og planen kan såleis eigengodkjennast av kommunen. Med tilvising til dette tilrår rådmannen at detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy, gnr. 24 bnr. 2 m.fl., sist endra 27.06.2014, med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist endra 27.10.2014, vert godkjend i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Fosnavåg, 29.10.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten



TEIKNFORKLARING

Bygninger og anlegg (§12-5 NR.1)

- Bustader - frittliggjande småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Bustader - blokker
- Energianlegg
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone
- Leikeplass

Samferdselsanlegg og tek.k infr. (§12-5 NR.2)

- Veg
- Fortau
- Gang-/sykkelveg
- Gangareal
- Annan veggrunn - grøntareal
- Kai
- Parkering

Grøntstruktur (§12-5 NR.3)

- Grøntstruktur
- Turveg

Bruk og vern av sjø og vassdrag (§12-5 NR.6)

- Småbåthamn
- Friluftsområde i sjø og vassdrag

Omsynsoner (§12-6)

- Sikringsone - Frisikt
- Angitt omsynsone - Bevaring kulturmiljø
- Bandlegging etter lov om kulturminne

Juridiske linjer og punkt


- Planen si avgrensing
- Formålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggj grense
- Bygninger som inngår i planen
- Bygninger som skal fjernast
- Regulert senterlinje
- Regulert parkeringsfelt
- Sikringsonegrense
- Angitt omsynsgrense
- Båndleggingsgrense noverande
- Føresegnsgrense

Føresegnsområde (§12-7)

- Føresegnsområde
- Eigarform:**
o_ = Offentleg formål f_ = Felles privat formål

Kartopplysninger
 Kilde for basiskart: Geovekst AS
 Dato for basiskart: Juni 2014
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
 Høydegrunnlag: NN 1954

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge
 Ekvidistanse 1 meter
 Kartmålestokk 1:1000 (A2)



DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3
Bustadområde på Nærøy
 MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID:
 201275
 Forslagstiller:
Volfrem AS og Herøy Byggsenter AS

Revisjon av plankart	SAK	DATO	SIGN.
A Revidert etter innspel frå høyringsorgan		14.01.2014	HR
B Utvida omsynsone H570_1 på heile grøntstruktur, retta feilplassert kulturminne ID 141387		12.03.2014	HR
C Diverse endringar på BF2, BF3, BK2, Veg3, Veg2, Veg4, Veg5, Fortau1, GSI		27.06.2014	HR
SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN			
Kommunestyrets vedtak:	SAK	DATO	SIGN.
2. gong offentlig ettersyn fra 14.02.2014 til 28.03.2014			
2. gongs behandling i Formannskapet	21/14	04.02.2014	HR
Offentlig ettersyn fra 15.12.2010 til 02.02.2011.			
1. gongs behandling i Formannskapet	344/10	23.11.2010.	HR
Kunngjering av oppstart planarbeidet		20.6.2008.	HR
PLANEN UTARBEIDET AV:	PLANNR.	TEGNRR.	SAKSBEH.
Ramboll			HR

FØRESEGNER

DETALJREGULERINGSPLAN FOR BUSTADOMRÅDE PÅ NÆRØY, GNR. 24 BNR. 2 M/FL. I HERØY KOMMUNE

Føresegner, datert 27.09.2010, sist rev. 27.10.2014
Plankart, datert 27.09.2010, sist rev. 27.06.2014

§1 GENERELT

- 1.1 Disse føresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.
- 1.2 Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av kommunestyret i Herøy.
- 1.3 Etter at reguleringsplanen er vedteken er det ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med planen eller føresegnene.
- 1.4 Det regulerte området er på planen vist med plangrense. I medhald av plan- og bygningslova § 12 er området regulert til følgjande formål:

Bebyggelse og anlegg (pbl §12-5 ledd nr.1)

- Område for frittliggande småhus
- Område for konsentrerte småhus
- Område for bustadblokker
- Småbåtanlegg (landdelen)
- Energianlegg
- Leikeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 ledd nr.2)

- Køyreveg
- Fortau
- Gang-/sykkelveg
- Gangareal
- Annan veggrunn – grøntareal
- Kai
- Parkeringsplassar

Grøntstruktur (pbl §12-5 ledd nr.3)

- Grøntstruktur
- Turveg

Bruk og vern av sjø og vassdrag m/tilhøyrande strandsone (pbl §12-5 ledd nr. 6)

- Småbåthamn
- Friluftsområde i sjø og vassdrag

Omsynssone i reguleringsplan (pbl § 12-6)

- Frisikt i vegkryss (H140)
- Bevaring av kulturmiljø (H570)
- Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

Føresegnområde i reguleringsplan (pbl § 12-7)

- Føresegnområde kulturminne (RpBO-ID 143294 og 141385)

§2 FELLESFØRESEGNER

2.1 Automatisk freda kulturminne

Før iverksetjing av tiltak i medhald av reguleringsplanen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna id 141385 og id 143294 som er merka som område for føresegn RpBO-ID 141385 og RpBO-ID 143294 i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

2.2 Byggjemelding/byggjesøknad

Saman med byggjemelding/byggjesøknad skal det leverast plan for den ubygde delen av tomta (utomhusplan) i målestokk 1:200.

Planen skal vise:

- Plassering av bygningar, møneretning, etasjetal, høgde og form
- Biloppstillingsplassar
- Høgder og fall på terreng og murar
- Anlegg som støttemurar og liknande

Kommunen skal også sjå til at nybygg har arkitektoniske kvalitetar som speglar si eiga tid. Bygg og uteområde skal opparbeidast med god estetisk standard. Nye bygg skal ha ei bevisst utforming i forhold til omkringliggende bygningar. Utforminga skal vere moderne og avdempa i forhold til fargebruk og materialval. Det må ikkje nyttast utvendig kledning, faste bygningselement eller takteking som i material- og/eller fargebruk verkar dominerande (t.d. signalfargar) eller skjemma for omgjevnaden.

2.3 **Byggjegranser**

Byggjegranser mot offentlege vegar er vist på plankartet. For BF- og BK-områda er det dessutan vist byggjegranser mot øvrige tomtegranser der desse ligg nærare enn 100 meter frå strandlina. For BB-områda er tilsvarande byggjegranser identisk med formålsgrensa for områda.

Der byggjegranser ikkje er vist, gjeld reglane i plan- og bygningslova § 29 om avstand frå veg, annan bygning og eigedomsgrense.

2.4 **Utnyttingsgrad**

Utnyttingsgraden er ført på plankartet. Tillate tomteutnytting vert oppgjeve som utbygd areal i prosent av tomtearealet, BYA. Utbygd areal er definert i NS 3940. Maks. BYA er påført byggjeområda på plankartet.

2.5 **Gesimshøgder**

Gesimshøgde skal målast som definert i Teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Tillatne gesimshøgder er oppgjevne under dei enkelte byggjeområda i føresegnene.

2.6 **Krav til uteopphaldsareal for husvære**

For alle frittliggande bustader skal det i tilknytning til husværet vere minst 50 m² uteopphaldsareal som er eigna til rekreasjon, leik og opphald. For konsentrerte bustader skal det tilsvarande vere minst 25 m² uteopphaldsareal i nær tilknytning til husværet.

Som uteopphaldsareal kan reknast dei deler av tomta som ikkje er bebygd eller avsett til køyring og parkering, og er eigna til formålet. Plassen bør ha solinnfall. Arealet bør primært vere på bakken, men areal på terrasse/balkong kan også godtakast. Uteopphaldsarealet kan vere felles eller privat.

2.7 **Avfallshandtering**

Området skal haldast ryddig. Bygningar innanfor BB skal ha eigne rom for oppbevaring av avfallscontainerar. Utelagring er ikkje tillate. Kommunen kan om naudsynt pålegge leigar av området å rydde. Dersom slike pålegg ikkje vert etterkomne kan kommunen utføre opprydding for eigaren si rekning.

2.8 **Landskap og vegetasjon**

Ein skal i størst mogleg grad prøve å ta vare på eksisterande verdifull vegetasjon ved planlegging av bustadane. Viktige terrengformer og

kulturminne som for eksempel steingjerde og liknande, bør så langt som mogleg bevarast og innpassast i utomhusanlegga. I spesielle situasjonar kan også landskapstilpassing av bygningar vere eit overordna mål.

2.9 **Leikeplassar**

Areal brattare enn 1:3 skal ikkje reknast inn som del av leik- og opphaldsareal. Arealet skal skjermast mot trafikkstøy over 55 dBA.

2.10 **Parkering**

Kvar utbyggar skal på eigen grunn opparbeide parkeringsplassar i samsvar med kommunen sine parkeringsvedtekter. Med eigen grunn meiner ein og dokumentert del av fellesareal. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet vert teke i bruk. Parkeringsplassar skal reknast med i % BYA.

2.11 **Krav til infrastruktur før utbygging**

Ny busetnad i bustadområda kan ikkje førast opp før tilkomstveggar til dei enkelte eigedomane er opparbeidd i høve til planane. Bustadbygging kan likevel skje ved bruk av regulerte vegtrasèar med anleggsvegstandard. Tilkomstvegane skal byggjast ut etter detaljplanar godkjend av kommunen.

2.12 **Universell utforming**

Planlegging av bygg, uteområde og leikeplassar skal basere seg på prinsippet om universell utforming/tilgjenge for alle.

2.13 **Skjering og fylling**

Skjering og fylling frå vegane kan komme inn på andre regulerte formål.

2.14 **Unntak**

Mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene kan, når særlege grunnar talar for det, tillatast av kommunen innanfor ramma av plan- og bygningslova og bygningsvedtektene i kommunen.

§3 BEBYGGELSE OG ANLEGG

3.1 Frittliggjande småhus - BF

Område merka **BF1-BF6** på plankartet er sett av til frittliggjande småhus.

Maksimal utnyttingsgrad er sett til BYA=30%.

Plassering av bygg på kartet er retningsgivande, og ved utbygging av tomtene må ein leggje vekt på å finne ei så god løysing som mogleg i forhold til terrengforhold og utsikt for naboar.

Møneretning skal som hovudregel følgje terrengkotene.

Bygga skal ha byggjestil tilpassa det omkringliggjande bustadmiljøet, og ha fasadekledning i trepanel eller mur.

Bygningar kan ha delvis nedgraven sokkeletasje der terrenget er tilpassa denne løysinga, ein hovudetasje og ein loftetasje.

Maksimal gesimshøgde er sett til 6 m og maksimal mønehøgde til 8 m. Bygningane kan ha saltak, pulttak eller tilnærma flatt tak. Det er høve til å innreie utleigehusvære i bustaden. For eksisterande bygningar gjeld dette tilsvarande ved gjenoppbygging, endringar og tilbygg.

I område BF2 og BF3 skal eksisterande vegetasjon i tomta sine randsoner mot grøntstrukturområdet (mellom byggje- og tomtegrenser) behaldast mest mogleg naturleg og slik det ligg i dag.

Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3,0 m og ikkje større grunnflate enn 50 m².

Kvar utbyggjar skal på eigen grunn legge til rette for 2 biloppstillingsplassar for kvar ein bustad. For evt. hyblar/utleigehusvære er parkeringskravet 1 plass pr. bueining. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet vert teke i bruk.

3.2 Konsentrerte småhus - BK

Områda merka **BK1** og **BK2** på plankartet er sett av til konsentrert småhusbebyggelse.

For **BK1** og **BK2** er maksimal utnyttingsgrad sett til BYA=35%. Det kan først opp bygg i inntil 2 etasjar og loft. Maks. gesimshøgde er sett til 6 m og maksimal mønehøgde til 8,5 m. Bygningane kan ha saltak, pulttak eller tilnærma flate tak.

Plasseringa av bygg på kartet er retningsgivande, og ved utbygging av

tomtene må ein legge vekt på å finne ei så god løysing som mogleg i forhold til terrengforhold og utsikt for naboar.

Bygga skal ha ein moderne byggjestil tilpassa formspråk og materialbruk til omkringliggande bebyggelse.

Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3,0 m.

Kvar utbyggjar skal på eigen grunn legge til rette for biloppstillingsplassar i samsvar med dei kommunale parkeringsvedtektene. Kvar bueining skal ha minimum 1 parkeringsplass som sin faste garasje plass. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet vert teke i bruk.

3.3 **Blokkbebyggelse - BB**

Områda merka **BB1 og BB2** på plankartet er sett av til bustadblokker.

For bustadblokker er maksimal utnyttingsgrad sett til BYA=60%. Det kan først opp bygg i inntil 4 etasjar over kote +2,6 og 1 inntrekk 5. etg. Maksimal gesims- og mønehøgde er sett til kote +19,5.

Plassering av bygg på kartet er retningsgivande, og ved utbygging av tomtene må ein legge vekt på å finne ei så god løysing som mogleg i forhold til terrengforhold og utsikt for naboar.

Bygningane skal ha eit moderne formspråk og ein materialbruk etter si tid og stå fram som bygg med høg arkitektonisk kvalitet. Uteområda skal ha høg materialstandard.

Utbyggjar skal på eigen grunn legge til rette for biloppstillingsplassar i samsvar med dei kommunale parkeringsvedtektene. Kvar bueining skal ha minimum 1 parkeringsplass som sin faste garasje plass. Alle parkeringsplassar skal vere opparbeidde innan det tilsvarande byggjearealet vert teke i bruk.

3.4 **Energianlegg (Trafo)**

Området merka **T** på plankartet er sett av til anlegg og drift av energianlegg/trafo. Dersom eksisterande trafo må byggast om kan den flyttast lenger aust innanfor området T for å få ei betre tilpassing til terrenget og i høve til vegkrysset.

3.5 **Småbåtanlegg (landdelen)**

Område merka **f_Sba** på plankartet er sett av til landdel for småbåthamn og som tilkomstområde til denne.

Innanfor området skal strandsona bevarast slik den ligg i dag. Det kan leggest til rette for landfeste i samband med småbåthamna. Dette skal utførast med minst mogleg inngrep i strandsona.

Det skal vere ope for allmenn ferdsel gjennom området og langs strandsona.

Det kan opparbeidast gangtilkomst/sti over området til eigedomen vest for planområdet.

3.6 **Leikeareal for born**

Sentralt i bustadområda er det sett av leikeplassar merka **Leik 1-Leik 3**.

Leik 1 er felles for bustader innanfor bustadblokkene (BB) og BK2.

Leik 2 er felles for bustader innanfor BK1, BF1, BF2, BF3 og BF4.

Leik 3 er felles for BF4, BF5 og BF6.

Områda kan opparbeidast parkmessig med beplanting, murar, belysning, leikeapparat, benkar og liknande. Før opparbeiding skal det utarbeidast ein nærare detaljert situasjonsplan, godkjend av kommunen. Tilkomsten til leikeplassane skal oppfylle krava til universell utforming.

Leikeplassane skal vere opparbeidde og beplanta før 2/3 av bustadane er ferdigstilt.

§4 **SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

4.1 **Køyreveg**

Areala er sett av til offentlege køyrevegar. Standard er påført plankartet. Areala skal ha asfaltdekke eller tilsvarande.

o_veg 1 er tilkomstveg til bustadområdet. Vegen er eksisterande veg som blir oppgradert og forlenga. Vegbreidde 5 m.

o_veg 2 er tilkomstveg til bustadblokkene, BK2 og kaiområdet. Vegbreidde 4,0 m.

o_veg 3 er ny tilkomstveg til BF2, BF3 og til grøntområdet på neset. Vegbreidde 4,0 m.

o_veg 4 er ny tilkomstveg til BK1, del av BF4 og til gangareal mot fylkesvegen. Vegbreidde 5,0 m.

o_veg 5 er tilkomstveg til del av BF4, BF5 og BF6. Vegen er vidareføring av eksisterande tilkomstveg. Vegbreidde 4,0 m.

Vegskulder skal vere 0,25 m og det skal reknast med breiddeutviding i kurvene.

Det er høve til å legge rør og kablar i vegbana.

4.2 **Fortau, gang-/sykkelveg og gangareal**

Arealet merka **o_fortau 1** er avsett til fortau frå bustadområdet og i retning FV 18. Areal merka **o_GS1** og **o_GS2** er gang-/sykkelvegar medan **o_GA** er gangareal som bind saman veg 2 med kaiområdet og grøntstrukturen på neset.

4.3 **Annan veggrunn - grøntareal**

Dette formålet omfattar areal som naturleg høyrer til vegane, som grøft, skjering, fylling. Slike areal skal opparbeidast i samband med tilgrensande trafikkareal.

I samband med utbygging av vegen skal tilstøytande areal som blir rørt, herunder eksisterande avkøyrslar, stellast til igjen og tilsåast.

4.4 **Kai**

Område merka **o_Kai** er offentlig område for tilkomst langs sjøen og til småbåthamna. Området skal opparbeidast i høg materialstandard og avgrensast mot BB1, BB2 og Leik 1 med beplanting, gjerde eller murar. Det skal vere ope for gjennomgang i området.

4.5 **Parkeringsplass**

Område merka **P** er regulert til felles parkeringsplass for bustader innanfor BK1.

§ 5 Grøntstruktur

5.1 **Grøntstruktur**

Området merka Grøntstruktur i plankartet gjeld eksisterande grøntområde og dyrka areal innanfor gnr/bnr 24/2, 24/8 og del av 24/43.

5.2 **Turveg**

Område merka Turveg i plankartet er tilkomst frå veg 5 til grønstrukturuområdet og sjø. Det kan opparbeidast ein enkel tursti innanfor området.

§ 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner

6.1 Småbåthamn

Område merka med **Småbåthamn** på plankartet er sett av til småbåthamn/marina.

Det kan tillatast etablering av landfaste flytebrygger samt utlegging av mindre flytebryggjer og liknande som ein ser som naudsynt for å kunne utføre og tene det som naturleg høyrer med i drifta av ei småbåthamn.

Tiltak og anlegg i sjø må godkjennast av hamnemynde.

6.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag

Område merka med **o_FRILUFTSOMRÅDE** på plankartet er sett av til friluftsområde i sjø. Området skal vere ope og tilgjengeleg for allmenn ferdsel.

Det er ikkje tillate å bruke området til fortøyingssjå for båtar. Andre tiltak som kan hindre sjøverts ferdsel skal heller ikkje tillatast.

§ 7 Omsynssoner

7.1 Frisikt

I området mellom frisiktline og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

Kommunen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona.

7.2 Bandlegging i forhold til lov om kulturminne

Skraverte område merka **H730_1**, **H730_2** og **H730_3** på plankartet er automatisk freda kulturminne – ein steinalderbustad, eit gravminne og ei kokegrop – og bandlagt etter kulturminnelova §§ 4 og 6.

Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekkje, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje.

7.3 **Bandlegging av kulturmiljø**

Skravert område merka **H570_1** på plankartet gjeld den delen av grøntstrukturområdet som ikkje er bandlagt etter lov om kulturminne (§ 7.2) med unntak av dei delane av området som inngår i RpBO-ID 143294 og 141385 samt eit avgrensa område mellom BF2 og BF3.

Det er innanfor dette området ikkje tillate å gjere inngrep eller tiltak som endrar landskapskarakteren eller terrengprofilen. Det er tillate å drive vegetasjonspleie og å fjerne tre og undervegetasjon som kan skade eller skjule kulturminna.

§ 8 Føresegnområde kulturminne

Dette gjeld område med funn av automatisk freda kulturminne, på plankartet merka som RpBO-ID 143294 og RpBO-ID 141385. Tiltak innanfor desse områda skal berre skje med basis i § 9, jfr. også § 2.1.

§ 9 Rekkefølgekrev

Før utbygging av områda BF4, BK1, veg 4 og GS2 skal det gjennomførast arkeologiske undersøkingar av det automatisk freda kulturminnet idnr. 143294. På plankartet er dette merka **RpBO-ID 143294**.

Før utbygging av områda BF3, BK1, BK2, veg 1 og veg 3 skal det gjennomførast arkeologiske undersøkingar av det automatisk freda kulturminnet idnr. 141385. På plankartet er dette merka **RpBO-ID 141385**.

Før utbygging av bustadfeltet skal mellombels utbetringsløysing i Nærøykrysset vere etablert. Det inneber at det ikkje kan gjevast ferdigattest eller bruksløyve etter § 21-10 i plan- og bygningslova til bygningar (bustadhus/husvære) innanfor byggeområda (BF, BK og BB) før mellombelse utbetringstiltak i Nærøykrysset er etablert med T-kryss, samanhengande fortau fram til busslomme og tilrettelagt kryssing av fylkesvegen (jfr. prinsippsskisse i kap. 7.8 i planomtalen).

Reguleringsføresegnene er sist endra 27.10.2014 og vedtekne av Hørøy kommunestyre i møte den 00.00.2014 (K-sak 00/14).

Fosnavåg, den 00.00.2014

**Arnulf Goksøyr
Ordfører**

Planomtale m/føresegner

Herøy kommune

Reguleringsplan for bustadområde på Nærøy

for
Volfram AS og Herøy Byggsenter AS



(Rev. G)
2014.10.27

Reguleringsplan for bustadområde på Nærøy

Planomtale

Oppdragsnr.: 5080107

Oppdragsgjevar: Volfram AS og Herøy Byggsenter AS
Oppdragsgjevares repr.: Ragnvald Nærø og Johnny Storøy

Oppdragsleiar Rambøll: Sivilarkitekt Oddhild Fausa
Medarbeidarar: Ing. Hans Petter Grønmyr, stud.ark. Sigrid S. Hareide, Eigil Kosi Jaren
og Egil Horg

Rev. G
Dato 2010-12-02
Utarb. OF/SSH/EKJ
Kontroll OF
Godkjent

Antal sider:
Rapport 44
Vedlegg 1

Innhold

1.	Forord.....	4
2.	Grunnlag og målsetjing for planarbeidet	6
3.	Prosesen i planarbeidet.....	10
4.	Planområdet	13
5.	Omtale av planen - Planforslaget.....	16
6.	Vurdering av verknader av planforslaget	27
7.	Uttalar og merknader	32
8.	Risiko- og sårbarheitsvurdering.....	466

1. Forord

På oppdrag frå Volfram AS m/grunneigarar og Herøy Byggsenter AS har Rambøll Norge AS utarbeida eit framlegg til reguleringsplan for eit bustadområde på Nærøy i Herøy kommune.

Reguleringsplanen er utarbeidd av sivilarkitekt Oddhild Fausa, ing. Hans Petter Grønmyr, Egil Horg og Eigil Kosi Jaren. Kontaktperson i kommunen har vore Berit Sandvik Skeide og Hallvard Rusten.

Planarbeidet starta opp i 2008, men planen måtte varslast på nytt i samsvar med ny plan- og bygningslov etter 01. juli 2009. Planen blei ein "overgangsplan" mellom ny og gammal planlov.



Oversiktsfoto av planområdet sett mot nordvest



Eksisterende bygningsmasse på industriområdet

1.1 Endringar etter offentlig ettersyn

Planen til Volfram blei lagt ut til offentlig høyring i januar/februar 2011 og Herøy Byggsenter sin plan blei lagt ut til offentlig høyring i april/mai 2011. Etter merknader som kom inn har planen blitt endra på følgjande punkt. Ein gjer merksam på at nemningane på områda refererer seg til plankart, datert 27.09.2010, og at det på fleire område ikkje er samsvar mellom desse og nemningane på det no justerte planforslaget:

- Reguleringsplan for gnr 24, bnr 83 for Herøy Byggsenter er innlagt i planen. Nytt planutkast omhandlar no begge planane og er ei samanslåing av planmaterialet i begge regulerings sakane etter ønske frå kommunen.
- Eit område innanfor eigedom 24/2 er lagt ut til verneområde etter arkeologiske funn. Område BF2, del av BF3, FL2 og Veg 2 er derfor tatt ut av planen.
- Småbåthamn 2 med tilhøyrande småbåtanlegg 2 og P2 samt P1 og FL4 er tatt ut av planen.
- Leikeplass FL3 og tidlegare leikeplass innanfor plan for gnr/bnr 24/83 er slått saman til Leik 2 i nytt planforslag.
- Område BK2 er endra til å innhalde eit leilegheitsbygg i nordre del.
- BF1 på neset (BF2 og BF3 i nytt planforslag) er det endra utforming på.
- Nytt byggeområde er innlagt på neset (BF2 i nytt planforslag).
- Veg 1 og veg 3 er blitt korta ned.
- Planen er utvida i sør for å få inn ei ny avkøyrsløp i planen. Veg 5 er ei forlenging av eksisterande veg. Eigedom 24/2 og eigedomane 24/62 og 24/71 er tatt inn i planen etter ønske frå kommunen.

Etter eit par møter og korrespondanse med Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Statens vegvesen i løpet av perioden 2011-2013 blei det utarbeida fleire forslag til løysingar i samband med arkeologifunna. Den siste skissa som blei presentert og som er grunnlaget i reguleringsforslaget inneheld justeringar som:

- 6-mannsbustaden innanfor BK på eksisterande kaiområde er trekt noko tilbake frå sjøen. Tilkomstvegen til området er korta ned og tilgjengelegheita forbi området (mot grøntstrukturområdet på neset) er betra med innlegging av gangveg.
- 2-mannsbustadane på neset er trekt tilbake mot vegnettet og har såleis sikra eit større friområde på neset.
- Vegen opp til neset er korta noko ned.
- Siste del av tilkomsten til leikeområdet vest for verneområdet er endra til gangveg.



Siste planskisse i dialog med involverte etatar.

2. Grunnlag og målsetjing for planarbeidet

2.1 Grunnlag

Det aktuelle planområdet inneheld varierte bruksområde i dag. I planområdet ligg det i dag eit nedlagd fiskemottak/røykeri. Inn til dette området er det opparbeidd ein grusveg. Det er eit område med dyrka mark i austre del og spreidd bustadbygnader i søraustre del. I tillegg er det naturområde i ein del av neset.

Planområdet omfattar i kommuneplanen frå 2004 areal avsett til bustadformål, industriformål og LNF-formål. Sidan kommuneplanen blei vedteken er industrien i området blitt avvikla og formålet er ikkje lenger aktuell for grunneigarane. Det er og etablert barneskule i Nærøymarka som påverkar bustadbygginga i området. Med bakgrunn i denne utviklinga gav kommunen grunneigarane klarsignal for oppstart av reguleringsarbeidet. I forslag til rullert kommuneplan er dei nye arealformåla innarbeidd.

Historikk av grunnlaget i prosessen:

I 2007 utvikla Solheim og Søvik AS, no ein del av Rambøll Norge AS, eit skisseprosjekt for industriområdet, der dagens bygningar er tenkt rive og to bustadbygg oppførde på tomta. Det vart halde førehandskonferanse med Herøy kommune med grunnlag i skisseprosjektet og prosjektet fekk positive signal frå kommuneadministrasjonen (med grunnlag i utviklinga i området nemnt over). Det kom fram krav frå kommunen om å regulere området i den vidare prosessen og legge opp til formålsendring i området rundt fiskemottaket frå industri (i kommuneplanen) til bustadformål.




Utdrag frå skisseprosjektet



Eksisterande bygnadsmasse

Det er ein føresetnad i utviklinga av bustadprosjektet at dei nedlagde industribygga rivast. Bygningane som er tenkt rive er ei eldre sjøbod med tilbygg frå varierte tidsepokar og eit nyare industribygg tilknytte den eldre bygningsmassa som ikkje er i god stand. Frå eigarane si side er det heller ikkje ønskje om å drive næringsverksemd i bygningane.

Grunneigarane ønska og eit større område av eigedomane dei eig med i reguleringsarbeidet for å utvikle utbygginga i området i ein heilskap. Det vart difor fremja søknad om oppstart av planarbeid på eit større område av 24/2 for å legge til rette også for småhusbustader.



Ønska plangrense i søknad om oppstart til kommunen.

I oppstartsvedtaket ønska kommunen at reguleringsplanen tok med heile neset og sjøarealet for å få ein heilskapleg plan. Planforslaget har difor tilpassa seg denne avgrensinga. Etter oppstartsmeldinga blei det tatt ut eit område yttarst på Strømsneset etter innspel frå grunneigar og Herøy kommune (sjå merknad frå K. og F. Rogne).

Planarbeidet blei varsla 20.06.2008 og planutkast for politisk behandling og off. ettersyn blei oversendt Herøy kommune i mai 2009. Etter tilbakemelding frå kommunen måtte planarbeidet varslast på nytt i samsvar med ny plan- og bygningslov gjeldande etter 01. juli 2009, og ny varsling blei derfor sendt ut 17.12.2009. med 6 vekers høyringsfrist.

Planen for Herøy Byggsenter blei varsla oppstart i mai 2010. Etter utlegging til offentleg høyring i perioden 28. mars til 5. mai i 2010 ønska kommunen at det planane blei slått saman for å kunne sjå på området heilheitleg i den vidare prosessen.




Avgrensing av reguleringsplan for Herøy Byggsenter

Innhaldet i planen har vi vurdert til å ikkje ha større påverknad for miljø og samfunn (jf. Pbl. §4-1,2 og 3). Vi har etter samråd med Møre og Romsdal Fylkeskommune og Herøy kommune omtala enkelte tema meir utvida i planomtalen.

2.2 Overordna planer


I gjeldande kommuneplan frå 2004 er området sett av til bustadformål, industriformål og LNF-formål.



Utsnitt av arealplan på ortofoto.

Gjeldande reguleringsplanar

Området er ikkje tidlegare regulert. Aust for området er det eit regulert område vist i utsnittet under.



Tilstøytande reguleringsplan mot aust

2.3 Målsetjing

Målsetjinga med reguleringsarbeidet både for Volfram og for Herøy Byggsenter er å legge til rette for frittliggande og konsentrert bustadbygging innanfor planområdet. Det er og ønskje om å legge til rette for eit småbåtmiljø i samband med bustadbygginga. Det vil bli regulert inn fortau langs den gamle fylkesvegen i sørvest etter oppmoding frå kommunen.

Det er ei målsetjing for Volfram å utvikle industriområdet med dei eksisterande

industribygningane, som ikkje er i bruk, til eit anna formål. Dei nedlagde industribygga er planlagd rive. Ei vidare utvikling av bustadplanane forutset at all bygnadsmasse på industritomta rivast. Området som disse bygningane står på har tidlegare hatt stor aktivitet, men i dag er anlegget ikkje i bruk og området står fram ikkje særleg positivt i forhold til nærmiljøet.



Industritomta i dag

Nærøy ligg som ei halvøy ut i Leinevika, er idyllisk og har ein attraktiv bulokalitet. Både sør og vest for planområdet ligg det i dag bustader og ved å utvikle til bustadføremål innanfor det regulerte området vil Nærøy stå fram som eit heilskapleg bustadområde.




Dei eksisterande bygningane på industritomta til Volfram AS.

3. Prosessen i planarbeidet

Begge planforslaga har lagt ute til offentlig høyring. Dei har begge hatt ei skisseperiode med utprøving av forslag, både i samband med utnyttinga av industriområdet og områder for småhusbusetnad.

Det har vært dialog med andre grunneigarar innanfor begge områda som har kome med innspel og ein del av området (industriområde, haugen) blei utarbeida i 3d for ei betre visuell forklaring av utbygginga og for utprøving av forslag.

Det har vært utsendt orientering til grunneigarane undervegs i planarbeidet.



Planforslaget for Volfram utlagt til offentlig høyring



Planforslaget for Herøy Byggsenter utlagt til offentlig høyring



Planskisse av dei samla planendingane

I prosessen etter offentlig høyring har det vært utarbeidd forskjellige utkast til løysingar som har blitt presentert for dei involverte etatane. Planskissa som ligg til grunn for reguleringsforslaget er ei tilnærma løysing på dei problemstillingane som har kome fram i desse møta; både for arkeologiske funn, omsyn til grøntstruktur og avstand frå sjø.




Tidleg skisse av området til Volfram


I planforslaget er det lagt opp til ein variasjon av bustadstyper tilpassa områda dei er lagt i. Småhusbustader er stort sett tilpassa inn i dei eksisterande bustadområda og dei konsentrerte busetnadstypene ligg innanfor området som i dag er opparbeida som industriområde og har større bygningsvolum.

Etter ønske frå oppdragsgjevar blei det lagt til rette for småhusbustader på neset/haugen. Desse vil kome utanfor ei bevaringsone rundt fornminnet. Bustadane på

neset/haugen er lite dominerande med ei hovudetasje og er tenkt plasserte i bakkant av høgdedraget på haugen etter dialog med arkeolog og avgrensning til fornminne. Det er lagt inn i føringar om å oppretthalde randsoner av tomtene med den eksisterande vegetasjonen for å minske inngrepa.



Eksisterande situasjon med bygningsmasse langs sjøfronten sett frå nordvest



Skisse av mogleg planløsning i leilegheitsbygga

Sjøfronten ut mot Leinevika vil liggje med den naturlege strandsona urøyrd i planforslaget. Nye inngrep i sjøfronten vil bli lagt til dei områda som i dag er opparbeida som kai eller med murar. På den opparbeidde industritomta vil det bli oppført nye bygg der terrenget er planert og der dagens bygningsmasse står.


Plan for Herøy Byggsenter blei innlemma i planen og følgjer den same tilpassinga til omgjevnaane som i Volframs plan. Det er arbeid med ein heilskapleg tilpassing mellom nye og eksisterande bygningar.



Tilpassing av forslag til eksisterande og framtidig bebyggelse i Herøy Byggsenter sin plan.

4. Planområdet

4.1 Lokalisering og avgrensing



Kart over ein del av Herøy kommune med Nærøy markert.

Planområdet

Planområdet er totalt omlag 49 dekar stort, og ligg i Leinøy aust for Fosnavåg sentrum. Plangrensa går i sjø mot nord, i eigedomsgrenser mot aust, sør og vest. Del av grense mot vest går i vegkant til eksisterande veg.




Flyfoto over Nærøy med plangrense for Volframs plan og Herøy Byggsenter sin plan.

Vegetasjon/landskap


Området har eit variert vegetasjonsbilde som er vist i skissa under. Delar av området er kulturlandskap, tilgrodd i enkelte parti (gult), skogsområde; planta gran, lauv-/nøttetreskog (grønt) og hageareal (brunt).

Dyrkamarka ligg i dag unytta og gardbruket er ikkje i drift.

Landskapstrekka er kuperte med høgdedrag i sørlege del av halvøya og nokre haugar. Terrengefallet hellar svakt mot nord og vest og brattare mot aust. Industriareala er planerte og har store flater i asfalt og betong. På begge sider av vika i nordlege del av planområdet er det bygd opp kaier i naturstein i tidlegare tider. Desse gir ei innramming av vika. Botnen i vika har gjørmegrund i innarste del.



Vegetasjonen på og omkring planområdet. Grønt er skog, gult er mark/lyng og brunt er hageareal



Utdrag frå landskapsvurderingar i Herøy Byggsenter sin plan: Grønt er skog, gult er overflatedyrka jord, oransje er fylldyrka jord og grå er open fastmark.



Frå planområdet, eigedom gnr/bnr 24/83

Infrastruktur

Det er private avlaupsleidingar som ligg i vika og ut i sjø. Det er aktuelt med eit samarbeid mellom utbygger og kommunen med omsyn til leidningsnett og avlaupsløysingar.

Vegnettet er i dag asfalterte vegar med grusa vegar inn til bustadane. Vegnettet knyt seg til fylkesvegen i sørlege del av halvøya. Tidlegare gjekk vegen vidare over holmane vestover, men dette sambandet er i dag brote og samlevegen inn i området sluttar nær sjølinja rett vest for planområdet. I dag ligg det spor etter gamle brukar på holmane.

Den interne vegen til røykeriet er planlagt forlenga i reguleringsplanen til Volfram og området er tenkt tilknytta denne frå nord.

Det er ikkje gang- eller sykkelvegar i området i dag.

5. Omtale av planen - Planforslaget

5.1 Oversikt over reguleringsformål

Planområdet har et totalt areal på om lag 49 dekar. Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsformåla slik tabellen under viser.

Reguleringsformål	Plannemning	Areal, totalt
Bustadformål, frittliggende småhus	BF1 - BF6	11,2 daa
Bustadformål, konsentrert småhus	BK 1 - BK2	4,0 daa
Bustadblokker	BB1 - BB2	1,2 daa
Grønststruktur		14,6 daa
Turveg		0,05 daa
Leikeareal for born	Leik1 - Leik3	1,1 daa
Småbåthamn (sjø)	Småbåthamn	2,2 daa
Småbåtanlegg (land)		0,3 daa
Friluftsområde i sjø		9,7 daa
Kai	Kai	0,5 daa
Bevaring av kulturminne	H730_1, H730_2	5,3 daa
Område for energianlegg (Trafo)	T	0,04 daa
Parkeringsplass	P	0,04 daa
Gangveg/gangareal/fortau	GS	0,7 daa
Annan veggrunn - grøntareal		1,0 daa
Veg	Veg	2,0 daa

Endring av formålskoding i revidert plankart:

Koding i plan utlagt til off. høring: Koding i revidert planforslag:

BK1	BF1
BB	BB1, BB2
BF1	BF3
BF3	BF4, BF5, BF6
FL1	Leik 1
F2, F3, F4	Grønststruktur
K	T (Trafo)


5.2 Bustadområde


5.2.1. Utnyttingsgrad

Maksimal utnyttingsgrad (BYA) for bustadområda vil seie kor stor prosent av kvar tomt som kan bebyggast og er sett på plankartet for kvart område. Maksimal utnyttingsgrad er påført plankartet for kvart bustadområde. Tomteutnyttinga vert utrekna etter Miljøverndepartementets *Rettleiar for utnytting T- 1459 (sjå illustrasjonar under)*. Tomteutnyttinga er vist med prosent bebygd areal, BYA, og er vist på plankartet.

Bebygd areal vert rekna etter § 3-4. og er summen av areal til:


- Bygget
- Overbygde opne areal
- Naudsynt parkeringsareal
- Konstruksjonar som er meir enn 0,5 m over gjennomsnitt terrengnivå
- Utkruga bygningsdelar med fri høgde





Utkraga bygningsdelar reknast med bebygd areal når høgda til planert terreng er høgst 5,0 m

Bygningsdelar og konstruksjonar som ligger meir enn 0,5 m over planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt byggverket skal reknast med i bebygd areal.



Figurar henta frå T 1459

I bebygd areal medreknast:

- Det areal som bygningen opptek av terrenget.
- Ope overbygd areal.
- Utkraga bygningsdelar med fri høgde over terreng mindre enn 5 m.
- Konstruksjonar og bygningsdelar som stikk meir enn 0,5 m over terrenget sitt gjennomsnittsnivå rundt konstruksjonen/bygningsdelen skal medreknast i bebygd areal (BYA). Det er berre den del av konstruksjonen/bygningsdelen som stikk meir enn 0,5 m over terrengets gjennomsnittsnivå som medreknast. Slike konstruksjonar og bygningsdelar kan være terrasse, utvendig trapp, symjebasseng, plan delvis under terreng o.l.
- Parkeringsareal

I bebygd areal medreknast ikkje:

- Bygningsdelar som ikkje ligg høgare enn 0,5m over planert terreng sitt gjennomsnittsnivå, til dømes lyssjakt, utvendig trapp, terrasse, gardsplass over kjellaretasjar.
- Utspring /utkraga bygningsdelar inntil 1,0 m ut frå fasaden. Eksempel på slik bygningsdel kan vere takutstikk.

5.2.2. Område for bustader, frittliggjande småhus – BF

Område for frittliggjande småhusbygnad er merka frå BF1 til BF6 på plankartet. Områda kan byggast ut som tomannsbustadar eller frittliggjande einestader med tilhøyrande garasjar. Ved etablering av carport/garasje skal plassering visast på situasjonsplan som følgjer byggemelding av bustaden, sjølv om carporten/garasjen ikkje først opp samstundes med bustaden. Det er lagt opp til ei utbygging av volum som er tilpassa det eksisterande bygnadsmiljøet

med einebustader som ligg sør og delvis også aust for planområdet. Både form og materialbruk på nye bygningar skal tilpassast dei eksisterande bustadane slik at bygningsmiljøet kan framstå samla. Bustadane skal tilpassast mest mogleg det eksisterande terrenget for å unngå større inngrep og for at det landlege preget i området kan behaldast i desse områda.

Maksimal utnyttingsgrad (BYA) for desse bustadområda, dvs. kor stor prosentdel av kvar tomt som kan bebyggast, er sett til 30%, medrekna parkeringsplassar. Maksimal utnyttingsgrad er påført plankartet.

I tomteområde med skrått terreng er største møne- og gesimshøgde sett slik at det skal kunne førast opp hus med ein delvis nedgraven sokkeletasje i tillegg til hovudetasje og loft. På relativt flate tomter er største møne- og gesimshøgde sett slik at det skal kunne byggast hus på eitt plan, og med bustadrom på loftet.

Innanfor område BF4 ligg ei løe som er tenkt rive.



Området for frittliggande småhusbyggnader v/løa.

5.2.3. Område for bustader, konsentrerte småhus – BK

Område for konsentrert småhusbyggnad er merka som BK1 og BK2 på plankartet.

Innanfor områda er det tilrettelagd for firemannsbustadar og liknande med inntil 2 etasjar, og evt. loftsetasje som definert i plan- og bygningslova. Maksimal utnyttingsgrad (BYA) for dette bustadområdet er sett til 35%. Maksimal utnyttingsgrad er påført plankartet.

Det er lagt opp til ei utbygging av volum som er tilpassa den nye utbygginga med bustadblokker på industriområdet og til dels den frittliggande småhusbusetnaden på haugen slik at bygningsmiljøet kan stå fram mest mogleg samla.



Skissert løysing på eigedom 24/83

Byggemelding skal omfatte ein bindande situasjonsplan i målestokk 1:200 for kvart BK-område. Planen skal vise biloppstillingsplassar, tilkomst, felles parkeringsareal, garasje, område for eksisterande og framtidig vegetasjon, takvinkel, møneretning, etasjeantall, evt. støttemurer og drenering. Den skal også innehalde løysingar for terrengplanering som skal opparbeidast samtidig med utbygginga av det enkelte områdene, høgder på terreng og terrengbehandling. Det bør leggast vekt på å lage uteopphaldsareal av god kvalitet.

5.2.4. Område for bustadblokker - BB


Område for bustadblokker er merka som BB på plankartet. Dei to planlagde voluma skal romme ein parkeringsetasje på kaiplan og leilegheiter fordelt på fire etasjar der den øvste etasje er trekt inn frå fasadelivet.



Tidleg idèskisse over bustadblokkene med småbåthamna foran.


Skisseprosjektet visar blokkene der tre etasjar har leilegheiter med ein parkeringsetasje som ligg på kaiplan. Etter ei heilskapleg vurdering av prosjektet er det i tillegg lagt inn ei inntrekk toppetasje i reguleringsframlegget.

Det er tenkt ei småbåthamn i forkant av bustadblokkområdet der det er eit kaianlegg i dag. Dette vil oppretthalde det maritime miljøet som tidlegare var aktivt ved eigedomen og vil i tillegg vere ein positiv kvalitet for bebuarane og nærmiljøet. Sjølve kaiområdet er planlagt som areal med allmenn tilgjengelegheit.



Utkast til planløsning i bustadblokkenen (frå skisseprosjektet)

Maksimal utnyttingsgrad (BYA) for dette bustadområdet, dvs. kor stor prosentdel av tomta som kan bebyggast, er auka til 60% i det reviderte planframlegget. Bygningsmassen er den same som i forslag lagt ut til off. høyring, men tomtearealet er redusert. Maksimal utnyttingsgrad er påført plankartet.



Volumskisser av dei to planlagde bustadblokkene frå skisseprosjektet. I reguleringsplanen er det i tillegg lagt inn ei inntrekk toppetasje. Skisseprosjektet må bearbeidast vidare med formgjeving og uttrykk i den vidare prosessen.

5.2.5. Område for anlegg og drift tekniske anlegg -T

Området gjeld eksisterande trafo og ei eventuell flytting eller utviding av denne.

5.2.6. Småbåtanlegg - landdelen

Området gjeld landdel til småbåthamn foran eigedom 24/7 og strandsona skal bevarast slik den ligg i dag. Det kan leggest til rette for landfeste i samband med småbåthamna som skal utførast med minst mogleg inngrep i strandsona.

5.2.7. Leikeareal for born – Leik

Områda merka Leik1 – Leik3 er sett av til leik og opphald. Områda kan opparbeidast med beplantning, leikeapparat, benkar og liknande. Områda er lagt inne i og omkring dei ulike bustadområda for å sikre gode og tilgjengelege leikeområde. Tilkomsten til leikeareala skal vere universelt utforma og gje tilgjenge for alle.

Områda er satt av med ei utmåling på 25-35 m² pr. buening.

	Private arealer	Offentlig tilgjengelege arealer		
	Fellesarealer	Offentlig parkområde/ grendelekeplass	Store rekreasjons- arealer/parker	Grønne korridorer
Direktoratet for naturforvaltning Anbefalinger	50 m ² pr. bolig 25 m ² i konsentrert bebyggelse	5 daa (eller 2x 2.5 daa) maks 200 m fra boligen	Et grønt område hvor man kan gå en tur på ca. 2 km 500 m fra boligen	30 - 50 meters bredde maks 500 m. fra boligen
Husbanken, krav ved ekstra låneutmåling	50 m ² pr. bolig, 25 m ² i konsentrert bebyggelse	En ballplass for hver 200 bolig i nærområdet		
Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planleggingen		Nærområde 1.5 daa i 150 m fra bolig og grendelek 5 daa (eller 2x 2.5 daa) maks 200 m fra boligen		

Tabell henta frå Miljøverndepartementets rettleiar Fortetting med kvalitet T- 1267

5.3 Grøne område

Planen har eit ope og landleg preg i det nordlege området i dag, med tettare skog mellom bustadområda og på haugen innanfor området. Planen skil mellom følgjande grønne areal:

5.3.1. Grøntstruktur

Innanfor friområde merka Grøntstruktur på plankartet, ligg det yttarst på neset eit utfyllingsområde som er tenkt å ligge slik det ligg i dag. Det har tidlegare stått ei sjøbu på fyllinga som blåste ned i 1948. Vi ser det ikkje aktuelt med ny utbygging sidan området ligg ganske utilgjengeleg til, den er mest ei steinfylling og det er ikkje vegrett i dag til eigedomen.

Delar av området er område avsett til verneområde og skal ligge slik det ligg i dag.

5.3.2. Turveg

Området gjeld tilkomst frå o_veg 5 og til grønne områder og sjø. Det kan opparbeidast ein enkel tursti gjennom området.

5.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag

5.4.1. Friluftsområde i sjø og vassdrag

Område i sjø er satt av til offentlig friluftsføremål.

5.4.2. Småbåthamn

Langs det eksisterande kaianlegget ved industriområdet regulerast det til småbåthamn. Det er eit behov for båtplassar i området. Det er tenkt at bustadane innanfor planområdet skal få tilbod om båtplassar og dei kan leigast ut til andre brukarar.

Området er sett av til manøvreringsareal for småbåtar og utlegging av flytebyggjer. Småbåthamna ligg inntil eksisterande kaikant for røykeritomta og strandsona er tenkt bevart slik den ligg i dag. Det kan leggest til rette for landfeste for flytebrygger i samband med småbåthamna, men denne må utførast med minst mogleg inngrep i strandsona som i dag er svaberg.



Område for småbåthamn m/landdel

5.5 Samferdselsanlegg og annan teknisk infrastruktur

Vegnettet til bustadfeltet er knytt til eksisterande offentlig køyreveg. Krysset og køyrevegane er dimensjonert ut i frå Statens Vegvesen sin handbok 017.

5.5.1. Køyreveg

Det er regulert inn offentlege køyrevegar i planforslaget merka Veg 1, Veg 2, Veg 3, Veg 4 og Veg 5.

Veg 1 er eksisterande veg til røykeriet og går frå avkøyrsløp til den gamle fylkesvegen og er hovudvegen inn i området. Vegen følgjer dagens vegtrasè inn til industriområdet. Køyrebanebredde er regulert til 5,0 m.

Veg 2 går inn i bustadfeltet med konsentrert busetnad på kaia og har køyrebanebredde 4,0 m.

Veg 3 er vegen opp til haugen på neset og har køyrebanebredde 4,0 m.

Veg 4 er tilkomstveg til Herøy Byggsenter sin eigedom og har køyrebanebredde 5,0 m.

Veg 5 er vidareføring av eksisterande veg og har 4,0 m køyrebanebreidde.

Vegane har breiddeutviding i svingane. Køyrebana inn i bustadfeltet og resten av vegnettet har ei vegskulder på 0,25 m.

5.5.2. Gangveg/fortau

Det er regulert fortau langs hovudveg vest i planen som er ein del av vidare planlagt fortau fram til fylkesvegen. I tillegg er det regulert gangveggar inne i bustadområdet for tilkomst til leikeareal, friområde og kaianlegg.

5.5.3. Annan veggrunn

Annan veggrunn er satt av som grøfteareal. Grøftebreidde er sett til 1,2 m på kvar side av vegane.

5.5.4. Parkering – P

Det regulerast til 3 parkeringsplasser i tilknytning BK1.

5.5.5. Kai

Kaia rundt bustadblokkene skal hevast til kote +2,6 for å ta høgde for havnivåstigning. Området vert også oppgradert og set i betre stand og vil fungere som eit offentleg gjennomgangsområde langs sjøfronten til friområdet/neset og til småbåthamna.

5.6 Omsynssoner

5.6.1. Friområde/bandlegging etter lov om kulturminner – H730_1

Det er registrert ein steinalderbuplass av eit mogleg stort omfang. Denne er automatisk freda, og difor bandlagt etter lov om kulturminner. Området skal ligge slik det er i dag og det er ikkje tillate å gjere inngrep.

5.6.2. Friområde/bandlegging etter lov om kulturminner – H730_2

Området gjeld sone rundt fornminne merka H730_2 på plankartet. Området skal framstå slik dei ligg i dag og det er ikkje tillate å gjere inngrep.

5.6.3. Friområde/bandlegging etter lov om kulturminner – H570


Området gjeld sone rundt fornminne merka H730_1 på plankartet. Arkeolog har påpeika at det skal vere fri sikt til sjø frå kulturminnet.

5.7 Arkeologi

Det kom i merknad frå Møre og Romsdal Fylkeskommune krav om arkeologiske registreringar ettersom dei ser at området har potensiale for funn. Det har etter dette vært kontakt med arkeolog og tinga registreringsarbeid. Det blei utført registreringar i området i mai/juni 2009 og det vart påvist 4 lokalitetar i tillegg til kjent bauta/gravrøys. Resultatet frå registreringsarbeidet er omtalt i skriv av 07.09.2009 frå fylkesarkeolog og i

utarbeida rapport.

Områda med funn/lokalitetar er vist i utdrag frå Askeladden.no under. I det vidare planarbeidet etter registreringane har vi hatt dialog med arkeolog for å tilpasse funna mest mogleg i planen og i utbyggingstankane som grip inn i funnområda.



Funnområde innanfor planen (frå Askeladden.no)

Følgjande arkeologiske funn er registrert under undersøkingane av området:

Idnr. 141385 – Transgregert steinalderbuplass

Idnr. 141387 - Kokegrop

Idnr. 141384 - Steinalderbuplass

Idnr. 141386 – Dyrkningslag/åkerreine

Idnr. 143294 - Buplass

I tillegg er bauta/gravrøys på neset tidlegare registrert med idnr. 45874.

I planforslaget ligg funnområda merka som **RpBO-ID** + idnr.

Det er lagt ut eit verneområde (omsynssone H730) rundt idnr. 141384 og idnr. 141386 då dette er det området Fylkeskommunen sin arkeolog har signalisert er eit funn av ein kvalitet som dei ønsker å verne. Frå funnområdet og ned til sjøen er det lagt inn ei omsynssone H570 etter ønskje frå Fylkeskommunen.

Det er og lagt inn eit verneområde rundt bauta/gravrøys idnr. 45874 med ei avgrensing som i Askeladdens kartbase.


Dei andre funnområda (idnr. 141385, 143294) vil det bli søkt om dispensasjon frå kulturminnelova om. Desse områda er planlagt utbygde og det er i føresegnene lagt inn rekkefølgjekrav at før utbygging skal det gjennomførast arkeologiske undersøkingar av dei automatisk freda kultuminna.

Idnr 141387 meiner vi frå tidlegare korresponanse med arkeolog ligg lenger nordaust og utanfor byggeområda og treng ikkje søkjast dispensasjon om.

5.7.1. Arkeologiske funnområde i planen

Bauta/gravrøys: Denne er tidlegare freda av (idnr. 45874 i Askeladden). Gravrøysa er sterkt rasert, kun botn og nordøstre kant igjen.

Området rundt bauta/gravrøys vil ikkje bli påverka av planlagd utbygging i området.



Freda kulturminne på Nærø


Planforslag for bauta/gravrøys: I planforslaget er det lagt omsynssone rundt bauta/gravrøys etter avgrensing vist i Askeladden. Grunna gravrøysa er sterkt rasert er det ikkje lagt ytterlegare omsynssone rundt denne. På grunn av at planen ikkje rører ved lokaliteten i samband med utbygging og formålet ligg i eit offentleg grøntområde er det ikkje lagt ytterlegare omsynssone rundt lokaliteten.




Utsnitt av plan med omsynssone rundt bauta.

Idnr. 141384: Dette funnet er ein steinalderbuplass av mogleg stort omfang og er i flg. arkeologens merknader karakteristisk for områda ved Straumen. Tilstanden på lokaliteten er noko prega av dyrking.

Idnr. 141386: denne er eit fossilt dyrkningslag inkludert ei åkerrein. Desse er i flg. Arkeolog relativt hyppig førekomande. Funnområda er delvis overlappende og arkeolog ønsker eit samle verneområde for desse lokalitetane.




Kartnotat frå arkeolog.
Lokalitet 1/Idnr. 141384: steinalderbuplass
Lokalitet 3/Idnr. 141386: Fossilt dyrkningslag




Utsnitt av planforslaget med omsynssone og avgrensing for idnr. 141384 og 141386

Planforslag for idnr. 151384/141386: I planforslaget er området bandlagt etter kulturminnelova. Det er lagt ei sikringszone på 5 meter rundt området etter avgrensing vist i Askeladden.no.

Idnr. 143294: Dette funnet er ein mindre buplass som truleg er frå midten av eldre steinalder. I flg. arkeologens omtale fins det ei rekke av slike lokalitetar på Sunnmørsøyane der havet har gått over den og ned igjen. Denne type lokalitet har avgrensa informasjon då den har blitt prega av vatnet og av den grunn har arkeolog ikkje lagt fram framlegg om omsynssone for denne lokaliteten.



Idnr. 143294: buplass




Utsnitt av planforslag for idnr. 143294.

Planforslag for idnr. 143294: Dette funnet ligg i eit område som vi har lagt ut til vegføring fram til bustadområdet i søraustlige del. Området er smalt og pga. lav høgde over sjø er det ikkje mogleg å få vegtilkomst over dette området utan å krysse over lokalitet 2. Sidan arkeolog ikkje finn grunn til å legge lokaliteten ut som omsynssone ser vi det som lite problematisk å få frigjeve funnet for å få fram ei vegføring.

Idnr. 141387: Dette er ei kokegrop som ikkje er tidsavgrensa i følge opplysningar frå arkeolog. Dette funnområdet meiner vi ikkje vil kome i konflikt med utbyggingsplanane i planforslaget då det er gitt opplysningar om frå arkeolog at den ligg lenger nordaust (i grøntområdet) enn det som er avmerka i Askeladden.no sin kartbase.

Dersom det viser seg at innlagd posisjon i Askeladden kartbase er riktig vil det bli søkt om frigjeving av dette funnet saman med idnr. 141385 som det ligg like inntil.



Utsnitt frå resutat frå arkeologisk registrering med lokalisering av kokegropa, idnr. 141387.



Lokalisering av idnr. 141387 i Askeladden kartbase.

6. Vurdering av verknader av planforslaget

6.1 Oppsummering av de viktigaste verknadane av planforslaget

Planens verknader på miljø og samfunn er ikkje større en det som kan ventast for utviding av eit bustadområde.

- Bustadbygging: samfunnsmessige konsekvensar
- Visuelle verknader, landskap: Området vil med en vidare utbygging få ein liten endring i det totale landskapsbildet. Tidlegare røykeribygging vil bli erstatta av ny bebyggelse som blir synleg frå avstand/sjø og vil gi ein meir positiv landskapsverknad til omgjevnadane.
- Friluftsliv: utbygginga vil kunne ha ein mindre konsekvens form bruk av friluftsområde rundt og i planområdet. For gåande og brukarane av dei grønne

- områda vil det bli ein betre tilkomst til grøntarealet på neset.
- Utbygginga vil føre til mindre tap av jordbruksareal. Dyrkamarka ligg i dag unytta og gardbruket er ikkje i drift.
- Anleggs- og driftsfasen vil føre til økt trafikk til og fra bustadområdet.
- Bustadområdet fører til en mindre auke i trafikken på den gamle fylkesvegen.
- Området vil ikkje tilføre nærmiljøet meir støy enn det som er normalt for et bustadområde.

6.2 Tema - i forhold til vedlegg III i KU-forskrifta:

6.2.1. Bustadbygging

Det er eit aukande behov for bustader i Herøy. Sentrumsområdet er tettbygd og har utvida seg sør-austover. Skule og idrettsområde ligg no i mellom sentrum og Nærøya og bustadområda utviklar seg i retning aust for sentrum. Kommunen har eit stort omfang av holmar og nes som er dei naturlege områda å bygge vidare på.

Leinøya har kvalitetar som gjer området attraktivt å bu i. Nærleiken til ny barneskule, kort avstand til industriområde/arbeidsplassar, sentrumsområde og idrettsområde mm er kvalitetar som er vektlagt. Det er derfor valt å utvikle området vidare med fleire bustader. Nærleik til sjø er vesentleg for trivselen i Herøy. Sjøen er i aktiv bruk til båtliv, fising, rekreasjon m.m. og folk bur nær sjøen i heile kommunen. Bustadbygginga har lange tradisjonar for nær tilknytning til sjø, både for utsikt og i fysisk avstand og Nærøya ligg midt i eit aktivt område for båtliv.

Industriformålet på Nærøy er det ikkje behov for lenger då tida har endra seg for bruk og lokalisering. Det er naturleg at bustadbygginga tar seg opp i dette attraktive buområdet. Dei tomme industribygga trekk ned kvaliteten på bumiljøet og vil i tida framover forfalle ytterlegare med dei farar og ulemper det vil utgjere for nærmiljøet.

Det er i samråd med kommunen derfor planar om å styrke bumiljøet på Nærøy. Planen legg opp til 40-50 bueiningar som vil bli utbygd i etappar. Det er lagt opp til eit variert butilbod med leilegheiter, 4-mannsbustader, tomannsbustader og einebustader. Dette er tilpassa det eksisterande bumiljøet, med dei konsentrerte bustadane nærmast kaiområdet der det ligg dei største bygningane i dag. Utbygginga av bustader vil skje etappevis.

Negative verknader under utbygginga er gradvis trafikalk auke og noko nedbygging av grøne områder/tidlegare jordbruksareal.

Positive verknader er av kvalitet på bumiljø med erstatting av utdaterte bygg på industriområdet, eit allment tilgjengeleg kaiområde/sjøfront, småbåthamntilbod, leikeplassar (som det er mangel på i nærmiljøet i dag) og betra gangforhold langs den gamle fylkesvegen. Framtidige planar for krysset (nyleg utarbeidd reguleringsplan) vil gje området generelt eit tryggare trafikkmiljø.

Skulen har kapasitet til auka bustadutbygging så auka i antal born vil vere ei positiv utvikling for skulen.

6.2.2. Forureining

Området vil ikkje forureine meir enn normalt for eit bustadområde og utbygginga vil knyttast til kommunalt vatn- og avlaupsnett. Tekniske føringar vil hovudsakleg gå i vegar.

Under anleggsfasa vil det bli utarbeida ein beredskapsplan for å redusere konsekvensane av evt. uhell, lekkasjar eller søl.

6.2.3. Transportbehov, energiforbruk og energiløysningar

Veger er hovudsakleg oppgradering og vidareføring av eksisterande vegar i planområdet. Nye veglinjer blir mest mogleg tilpassa terrenget og planlagt i samsvar med kommunale standarder.

Det må påreknast noko auke i trafikk fram til fylkesvegen.

Kollektivtilbod: Dagens busstopp er planlagt forbetra ved kryss til fylkesvegen med fortau fram til busstopp.

Det er kort gangavstand til grunnskole.

Energibehov – energiforbruk: Det vil bli oppretta ein ny trafo innanfor planområdet på same område som dagens trafo er plassert. Energikrav i bustader vil følgje gjeldande forskrifter.

6.2.4. Kulturminner og kulturmiljø

Det er eit kjend automatisk freda kulturminne i området (bauta). I tillegg er det under registreringsarbeidet gjort ytterlegare funn. Sjå pkt. 5.6 Arkeologi.

6.2.5. Naturens mangfald

Området har nærleik til grøntområder og sjø. Turstier til neset vil bli bevart eller lagt om og blir ivaretatt på ein skikkeleg måte der tilkomsten er viktig. Det blir betra tilkomst til neset med tilrettelegging av veg 3.

Vegetasjonen på neset blir ikkje vesentleg rørt av utbygginga.

Områder for utbygging vil stort sett ligge innanfor område som ikkje har vesentlege naturverdiar; industriområdet, gjengrodd dyrkamark og mellom eksisterande bustader. Det vil bli oppretthalde fri tilkomst langs strandsona.

6.2.6. Landskap

Endringar frå ubebygd område til bustadområde vil medføre nokre landskapsendringar. Karakteren i terrenget vil bli bevart og eksisterande vegetasjon vil bli oppretthalde i grønstrukturuområda. Tilpassing av bustadtomter til landskap og spesielt til skogsområdet på neset nord i planområdet.

Vegar som blir forlenga og nye vegar blir mest mogleg tilpassa terrenget for å unngå inngrep.

6.2.7. Sikring av jordressursar

Det er eit tidlegare landbruksområde innanfor planområdet. Bruket er ikkje lenger i drift.

6.2.8. Kriminalitetsførebygging

Avbøtande tiltak sjåast ikkje som nødvendig i bustadområdet som ikkje ligg sentrumsnært.

6.2.9. Befolkninga si helse og helsa si fordeling i befolkninga

Vurdert som ikkje relevant.

6.2.10. Tilgjengelegheit til uteområde og gang- og sykkelvegnett

Det er god tilgjengelegheit til uteområde, med nokre få gang- og sykkelvegar i og rundt planområdet. Det er kort gangavstand til skuleområde.

Uteområde rundt bustader blir planlagt med tanke på gode sol- og vindforhold og felles uteområde blir tilrettelagt sentralt i bustadområdet.

Tilgjengelegheita innanfor planområdet og tilknytning til nærområde har samanhengande forbindelsar. Det leggast vekt på å behalde det eksisterande stisystemet innanfor delar av neset.

6.2.11. Beredskap og ulykkesrisiko

ROS-analyse avdekkar om planen vil medføre endringar av risiko for menneske eller omgjevnader, og kor vidt desse endringane er akseptable eller ikkje.

For å avdekke endringar av risiko er det nytta ei omfattande sjekklisse, sjå vedlegg. Forhold som er aktuelle i dette området og for dette tiltaket er merka av i sjekklissa. Desse er handtert vidare under.

6.2.12. Risiko ved havstigning

Det vil i enkelte byggeområder bli auka høgder på uteområder. Sjå pkt. 8.1.1 Havnivåstigning.

6.2.13. Barn og unges oppvekstvilkår

Det er tatt omsyn til tiltakets innverknad som særskilt rører ved barn og unge etter RPR for barn og unges interesser. Dette gjeld skuleveg/gangliner, trafikkisikkerheit, leikeareal og nærområde med tilkomst til friområde.

Opphaldsareal, gangvegar og generell sikkerheit mot konflikt med kjøretøy er tatt omsyn til.

6.2.14. Arkitektonisk og estetisk utforming

Det vil bli lagt vekt på så langt som mogleg å gje føringar for at området får ein heilheitleg arkitektonisk og ei god estetisk utforming. Dette styrast vidare gjennom den enkelte byggesak.

6.2.15. Vesentlig påverknad av konkurranseforhold

Bustadområde: Mindre betyding i konkurranseforhold.

6.3 Avveging av verknader – avbøtande tiltak

Aktuelle avbøtande tiltak kan være tiltak som det tas omsyn til på plankartet, i føresegnene, eller som det enten ikkje tas omsyn til i forslaget eller ligg utanfor planområdet og som derfor står som anbefalingar.

Nedanfor listast forslag til avbøtande tiltak opp:

Landskap:

- Større skjeringar og fyllingar langs veg utformast med omsyn til landskapet og med ev. mur for å minske inngrep i terreng. Skjeringar revevegetast.
- Gje føringar for at bebyggelsen får ein god, heilheitleg arkitektonisk utforming og material- og fargebruk (vidareførast i byggesaker).

Naturmiljø:

- Unngå å starte anleggsarbeidet i mars-juni etter at fuglen har kome i gang med etablering av reir og sett i gang hekking. Alternativt bør det settast i verk skremmetiltak i god tid før hekking.

Nærmiljø og friluftsliv:

- Legge til rette for god tilgang til friluftsområder.

Forureining i anleggsfasen:

- Det skal utarbeidast ein beredskapsplan for å redusere konsekvensane av evt. uhell, lekkasjar eller søl.

7. Uttalar og merknader

7.1 Frå varsel om oppstart i 2008 – Reguleringsplan for Volfram

Frå offentlege instansar:

Møre og Romsdal fylke, v/ Idar Mølsæter og Jon Ivar Eikeland, brev av 02.07.2008

Dei melder fråsegn ved varsel om oppstart med grunnlag i at det ligg eit automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Dette er ei gravrøys med ein velta bauta. Dei ber om at dette må regulerast til spesialområde vern med ei sikringssone på 50 m og at dei krev ei arkeologisk registrering jfr. kulturminnelova § 9 og 10.

Dei ber om at dei delane av urøyrd strandsone blir tatt vare på i planen og at bustader leggjast så langt unna strandlina at ein unngår privatisering.

Dei ber om at barnerepresentanten i kommunen kontaktast for innspel samt at ein får på plass gang- og sykkelveggar inn og ut av området som koplar seg til eksisterande gang- og sykkelveggar.

Planen må ta omsyn til universell utforming og at det vert kartlagt ev. samfunnstryggleiksutfordringar i planområdet.

Vurdering:

Det er oppretta kontakt med arkeolog og det er bestilt arkeologisk registrering. Denne hadde dei ikkje kapasitet til å få tatt før vinteren, men vil bli tatt når dei startar igjen til våren.

I planframlegget er det lagt fram et forslag om å redusere sikringssona mot søraust til ca 20 m og mot nordaust til ca 35-40 m for oppdragsgjevar ønskjer å bygge bustader på haugen (sjå vurdering i pkt. 4.7).

Strandlina som i dag ligg urøyrd blir i stor del liggjande slik i planframlegget. Innanfor småbåthamna i nord vil landdelen PSL2 måtte opparbeidast. Det er i dag spor etter ein tidlegare oppbygd kant langs denne sida av vika. Det er lagt føringar om at avslutning mot sjø skal utbyggast i stein eller tre for å få eit resultat som kan virke i samheng med dei andre utbygde steinkaiene i vika gjennom føresegnene. Det er og lagt inn at landdelen skal følgje dei naturlege terrengkotene mot haugen for å minske inngrepet mot haugen.

Det er ikkje lagt inn gang- og sykkelveggar i planframlegget då desse vil verte opparbeida utanfor planområdet.

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum v/ Elling Utvik Wammer, brev av 22.07.2008

Dei kjenner ikkje til marine kulturminner i området. Dei meiner ut frå flyfoto å sjå murane av eit eldre sjøhus like øst for området si avgrensing.

Dei ber om å få reguleringsplanen oversendt når den er utarbeidd for å vurdere behovet for marinarkeologiske registreringar. Dei ser det som mindre aktuelt å krevje registreringar, men ønskjer å sjå planframlegget før dei avgjer dette.

Vurdering:

Dei vil få planen oversendt til uttale når den leggst ut til offentlig ettersyn.

Statens Vegvesen, Region Midt v/ Håvard Parr Dimmen, brev av 18.08.2008
 Dei har ingen merknader til oppstartsmeldinga.

Frå private:

Kjell Nærø, brev av 14.07.2008

Han viser til skylddeling av 29. September 1932 for bruk gnr 24/12 og til rettigheter som han har over bruk 24/2. Stier, grøfter og veger m. m. som hovudbruket bruker. Skylddelinga er ikkje tinglyst.

Vurdering:

Merknaden er tatt til følgje.

Njardar As v/Jan Nærø, brev av 17.06.2008

Dei vil orientere om at gnr 24/11 og 24/53 v/Njardar AS har tinglyste rettar til vegar, stier og grøfter over gnr 24/2.

Vurdering:

Merknaden er tatt til følgje.

Kjell Ove Rogne og Frank Rogne, brev av 22.07.2008

Dei opplyser om at dei er nye eigarar av gnr 24/7 og har planar for utvikling av denne eigedomen til bustad og fritidsområde. Dei legg ved ei grovskisse av ønskja for sin eigedom.

Dei er positive til at naboeigedomen blir regulert og fornya. Dei viser til avklaring med kommunen om at området yttarst på Strømsneset ikkje skal inngå i reguleringsplanen.

Dei viser og til at eigedomsgrensene mellom gnr 24/7 og 24/44 ikkje er akseptert av Volfram AS og meiner at dette må avklarast først.

Vurdering:

Området yttarst på Strømsneset er i samråd med administrasjonen i Herøy kommune tatt ut av planen.

Det er tatt omsyn til nokre av ønskja om utvikling av området i planframlegget. Det er lagt til rette for ei bustadtomt og lagt inn småbåtanlegg.

Forslaget som ligg i reguleringsforslaget for eigedom 24/7 (grensene i grunnkartet) er lagt fram etter ei heilskapleg vurdering frå Rambøll om kva som kan vere den beste løysinga for dette området (omtalt i pkt. 2.4.). Forslaget om naust på denne eigedomen meiner vi ikkje er riktig å arbeide vidare med. Sjølinja langs eigedomen er berg både eit stykke på land og ut i sjø og nausttilpassing med båtstøer, ev. slipp, vil gje eit stort terrenginngrep i denne naturlege berglinja. Vi meiner det er meir naturleg å legge til rette for småbåtar mot det eksisterande kaianlegget i industriområdet der det er allereie er tilpassa for båtar.

Det har kome fram ueinigheit om eigedomsgrensa mellom eigarar av bnr/gnr 24/7 og 24/44 innanfor planområdet. Dette er under handsaming i Jordskifteretten. Kommunen har gitt signal om at reguleringsprosessen kan gå parallelt med avklaringa i

jordskifteretten.
Grensetvisten er no avklart.



Sjøfront på eigedom 24/7

7.2 Innspel etter orienteringsrunde til grunneigarar i april 2009 – Reguleringsplan for Volfram:

Johann Woldsund, Hanna Marie Kvalsvik og Nils-Jacob Elsebø, e-post av 17.01.2010
Dei påpeikar at eigedomen deira (24/8) har vore brukt som fiskebruk sidan 1915 og at det har vært eit sjøhus på eigedomen. Dei kan ikkje sjå at det er grunn til å regulere dette til friområde. Dei er ikkje interessert i å miste verdien i eigedomen og om så skal skje ber dei om at utbyggar kjøper eigedomen.

Vurdering:

Området er i planforslaget tenkt å ligge slik det ligg i dag. I kommuneplanen ligg området som LNF-område og det er ikkje regulert.

Det har tidlegare stått ei sjøbu på fyllinga som blåste ned i 1948. Vi ser det ikkje aktuelt med ny utbygging sidan området ligg ganske utilgjengeleg til, den er mest ei steinfylling og det er ikkje vegrett i dag til eigedomen. Utbyggar har ikkje interesse av å kjøpe eigedomen med grunnlag i desse vurderingane.

Kjell Ove Rogne og Frank Rogne, brev av 28.04.2008 m/vedlegg (skisse)

Dei har andre planer for området som dei eig vest for røykeriet og dei legg ved ei grovskisse av ønskja for sin eigedom.

Dei ber om at plangrensa vert justert inn mot dei to bustadtomtene dei eig utanfor planområdet (området på Strømsneset som blei tatt ut av planområdet).

Dei ønskjer også å vite kven småbåtanlegg 1 m/tilkomst tilhøyrrer etter grensetvisten med Volfram AS er avklara.

Dei godtar ikkje at området deira ikkje kan brukast til naust og slipp.

Dei vil også ha avklart med jordskifteretten eigarforholda før reguleringsprosessen går vidare.

Dei vil ikkje godta at nye bygg blir høgare og meir dominerande enn eksisterande bygg og viser til at det er mest einebustader i området og at området bør bestå av mindre bygningar og ikkje blokker.

Dei meiner det må byggast ein gang- og sykkelveg sidan det blir auking av bebuarar i området.

Vurdering:

Grensetvisten er avklara og Kjell Ove og Frank Rogne er eigarar av gnr./bnr. 24/7. Vi

viser elles til vurderingar av utnytting av området under merknad frå 2008. Det har vært dialog med Kjell Ove Rogne under utarbeiding av det siste planforslaget og ønska som vi har blitt einige om er innarbeida i plankart og føresegner. Småbåtanlegget (landdelen) er lagt delvis inn på Volfram sin eigedom og småbåthamna vil bli eit felleseige mellom Rogne og Volfram. Merknaden om størrelse på nye bygg meiner vi at vi har tatt omsyn til i skisseprosjektet. Dei bygga som vil erstatte røykeribygningane vil gje ein positiv verknad på det eksisterande bustadmiljøet og ei kvalitetsauking av bustadmiljøet med opparbeida tilgjengelege utomhusområde og sjøfront. Det er ikkje opparbeida eit gang- og sykkelvegnett utanfor planområdet og vi ser ikkje dette som ein del av planen.

7.3 Nytt varsel om oppstart i 2009 etter ny pbl – Reguleringsplan for Volfram

Frå offentlege instansar:

Tussa v/Norleif Nordal, brev av 23.12.2009

Dei har ingen merknader til oppstartsmeldinga. Dei gjer merksam på at det ligger en nettstasjon innanfor området.

Vurdering:

Merknaden er tatt til følgje.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Landbrukskontor for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid v/Terje Kolstad, brev av 21.12.2009

Dei har ingen merknader til oppstartsmeldinga. Men dei opplyser at det må takas omsyn til nærliggande kulturminne.

Vurdering:

Merknaden er tatt til følgje.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Idar Mølsæter og Jon Iver Eikeland, brev av 28.01.2010

Dei er einige i at reguleringa berre i liten grad er i strid med kommuneplanen som er grovmaske for dette området og at planen ikkje vil utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Dei påpeikar at ein må ta vare på den urørde delane av strandsona og trekke bustadane så langt unna sjøen for å unngå privatisering.

Barnerepresentanten må få gje innspel i planarbeidet og det må vurderast risiko- og sårbarheitstilhøve som har verknad for om arealet er eigna til utbyggingsformål.

Statens vegvesen v/Kjetill Kjersem, Steinar Pettersen, brev av 27.01.2010

Dei har ingen merknader til oppstartsmeldinga.

Møre og Romsdal fylkeskommune v/ Johnny Loen og Anders Smith-Øverland, brev av 02.02.2010

Dei melder fråsegn ved varsel om oppstart med grunnlag i at utbyggingsformål er i konflikt med freda kulturminne innanfor planområdet og viser til registreringsresultat etter arkeologiske registreringar og ei gravrøys med ein liggande bauta.

Dei saknar grunnlaget for kommunens vurdering av konsekvensar for miljø og samfunn og minnar om vurdering av behov for konsekvensutgreiing etter forskrift FOR 2009-06-26 nr 855. Dersom det ikkje føreligg krav rår dei til at aktuelle tema blir behandla i ein utvida planomtale. Dei viser elles til fråsegn ved førre melding om oppstart i 2008.

Vurdering:

Område rundt freda bauta er diskutert med arkeolog og utbyggingsområda vil bli tilpassa sikringszone rundt denne. Det er påvist 4 andre funn utanom freda bauta. Registrert kokegrop på neset vil ligge innanfor omsynssone, mens funn innanfor 2 andre områder ønskjer utbygger at det blir søkt om frigjeving av.

Det er etter vår meining ikkje grunnlag til å krevje ei konsekvensutgreiing etter forskrift FOR 2009-06-26 nr 855 då planen har få konsekvensar for miljø og samfunn. Dei temaene som treng utvida utgreiing, som arkeologi og hamn, har vi etter dialog med fylkeskommunen omtala særskilt i ein utvida planomtale.

Det er ein mindre del av utbyggingsområde BF2 som ligg utanfor område avsett til bustader i kommuneplanen, men dette blir utreda godt i planomtalen. Dette gjeld også kultur- og naturmiljøområder. Vi har hatt ein tett dialog med arkeolog og planen vil bli tilpassa mest mogleg løysingar som hindrar inngrep i kulturminner. Ang. naturmiljø vil den urørte strandsona bli behaldt slik den ligg i dag og inngrep i landskap der dette er naudsynt vil bli utført på ein skånsam måte med tilbakeføring av stadeigen vegetasjon og ved bruk av natursteinsmurar. Dette blir utfyllande skildra i planomtalen.

Frå private:Herøy Byggsenter AS v/Jan-Arild Gjersbakk, e-post av 08.01.2010

Som eigar av gnr 24, bnr 83 har dei planer om oppføring av einebustader og 2-mannsbustad. Dei ønskjer med dette at området deira blir tatt med i pågåande reguleringsplan.

Vurdering:

Det må vurderast nærare av kommunen om det er mogleg å ta med dette området, men vi trur at dette er lite sannsynleg med tanke på prosessen planen har vært igjennom.

Johann Woldsund, Hanna Marie Kvalsvik og Nils-Jacob Elsebø, e-post av 17.01.2010

Viser til tidligare brev sendt 30.04.2009.

Vurdering:

Sjå vurdering under innspel frå grunneigarar i april 2009.

Lena og Håkon Storøy, Ina og Halbjørn Remøy, brev av 24.01.2010

Dei går i mot planane om utbygging av området, grunna auking av trafikk (ved utbygging vil det bli mye store anleggsmaskiner i området). Dette vil påverke tryggleiken for borna i området. Det er kommenterer også at skolen i området vil få sprengt kapasitet om dette blir utbygd.

Dei er også uroa for stor gjennomtrekk av bebuarar i det, det er planlagt 2- og 4-mannsbustader samt blokkbustadar i området.

Vurdering:

Det vil bli lagt inn i føresegnene at verknad av utbygging skal vurderast av ansvarleg skulemyndigheit før utbygging blir godkjent.

Den auka trafikken som følgje av utbygginga meiner vi er av mindre karakter i samanlikning med hovudferdselsåra til Fosnavåg som gjekk forbi eigedomane til Storøy og Remøy fram til 1996 då vegen kryssa over sundet. I tillegg er denne vegen no ein blindveg og har i dag liten trafikk.

Njardar As v/Jan Nærø, brev av 29.01.2010

Dei vil orientere om at gnr 24/11 og 24/53 v/Njardar AS har tinglyste rettar til vegar,

stier og grøfter over gnr 24/2.

Vurdering:

Merknaden er tatt til følge.

Roger Nærø, e-post av 27.01.2010

Han påpeikar at 24/43 er største delen av det området som i dag er regulert til industri på nordvestsida av Nærøya og så lenge folk kan minnst har det vore ei eller anna form for industriverksemd i dette området.

Han meiner og at dette er det einaste området på Nærøya som har tilflot for større båtar. Ved kaia på 24/18 er der mellom 6 og 9 meter og austover så langt som 24/43 grensar, er djupne på mellom 9 og 12 meter.

Han ønskjer ikkje være med på å ta vekk frå ettekomarar eller andre - moglegheita for å etablere ei eller anna form for industri i området. Han meiner at Leinevika bør sjåast på heilheitleg og viser til brev sendt til Teknisk Etat i 1996, der han legg fram forslag om å utvide Leinehamna ved å knyte saman yste moloen på Leinane med "klubbeneset" på Nærøya.

Han ber Herøy Kommune om å ikkje vere med på ei omregulering slik eigarane av 24/2 , Volfram AS v/Rambøll søkjer om og meiner dei kan heller nytte seg av LNF og det området som er avsett til bustadområde i eksisterande kommuneplan.

Vurdering:

Roger Nærø er kun deleigar (50%) av gbnr 24/43. Ragnvald, Svein og Håvard Nærø eig dei resterande 50% av egedomen.

Området er ikkje regulert, men delar av området (inkl. ca 2/3 av gbnr 24/43) er sett av til industriformål i kommuneplanen. Størsteparten av 24/43 ligg i kommuneplanen som LNF-formål og mesteparten av dette er lagt inn som bandlagt kulturminneområde (sikringssone til freda bauta). Industriformål er i dag ikkje like reelt å utvikle vidare sidan området avsett til industri ligg nært opptil bustadområder. Røykerivirksamheita er dessutan ikkje lenger i drift.

Når det gjelder tilflott av større båtar vil denne moglegheita ikkje bli forringa då kaia i forkant av dagens røykeribyggnader vil bli liggande slik den er i dag, kun med ei mindre oppgradering av kaifronten.

Utviding av Leinehamna ser vi ikkje som ei aktuell utviding inn i dette området.

Bustadområdet som er sett av i kommuneplanen vil bli nytta som bustadområde.

Kommunen har gitt oppstartsløyve til å starte omregulering etter intensjonane i planen.

7.4 Frå varsel om oppstart i 2010 – Reguleringsplan for Herøy Byggsenter gnr/bnr 24/83

Frå offentlege instansar:

Møre og Romsdal fylkeskommune v/ Johnny Loen og Anders Smith-Øvland, brev av 08.07.2010

Dei påpeikar at området har potensial for funn av freda kulturminne og at dette må avklarast gjennom ei arkeologisk registrering før dei kan gje endeleg fråsegn til planen.

Vurdering:

Det er oppretta kontakt med arkeolog og det er bestilt arkeologisk registrering.

Statens Vegvesen, Region Midt v/ Kjetill Kjersem og Steinar Pettersen, brev av 05.07.2010

Dei har ingen merknader til oppstartsmeldinga.

Frå private:Hallbjørn Remøy m. fl, e-post mottatt 15.06.2010

Dei er bekymra for auke i trafikken i eit område der born leikar rundt vegen og der dei tidlegare har bedt kommunen bidra med forbetringar av vegforholda. Dei er og bekymra for at dei nye bustadene skal ta vekk utsyn og utsikt frå dei eksisterande bustadane og vil ikkje at det skal påfyllast med masser for å få bustadene høgare opp enn dagens nivå.

Dei er ikkje begeistra for at området skal få mange 4- og 2-mannsbustader med mykje til- og fråflytting og er redd dagens miljø vil bli øydelagt med mange konsentrerte bustader. Dei ønskjer mest einebustader i området evt. i kombinasjon med 2-mannsbustader.

Dei er og bekymra for at området blir regulert bit for bit utan at det blir tatt omsyn til ei heilskapleg vurdering av veg og sikkerheit.

Vurdering:

Området er tenkt løyst i ein overordna samanheng med eksisterande bygningsmiljø med einebustader i overgangen mot dei etablerte einebustadane i aust. Det er lagt inn ei buffersone med leik/grønt i denne sona som gir ein distanse og visuell barriere. Det er tenkt 2- eller 4 mannsbustader i vestre del av området, der det blir ein nærare samanheng med bygningsmiljøet for konsentrerte bustader i Volframs plan.

Fortau er lagt inn i planen etter ønskje frå kommunen og som vil betre sikkerheita for gåande. Dette vil legge til rette for at trygge gangliner kan planleggast vidare fram til krysset med fylkesvegen.

7.5 Frå varsling om utviding av planområde – Reguleringsplan for Volfram**Frå offentlege:**Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Astrid Buset, brev av 28.03.2012

Dei har ingen vesentlege merknader til utvidinga, men minner om RPS-analyse og for det nye arealet.

Vurdering:

Merknaden er tatt til følgje.

Møre og Romsdal Fylkeskommune brev av 27.03.2012

Dei har ikkje merknader til utviding av planområdet, men ber om at tidlegare merknader til dei to planane vert tatt med vidare i arbeidet. Dei meiner at kartet som viser det nye planområdet burde vore eit nøytralt grunnkart.

Vurdering:

Merknaden er tatt til følgje.

Statens Vegvesen, Region Midt v/Hallvard Sæverud, brev av 28.03.2012

Dei har ikkje merknader til utvidinga av planområdet under foresetnad at utforminga av reguleringsplanen vert samordna og tilpassa med reguleringsarbeidet for Nærøykrysset.

Vurdering:

Planområdet vert samordna med reguleringsplan for Nærøykrysset.

Frå private:

Profit Partner AS v/Eldar Lillerovde, brev av 21.03.2012

Dei etterlyser vurdering av om deira parsell gnr/bnr 24/14 burde vært tatt med i ein av dei to pågåande reguleringsplanene.

Dei viser til ein avtale mellom gnr/bnr 24/14 og 24/2 om å avsjå inntil 2 m breidde langs ny tilkomstveg som motyting for vegrett inntil parsell 24/14 frå denne vegen. Dei ber om avklaring av omfang av arealbruk som trengs frå deira eigedom.

Vurdering:

Det er ikkje komt innspel tidlegare om å ta med denne eigedomen og det er ikkje ønskje om å utvide planen ytterlegare.

Når det skal utarbeidast detaljerte vegtegningar for tilkomstvegen vil det avklarast endeleg omfang av inngrep langs eigedom 24/14.

7.6 Frå offentleg ettersyn – Reguleringsplan for Volfram**Frå offentlege:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/John Ivar Eikeland, brev av 14.02.2011

Reiser motsegn til BF1 og BF2 med tilhøyrande tilkomst VEG2. Reiser også motsegn til at omsynet til born og unge ikkje er godt nok ivaretatt pga. manglande trygge, trafikale løysningar.

Fylkesmannen er skeptisk til og rår i frå at det vert etablert bustadblokker. Meiner det bør regulerast inn ein passasje mellom bygningane på BB og sjøfront. Rår til at småbåthamn 2 og parkering 2 vert tatt ut av planen. Planen må ta omsyn til framtidig havnivåstigning. Vurderingane bør gå fram av ROS-analysen.

Vurdering:

Det har vært møter i Fylket der Fylkesmannen deltok. Endringane er i tråd med tilbagemeldingar i desse møta.

Bustadområdet er endra i nytt plankart, i tillegg er P2, småbåtanlegg og småbåthamn 2 tatt ut av planen. Dette meiner vi sikrar fri ferdsel i strandsonen langs vika.

Fri ferdsel vert her sikra gjennom gangveg gv_3 og i føresegnene. Planen er vurdert mtp. havnivåstigning.

Møre og Romsdal Fylkeskommune, brev av 26.01.2011

Reiser motsegn på grunnlag av mangelfulle utgreiingar i forhold til konsekvensar, utbygging på arkeologiske funnområde og at det må gjennomførast undersøkingar med omsyn til marinarkeologiske kulturminner. De må i tillegg utarbeidast føresegner til omsynssonene.

Vurdering:

Det har vært kontakt og møter med Fylket og arkeolog med gjennomgang av moglege løysingar. Tilbakemeldingane som gjeld arkeologifunna er innarbeidd i planforslaget, vurdering av verknader er tatt med i planomtalen og føresegner til omsynssoner, føresegnområde og rekkefølgekav er lagt inn.

Bergens Sjøfartsmuseum v/Kjetil Sundsdal, brev av 20.12.2010

Det er naudsynt med ei marinarkeologisk registrering i området kor småbåthamn 2 er planlagt.

Vurdering:

Småbåthamn 2 er tatt ut av planen og registrering er ikkje lenger nødvendig. Området regulerast til offentlig friluftsområde i sjø.

Statens Vegvesen, Region Midt v/Steinar Pettersen, brev av 04.02.2011

Det må leggjast betre til rette for mjuke trafikkantar til og frå området. Krysset med fylkesvegen må utbetrast ved å etablere tryggare kryssingspunkt. Det må stillast krav i reguleringsføresegna at krysset må vere utbedra før utbygging kan skje. Det må vurderast om ein også skal stille krav om etablering av busslomme i retning mot Remøya.

Vurdering:

Det har vært møte i Fylket der Vegvesenet deltok. Det blei då informert om at det parallelt er blitt utarbeida ein eigen reguleringsplan av kommunen for krysset til fylkesvegen, med busslommer og fortau fram til plangrensa på denne planen. Denne løysinga er i samsvar med krava stilt i merknaden for trafikkforholda rundt krysset til fylkesveg 18 og planen er no slutthandsama.

Det er regulert fortau langs den gamle fylkesvegen fram til fortau i tilstøytande plan. Det er regulert ein stikkveg med formål gangveg frå dette fortauet og inn i området for tryggare gjennomgang i planområdet og planen er med desse løysingane betre tilrettelagt for dei mjuke trafikantane.

Realisering av reguleringsplanen med utbetra kryssløysing vil bli vidareført av kommunen parallelt med utbygginga av området.

Kystverket Midt-Norge v/Oddbjørn Sæther, e-post av 24.01.2011

Kystverket har ikkje avgjørande innvendingar til reguleringsforslaget.

Herøy kommune, Maritimt utval/ hamnestyret, brev av 09.02.2011

Har ingen avgjerande innvendingar til reguleringsforlaget.

Frå privateFrank og Kjell-Ove Rogne, brev av 01.02.2011

Dei hevdar at dei har fått lovnader frå Herøy kommune om at plangrensa vert endra på tomte deira, mellom 24/7 og 24/90. Ynskjer at eigedomsgrensa blir følgt også ved «huken». Ynskjer einebustad på deira tomt BK1. Ynskjer ikkje felles småbåtanlegg, derimot eige småbåtanlegg for deira tre einebustadtomter. Ber om føringar for eit evt. småbåtanlegg mtp. størrelse. Deira del av reguleringsplanen er ei tomt, dette utløyser ikkje krav om leikeplass. Blokkane er eit framandelement i området. Ynskjer å få definert antal bueiningar.

Vurdering:

Formålet for del av eigedom 24/7 er endra frå BK til BF. Leikeplass er flytta ut av eigedomen. Småbåtanlegget er regulert felles og det må avklarast nærmare kven dette skal gjelde for i ein byggesak for småbåthamna.

Hundane Grendalag v/Jørn Remøy, brev av 01.02.2011

Ynskjer at bustadblokkene blir erstatta med einebustadar og tomannsbustadar. Om ikkje ber dei om at høgda på bustadblokkene ikkje overstig høgda på røykeriet (9m). Ynskjer at det blir sett arealkrav til leilegheitene i blokka og antal leilegheiter i kvar blokk. Krev at kommunen avklarar kven sitt ansvar det er å trygge trafikken og at TS-tiltak er på plass før prosjektet er i gang. Meiner ein undergang ved krysset løyser problema.

Vurdering:

Merknaden blir vurdert som innspel i planarbeidet.

Karin Nærø, brev av 02.02.2011

Ivar Nærø og Svein Nærø har ein munnleg avtale om å knytte til seg ein veg over bruk 24/2 til bruk 24/30/12. Ynskjer å kome tilbake til stiar, grøftar og vegrettigheitar.

Vurdering:

Dette må avklarast vidare privatrettsleg.

Roger Nærø, brev av 03.02.2011

Kommunen har satt krav om å regulere området frå industri til bustadformål i kommuneplanen. Seinare seier dei at området ikkje tidligare er regulert. Er ikkje orientert skriftleg om denne endringa. Gravrøysa er ikkje eldre enn frå 40-talet. Krev at fylket sine arkeologar møter opp og syner denne «gravrøysa».

Vurdering:

Industriformål ligg inne i kommuneplanen og området er ikkje tidlegare regulert.

7.7 Frå offentleg ettersyn – Reguleringsplan for gnr/bnr 24/83 Herøy Byggsenter

Frå offentlege:Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Astrid Buset, brev av 29.04.2011

Dei poengterar at planområdet nærast sjøen ligg innanfor 100-metersbeltet der statlege planretningsliner gjeld. Dei meiner at det vidare planarbeidet bør ta høgde for utfallet av den pågående reguleringsplanen på Nærøy for eigedom 24/2 m.fl. og at bustadane bør trekkast lenger vekk frå sjøen, innafør føremålsgrrensa i kommuneplanen.

Vurdering:

Planen er slått saman med reguleringsplanen for gnr/bnr 24/2 m.fl. og løysingar vil bli vurdert i samanheng inkl. spørsmålet om avstand til sjøen.

Møre og Romsdal Fylkeskommune, brev av 03.05.2011

Dei viser til merknad i pågåande reguleringsplan for området nord/vest for det aktuelle planområdet, gnr/bnr 24/2 m. fl. Der dei stiller spørsmål ved prioritering av arealbruken i området. Dei har likevel ingen særskilte merknader til planforslaget for gnr/bnr 24/83 som er noko meir i samsvar med kommuneplanen. Dei ønsker likevel at kommunen ser planprosessane meir samla.

Det vart i samband med arkeologisk registrering påvist eit arkeologisk kulturminne innanfor planområdet, eit bustad- og aktivitetsområde frå den mellomste steinalder og mot slutten av yngre steinalder. Dei fremjar motsegn med grunnlag i dette funnet. Det er viktig å sjå dei to pågående reguleringsplanene i ein heilskap dersom ein skal makte å få til ei utbygging kombinert med noko vern i området. Avklaring av motsegn må skje enten gjennom regulering av omsynssoner eller dispensasjon frå lov om kulturminne.

Vurdering:

Reguleringsplanen er slått saman til ein plan og dei arkeologiske funna er sett på i ein helheit i dialog med kulturavdelinga i fylket.

Statens Vegvesen, Region Midt v/Steinar Pettersen, brev av 05.05.2011

Dei viser til krav stilt i i reguleringsplan for gnr/bnr 24/2 m. fl. Der dei stiller krav om at krysset mellom den kommunale vegen og fylkesveg 18 må leggest betre til dette for ferdsl for mjuke trafikantar før delar av denne planen kan bli realisert. Dette er også relevant i denne planen og dei ber kommunen sjå på desse sakene i samanheng.

Vurdering:

Planområda vert samordna og løysinga for Nærøykrysset er utarbeidd parallelt med den pågåande planprosessen.

Herøy kommunen, Anlegg- og driftsavdelinga v/Jon Rune Våge, brev av 12.07.2011

Dei rakk dessverre ikkje å uttale seg før fristen 6. mai men har følgjande merknader: dei føreset at planen vert sett i samanheng med tilstøytande reguleringsplan under utarbeiding for Røykeritomta. Det må gå klart fram kva som er offentleg trafikkareal. Veg 2 kan avgrensast til snuplass for liten lastebil. Det må framgå av rekkjefølgjeføresegnene at det må teiknast utbyggingsavtale med kommunen før utbygging startar. Ein føreset at det skal leggest til rette for felles avlaupsanlegg for begge planane. Frisiktsoner må teiknast inn på reguleringskartet.

Vurdering:

Merknaden er tatt til inn i vurderingane i planprosessen.

7.8 Innspel og vurderingar i tilknytning til 2. gongs offentleg ettersyn**Frå offentlege:**Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 02.04.2014

Fylkesmannen viser innleiingsvis til at det tidlegare har vore reist motsegn mot 2 forhold i planen. Det eine galdt arealbruken på neset i nordre del av planområdet og det andre var knytta til mangel på trygge trafikkale løysingar for dei mjuke trafikkantane. Med tilvising til at planen no legg til rette for fortau fram til FV 18 og at utbygginga av dette er sikra gjennom rekkjefølgjekrav, melde Fylkesmannen at den siste motsegna kunne trekkast.

Fylkesmannen opprettheld imidlertid motsegna mot bustadområda BF2 og BF3. Grunngevinga her var at store deler av strandsona på Nærøya no er nedbygt og privatisert og at det av omsyn til det nære friluftslivet og den frie leiken var viktig å ta vare på det samanhengande området på neset. I tillegg til dette vart det peika på behov for nokre mindre justeringar av meir planteknisk karakter.

Vurdering:

Det har etter dette vore gjennomført synfaring i området saman med Fylkesmannen (13.05.2014). Med bakgrunn i konklusjonane frå synfaringa har det så vore gjort ein del justeringar av plankart og føresegner. På sistnemnde grunnlag har så Fylkesmannen med brev av 13.08.2014 meldt tilbake at også den andre motsegna no kan trekkast.

Møre og Romsdal Fylkeskommune, brev av 10.04.2014

Fylkeskommunen oppsummerar innleiingsvis problemstillingane knytt til dei automatisk freda kulturminna innanfor planområdet og viser til dei justeringar av plankart og føresegner som det tidlegare er stilt krav om. Det vert vidare vist til at kommunen no har gjennomført desse justeringane og at Riksantikvaren på dette grunnlag har gjeve dispensasjon frå kulturminnelova. Føresetnaden er at det vert gjennomført ei arkeologisk gransking av dei kulturminna som vert råka før planen vert realisert.

Vurdering:

Frå kommunen si side vart justert plankart m/føresegner sendt Fylkeskommunen. Dette danna grunnlag for Riksantikvaren si dispensasjonsbehandling. Også dei andre kravde tilføyningane/justeringane er no inntekne i reguleringsføresegnene og både plankart og føresegner er med dette fullt ut i samsvar med Fylkeskommunen sine krav.

Bergens Sjøfartsmuseum, e-post av 24.03.2014

I kopi av e-post, sendt Fylkeskommunen, varsla Sjøfartsmuseet at dei ville stille krav om arkeologiske granskingar i sjøområda innanfor planområdet og varsla at planen ikkje kunne godkjennast før desse forholda var avklara. Museet har seinare, i e-post til Fylkeskommunen av 08.04.2014, meldt frå at dei fråfell granskingskravet.

Vurdering:

Med tilvising til den siste e-posten frå Bergens Sjøfartsmuseum er det ikkje behov for å knyte ytterlegare vurderingar til sjøfartsmuseet sitt innspel.

Statens Vegvesen Region Midt, brev av 20.03.2014

Statens Vegvesen viser innleiingsvis til sin uttale i samband med 1. gongs offentleg ettersyn for planen. Då reiste dei motsegn mot planframlegget med tilvising til at det måtte utarbeidast ein plan som ivaretok naudsynt utbetring av Nærøykrysset og samstundes innarbeidast krav i reguleringsføresegnene som sikra at nemnde utbetring vart gjennomført. Vegvesenet er innforstått med at det no er godkjent ein reguleringsplan for Nærøykrysset, men meiner framleis at plan og føresegner ikkje gir eit tilfredsstillande grunnlag for å kunne trekke motsegna. Ut over dette har dei ikkje vesentlege merknader til det justerte planframlegget.

Vurdering:

Etter eit møte med vegvesenet den 07.05.2014 tok kommunen initiativ til ei tydeleggjering av reguleringsføresegnene ved at det vart stilt rekkefølgekrav om at samanhengande fortau fram til FV 18 og sikra kryssing av fylkesvegen med tilknytning til eksisterande gang-/sykkelveg skulle vere utbygt og klargjort for bruk før ferdigstilling av byggeområda i planen. Forslag om dette vart oversendt vegvesenet med brev av 08.05.2014.


Med brev av 26.05.2014 melde vegvesenet tilbake at dei framleis ikkje ville trekke motsegna. Ei evt. oppheving/trekking av motsegna måtte baserast på konkrete løysingar på tiltak som vil betre trafikktryggleiken i Nærøykrysset. Med andre ord at eit rekkefølgekrav om utbetring av krysset (inntil regulert rundkøyringsløysing vert realisert) må knytast opp mot konkrete og aksepterte planlagde/skisserte løysingar.

Med bakgrunn i eit møte med vegvesenet den 09.09.2014 og med basis i seinare korrespondanse er det utarbeidd ei skisse (sjå skisse på side 44) som grunnlag for den midlertidige utbetringa av Nærøykrysset. Denne tek utgangspunkt i lineføringane i reguleringsplanen og tilpassar ei T-kryssløysing med retning frå Leinebygda.

Formuleringa av rekkefølgekravet i 3. avsnitt i § 9 i reguleringsføresegnene er vidare endra til:

Før utbygging av bustadfeltet skal mellombels utbetningsløysing i Nærøykrysset vere etablert. Det inneber at det ikkje kan gjevast ferdigattest eller bruksløyve etter § 21-10 i plan- og bygningslova til bygningar (bustadhus/husvære) innanfor byggeområda (BF, BK og BB) før mellombelse utbetringstiltak i Nærøykrysset er etablert med T-kryss, samanhengande fortau fram til busslomme og tilrettelagt kryssing av fylkesvegen (jfr. prinsippsskisse i kap. 7.8 i planomtalen).

Med tilvising til ovannemnde og med brev av 21.10.2014 har Statens Vegvesen etter dette meldt frå at dei trekkjer attende motsegna.



Skisse for mellombels utbetring av Nærøykrysset

Kystverket Midt-Norge, brev av 01.04.2014

Kystverket uttalar at dei med basis i sine fagområde ikkje har merknader til det justerte planframlegget.

Vurderingar:

Med tilvising til uttalen frå Kystverket er det ikkje behov for å knyte særskilde kommentarar til saka.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, brev av 24.03.2014

Landbrukskontoret uttalar med basis i sine fagområde at heller ikkje dei har merknader til det justerte planframlegget.

Vurderingar:

Med tilvising til uttalen frå Landbrukskontoret er det heller ikkje her behov for å knyte særskilde kommentarar til saka.

Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, notat av 07.05.2014

Anleggs- og driftsavdelinga viser i sin uttale til at fleire av køyrevegane ikkje har tilfredsstillande snuplassar og at nokre av vegane dessutan er så korte at dei burde vere private. Ut over dette meiner også avdelinga at fortausbreidda langs samleveggen mot Nærøykrysset må aukast for å sikre tilfredsstillande forhold for drift/vedlikehald.

Vurderingar:

Ein har i planen valt å behalde også dei korte vegane som offentlege. Dette har samanheng med at samtlege av dei aktuelle vegane leiar vidare til offentleg gangareal eller til offentleg tilgjengeleg grøntstrukturområde, noko som inneber at dei bør inngå som del av eit samla offentleg tilgjengeleg areal. Snuplassane er imidlertid foreslått justerte i samsvar med gjeldande dimensjoneringskrav og likeeins er fortausbreidda langs vegen mot Nærøykrysset utvida frå 2 til 3 meter.

Barnerepresentanten, brev av 01.04.2014

Barnerepresentanten meiner i utgangspunktet at det i planen er teke godt omsyn til leike- og friareal. Det vert imidlertid understreka at det må haldast fokus på trafikktrygginga sidan planen vil utløyse mykje trafikk i området.

Vurderingar:

Ein er sjølv sagt merksam på dei forholda barnerepresentanten påpeikar, og føresegnene inneheld difor rekkefølgekrav som skal sikre utbygging av fortau fram til kryss med FV 18 før dei nye byggeområda vert tekne i bruk.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, møte den 10.02.2014

I møtet, som vist til ovanfor, har rådet presisert at det må takast mest mogleg omsyn til stigningsforhold når det gjeld vegane innanfor planområdet.

Vurderingar:

Det vert i denne samanheng vist til at det aktuelle planområdet har relativt avgrensa høgdeskilnader og med det små utfordringar med omsyn til stigningsforhold. Temaet vert imidlertid vist naudsynt merksemd i detaljutforminga av planen.

Frå private:Hundane Grendalag v/Jørn Remøy, e-post av 22.03.2014

Grendalaget viser innleiingsvis til tidlegare innsende merknader. Det vert imidlertid spesielt peika på at høgden på dei nye blokkene ikkje må overstige høgda på eksisterande bygningsmasse i området og at utbetringa av Nærøykrysset må vere gjennomført før byggestart for det nye bustadområdet.

Vurdering:

Som nemnt i merknaden frå Hundane Grendalag er innspela i hovudsak dei same som då planen sist låg ute til offentleg ettersyn. Høgda på blokkene vil med 4 etasjer ende på kote + 15,7 eller på om lag same høgde som det høgaste av røykeribygga. Med ein tilbaketrekt 5. etasje, slik reguleringsføresegnene opnar for, vil totalhøgda auke med om lag 3,5 meter (maks. kotehøgde på + 19,5 er lagt inn i føresegnene). I og med at den næraste blokka vert liggande om lag 70 meter i nordleg retning frå dei næraste bustadhusa som grendalaget representerar, vert imidlertid dette vurdert til ikkje å innebere noko nemneverdig ulempe.

Når det gjeld dei trafikkmessige forholda så viser ein til at det i denne planen saman med eit tilstøytande reguleringsplan for FV 18 – Nærøykrysset, er lagt inn samanhengande fortau fram til krysset og at rekkefølgebestemmelsar i føresegnene sikrar at dette er på plass før dei nye byggeområda kan ferdigstillast.

8. Risiko- og sårbarhetsvurdering

For å avdekke potensielle uønskete hendingar er det nytta ei omfattande sjekkliste. Sjekklista som er nytta her, er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Med utgangspunkt i gjennomgått sjekkliste vurderast følgjande farar som aktuelle uønskete hendingar i samband med planområdet.

8.1 Naturskade

Flaum, ferskvatn og vassdrag: I planframlegget vert moglege eksisterande vassleidningar omlagt til å ligge i veg. Overvatn blir lagt i røyr i veg. Området i vestre del av planen er tenkt oppfylt til kote +3- 3,5 og vi ser då ikkje at flaum vert ei problemstilling i planframlegget.

Overfløyning sjø: Bustader vert ikkje plassert slik at dei kjem i konflikt med overfløyning frå sjøen. Kaiområde og bustadområder blir plassert i god høgdemargin frå maksimalt flonivå. Vegar vil liggje over maksimalt målt flonivå.

Nedbør: Ok. Overflatevatn blir drenert bort til terreng og avlaupsanlegg.

Svikt i grunn: Ut i frå den kunnskap og informasjon som er skaffa til veie, så ser ein ikkje at svikt i grunn vil verte eit problem. Eit lite område midt i planområdet, innerst i bukta er litt myrete, men dette vil ligge urøyrd i planforslaget.

Skogbrann/Lyngbrann: Området ligg inntil eit avgrensa mindre skogsområde på neset og vil ikkje vere utsatt for større skogbrann.

Trær og lyng i ytterkanten av området vil bli fjerna i eit belte på minst 4m frå bygningar for å minke risiko. Det prosjekterast med tilstrekkeleg sløkkjevatt i bustadområdet.

Radon: Det er ikkje gjort radonundersøkingar i området. Kommunen er ikkje undersøkt med omsyn til førekomstar av radon. Alle bustader vil bli utført med radonsperre iht. TEK 10.

8.1.1. Havnivåstigning

Det er usikkerheit rundt spørsmålet om havnivåstigning, noko ein må ta høgde for i framtida. Dei mest dramatiske prognosane estimerer auking i havtemperatur på 7,6°C, og ved å ta høgde for ulike feiltakingar i modellen for utrekning (opptil 50 %), inneber dette ei havnivåstigning på 3 meter i år 2105.

I Ålesund ligg middelvattstand på 120 cm (vannstand.no, usikkert for Nærøya). Kaia i reguleringsplanen vil være ca. på kote +2,6. Bustadane vil ligge noko høgare enn dette. Ut i frå dette kan ein sei at planen tar høgde for dei eventuelle havnivåstigningane som måtte komme. Sannsynlegheit: Mindre sannsynleg. Konsekvens: Mindre alvorleg.

I flg DSB/Miljøverndepartementet 2009 er det for Herøy forventa ei havnivåstigning på min. 14 cm/maks. 36 cm i 2050 og min. 52 cm/maks. 107 cm i 2100, alt samanlikna med normalnull i 1954.

8.1 Omgjevnader

Vantmagasin: Det er ikkje regulerte vassmagasin i området.

Terrengformasjon/drenering: Terrengformasjonar utgjer ingen spesielle farar. Drenering av overvatn vil ikkje få konsekvensar for område som ligg lågare enn planområdet.

8.2 Verksamhetsrisiko

Det skal ikkje etablerast og det ligg heller ikkje farlege anlegg i nærleiken av planområdet.

8.3 Forureining

Drikkevatt, grunn og luft: Det vert lagt til rette med vatn og avlaup i området. Avlaup skal førast ut i sjø slik det er gjort med området elles om ikkje kommunen legg andre føringar.

Feltet vil ikkje tilføre området noko forureininga utover det ein må rekna med for eit bustadfelt.

Eksisterande industrianlegg blei starta opp i 1953 og drifta avslutta i 2004. Det har tidlegare berre vært nytta til matproduksjon; fiskesalting og røyking av fisk etter vanlege metodar.

Det nyare industribygget på tomte har vært nytta til lager og kjølerom. Det er ikkje nytta miljøgifter og bygningsmetodar er stenderverk i tre og mur(røykeribygget), spennbetong og metallplater(nybygg) som kan demonterast. Tidlegare tankar i området har inneheldt sild. Vi ser derfor ikkje at det er potensial for forureining i dette området. Området vil verte rydda opp under utbyggingsprosessen.

8.4 Hendingar

Brann, eksplosjon, utslepp, farleg gods, utslepp olje, skipsulukker, flyulukker og trafikkulukker: Bustadfelte ligg i god avstand frå fylkesvegen og vil følgjeleg ikkje verte i fare for farleg gods. Utslepp til sjøs er heller ikkje farefullt då trafikken forbi av naturlege årsaker er avgrensa til småbåttrafikk. Vegane inne i planområdet vil bli opprusta og utvida for å redusere fara for trafikkulykker. Andre faktorar er ikkje gjeldande i planområdet.

8.5 Infrastruktur

Kaiar, veganlegg, bruer, tunnelar, telekommunikasjonar og kraftliner: Vegane i planområdet vil verte opprusta for å stetta gjeldande krav og for å betre den trafikkale sikkerheita. Kaiane innanfor det gamle industriområdet vil verte opprusta og sikra etter forskrifter for slike anlegg.

Det må avklarast om det er nødvendig med ny trafo i området.



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2012/ 606	Saksbeh. HR
- 4 APR. 2014	
Ark kode: P	L12
Ark kode: S	
J.m.	Dok.nr. 45
Kassasjon	

Herøy kommune

Detaljregulering - reguleringsplan på Nærøy gnr24 bnr2 m.fl. Fråsegn til 2. gongs offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen viser til vedtak i Herøy formannskap i møte den 04.02.2014 sak 21/14 om utlegging av detaljregulering for bustadområde på Nærøy til andre gongs offentlege ettersyn. Fylkesmannen har fått utsatt frist for uttale til 02.04.2014.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

Generelt

Fylkesmannen reiste ved brev den 14.02.2011 motsegn til planframlegget knytt til friluftslivinteressene i strandsona og barn og unge sine interesser.

Natur- og miljøvern

Fylkesmannen har undervegs i heile planprosessen vore kritisk til ei innskrenking av arealet og mogelegheitene for enkel tilgang til dette området. Planframlegget som er på høyring utfordrar ytterlegare desse omsyna ved å regulere inn bustad BF2. Vi viser i denne samanheng til vårt brev 07.06.2013 vedkomande forslag til ny planskisse dat. 14.05.2013 for Nærøy. Denne planskissa tilsvarar planframlegget som no er sendt på høyring. Vi gav då tilbakemelding om at ein bustaden (BF2) og dei tomannsbustadene (BF3) i nord-sør-retning langs friområdet måtte takast ut, og at seksmannsbustaden (nærast sjøen innafor BK2) kunne akseptast dersom passasjen langs sjøen forbi blokkene vart vidareført forbi denne bustaden.

Kommunen skal i si planlegging etter lova, mellom anna legge til rette for gode bu- og oppvekstmiljø og ivareta omsynet til landskapet, jfr plan- og bygningslova § 3-1. *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv. En satsing på friluftsliv i hverdagen 2014-2020* (T-1535 frå Miljøverndepartementet) vektlegg tilrettelegging for friluftsliv nær der folk bur. Grøne, lett tilgjengelege nærområde med kvalitet bidrar til at friluftsliv kan vere eit lavterskeltilbod som ivaretar behovet både til den delen av befolkninga som i dag er lite aktive, og born som ikkje har like stor aksjonsradius som vaksne.

På Nærøy er store delar av strandsona i tilknytning til dagens bustadområde nedbygd og privatisert. Det vil difor vere viktig at denne planen greier å ivareta dette området som er av verdi for det nære friluftslivet og den frie leiken, som har fine landskapskvalitetar med historisk djupne, og som dermed løftar kvaliteten og attraktiviteten til bustadområdet.

Fylkesmannen opprettheld difor **motsegna** til bustadområdet BF3, og reiser **motsegn** til bustadområdet BF2.

Vi er nøgd med at det er lagt inn gangveg langs sjøen mellom kaia og friområdet. Denne må sikrast opparbeidd ved at det vert fastsett rekkjefølgjekrav knytt til utbygginga av BK2.

Vi vil igjen peike på at det ikkje er fastsett føresegner om byggegrenser mot sjøen. I praksis inneber dette at det må søkast dispensasjon frå pbl § 1-8 for oppføring av bustader nærare enn 100 meter frå sjøen, sjølv i område regulert til bustader.

Barn og unge

Fylkesmannen reiste motsegn til planen knytt til manglande trygge trafikale løysingar for dei mjuke trafikantane innafor planområdet. Det er no innarbeidd rekkefølgjekrav om at fortaua innafor planområdet og fram til krysset ved fv18 skal vere bygde før ferdigstilling av bustadområda BF, BK og BB. Motsegna kan trekkast.

Konklusjon

Fylkesmannen opprettheld motsegna til planen knytt til bustadområdet BF3 og reiser motsegn til ny bustadomt BF2.

Motsegna knytt til manglande trafikktryggingstiltak innafor planområdet for barn og unge vert trekt.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Sveinung Dimmen
samordnar

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
13.08.2014
Dykkar dato
30.06.2014

Vår ref.
2009/7942/JOEI/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr. 2012/606	Saksbehold. HR
18 AUG. 2014	
Ark. bokst. 17	h12
Ark. bokst. 5	
Ark.	56
Kontrollert	

Herøy kommune Reguleringsplan bustadområde på Nærøy gnr24 bnr2 m.fl. Trekking av motsegn

Fylkesmannen viser til at det vart gjennomført synfaring i lag med kommunen 13 mai og at plankart og føresegner vart endra i tråd med vår tilbakemelding etter synfaringa 27.06.2014.

På bakgrunn av dette trekker vi vår motsegn til reguleringsplan for bustadområde på Nærøy. Vi ber om orsak for at vi ikkje fekk gjort dette før ferien.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/606	05.02.2014	9354/2014/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen. 71 25 82 88	10.04.2014

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Nærøy gbnr 24/83 - offentlig ettersyn - andre gong

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Innanfor planområdet er det registrert fem automatisk freda kulturminne (ID 45874, 141384, 141385, 141386 og 143294). Høyringsutkastet legg opp til at det blir søkt løyve til inngrep i tre av desse, ID 141385, 141387 og 143294, jf. Kulturminneloven § 8 fjerde ledd, medan to blir verna som omsynssone D (H730). Den eine av desse, ID 141384, er også sikra med ei omsynssone C (H570) ned mot sjøen.

Ved ein inkurie var det eine kulturminnet (ID 141387) feil kartfesta i vår database. Dette ligg ikkje i konflikt med byggjeområda, men i område regulert med anna arealformål. Vi har også nokre andre merknader til plankartet. Vi har korrigert vår database, og i e-post av 7. mars 2014 bad vi Herøy kommune om å få tilsendt eit nytt plankart, med tilhøyrande føresegner, med følgjande endringar:

- Kokegropa med sikringssone (noverande ID 141387) bør inn i som H730_3
- RpBO-ID 141385 bør utvidast til også å dekke RpBO-ID 143787 (tidlegare ID 141387)
- H730_1 behøver ikkje å vere avmerka som RpBO, då det ikkje er krav om utgraving. Dette kan potensielt skape mistydingar
- Vi vil be om at det også blir lagt inn ei omsynssone C (H570) som dekkjer det meste av sona for grønstruktur, inkludert både gravminnet, kokegroplokaliteten, og nyare tufter. Dette har vi også bedt om i vårt brev av 15.03.2013. Unntak kan vere i området mellom BF2 og BF3.
- Jamfør skisse frå 2009 [vedlagt eposten] ba vi om ei omsynssone C som no er i konflikt med BF2. Vi kan akseptere tomte, men ber om at byggegrensa som låg inne i skisse datert 14.05.2013 blir teke inn. Det vil vere uheldig om ein fjernar den naturlege ryggen mellom gravminnet og bustadfeltet, og dette burde også takast inn i føresegnene saman med føresegnene om vegetasjon (§ 3.1)

I epost frå Herøy kommune, datert 12.03.2014, mottok vi nytt plankart med tilsvarande føresegner, der desse punkta er innarbeidd. Vi krev at dette blir tatt med i det endelege vedtaket, og vår vidare fråsegn byggjer på denne føresetnaden.

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. Kulturminneloven § 8 fjerde ledd.

I brev av 04.04.2014 har Riksantikvaren gjeve løyve til dispensasjon under føresetnad av at det vert gjennomført ei arkeologisk gransking av dei kulturminna som vert råka (ID 141385 og 143294) før tiltak etter planen vert realisert. Vedlagt er kart stempla av Riksantikvaren og datert 04.04.2014. I samsvar med kulturminneloven § 10 skal kostnadene ved den arkeologiske undersøkinga dekkjast av tiltakshavar.

Vedtak om omfang av den arkeologiske undersøkinga, med endelege kostnader og avgrensing av granskingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedtatt. Riksantikvaren gjer merksam på at arkeologiske undersøkingar normalt berre lar seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i vidare planlegging. Tiltakshavar må varsle Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før ein ønskjer å realisere tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter fatte vedtak om omfang av den arkeologiske undersøkinga. Dette vedtaket vil kunne påklagast i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

Universitetsmuseet i Bergen har utarbeidd forslag til budsjett for ei arkeologisk undersøking av dei aktuelle busetnadsspora, ID 141385 og 143294. Ei slik gransking er i følgje forslaget rekna å koste inntil kr 550 000,- (2014-kroner og satsar). Riksantikvaren vil sjå nærmare på forslaget til budsjett og arbeidsomfang før vedtak etter kulturminnelova § 10 blir fatta.

Før Møre og Romsdal fylkeskommune kan godkjenne reguleringsplanen for Nærøy, gbnr 24/2 m.fl., må følgjande tekst takast inn i reguleringsplanen sine fellesføresegner:

"Før iverksetjing av tiltak i medhald av reguleringsplanen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna id 141385 og id 143294 som er merka som område for føresegn RpBo ID 141385 og RpBo ID 143294 i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast."

Dispensasjonen frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket byggjer på at teksta ovanfor blir teke inn som eit eige punkt i fellesføresegnene, og kan erstatte § 8. Vi føreset som nemnt også at kart og føresegner vert justert i tråd med revidert planforslag tilsendt 12.03.2014.

Dersom tiltakshavar ser for seg ei snarleg arkeologisk utgraving, bør Herøy kommune straks etter vedtak gi Møre og Romsdal fylkeskommune melding om at ein ønskjer å realisere tiltak etter reguleringsplanen og be om at det må gjennomførast arkeologiske undersøkingar. Samstundes må ein sende over sakspapira knytt til det endelege vedtaket. Møre og Romsdal fylkeskommune vil deretter ta saka opp med Riksantikvaren slik at omfanget på utgravinga kan endeleg fastsettast, jamfør Kulturminnelova § 10. Den praktiske gjennomføringa av utgravinga vil etter dette kunne avklarast nærare gjennom direkte kontakt med Universitetsmuseet i Bergen.

Omsynssoner og føresegner

Møre og Romsdal fylkeskommune er godt nøgd med at Herøy kommune gjennom planprosessen sikrar dei kulturminna som vi vurderer til å vere mest verdifulle. Kulturminna og kulturmiljøet desse inngår i er også sikra eit godt vern gjennom å bli regulert til grøntstruktur og sikra med omsynssone C. Vi har difor berre nokre mindre merknadar til ordlyden i føresegnene.

Under § 7.2 Bandlegging i forhold til lov om kulturminne ber vi om at følgjande blir teke inn:

Skraverte område merka H730_1, H730_2 og H730_3 på plankartet er automatisk freda kulturminne – ein steinalderbuplass, eit gravminne og ei kokegrop - og bandlagt etter Kulturminneloven §§ 4 og 6.

Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekkje, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje.

Under § 7.3 Bandlegging av kulturmiljø ber vi om at følgjande blir teke inn:

Skravert område merka H570_1 på plankartet gjeld den delen av grøntstrukturområdet som ikkje er bandlagt etter lov om kulturminne (§ 7.2) med unntak av dei delane av området som inngår i RpBO-ID 143294 og 141385 samt eit avgrensa område mellom BF2 og BF3.

Det er innanfor dette området ikkje tillate å gjere inngrep eller tiltak som endrar landskapskarakteren eller terrengprofilen. Det er tillate å drive vegetasjonspleie, og å fjerne tre og undervegetasjon som kan skade eller skjule kulturminna.

Alle tiltak skal vurderast og godkjennast av rette kulturminnemynde.

Marin arkeologi

Bergen Sjøfartsmuseum har i epost frå 08.04.2014 frafalt sitt krav om registrering.

Konklusjon

Under føresetnader om gitte endringar i føresegnene kan vi frafalle motsegn gitt 3. mai 2011 og planen kan eigengodkjennast.

Føresetnadene er (sjå meir detaljerte merknader ovanfor):

- forslag kart og føresegner frå kommunen 12. mars 2014
- tillegg til fellesføresegna; om utgravingskrav
- endringar gjeldande omsynssonene; §§ 7-2 og 7-3

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03

41

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Arild Marøy Hansen [mailto:Arild.Hansen@bsj.uib.no]

Sendt: 24. mars 2014 16:09

Til: postmottak

Kopi: 'kristoffer.dahle@mrfylke.no'

Emne: f-sak 21/14. Detaljreguleringsplan.bustadområde Nærøy gnr. 24, bnr. 2 mfl.

Til Møre og Romsdal fylkeskommune,

att: Kristoffer Dahle

Pr. epost.

Vi viser til plansak, sendt fra Herøy kommune 10.2. 2014 til Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet har hatt ein tidlegare versjon av saken på høyring første gang i 2008. Vi har og hatt ein del korrespondanse vedr. undersøkingsp

Med same heimel som tidlegare, Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9,10 og 14, varslar museet at det krev å gjennomføre marina. Tiltakshavar, evt. v. konsulent, bes om å ta kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum for budsjett og tidsplan for undersøkingane.

Vi gjer merksam på at reguleringsplana ikkje kan godkjennast før Bergens Sjøfartsmuseum sin uttale., som er ein del av Møre og Romsdal

Med vennlig hilsen

For

Bergens Sjøfartsmuseum

Arild Marøy Hansen



Statens vegvesen

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

UDV

(E)

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr: 2012/606	Saksben: HR
24 MARS 2014	
Ark.kode P: L12	
Ark.kode S:	
J.nr.:	Dok nr: 42
Kassasjon:	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2010/005370-017

Dykkar referanse:
2012/606

Vår dato:
20.03.2014

Herøy kommune - Detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy - gnr. 24 bnr. 2 mfl - Ny behandling med 2. gongs offentleg ettersyn - Uttale

Viser til brev av 5.2.2014 frå Herøy kommune.

Saka gjeld 2. gongs offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy – planframlegg sist revidert 14.1.2014.

Ved 1. gongs offentleg ettersyn av reguleringsframlegget vart det i brev av 4.2.2011 frå Statens vegvesen reist motsegn til planframlegget med tanke på utbetring av krysset med fylkesvegen - Nærøykrysset – i høve til etablering av betre og tryggare kryssingspunkt for mjuke trafikantar. I nemnde brevdokument står det slik m.a; «Før vi kan akseptere ei utbygging av BK1, BK2 og BB, må det utarbeidast ein plan som ivaretek desse forholda, og det må stillast krav i reguleringsføresegna at krysset må vere utbeta i samsvar med ein slik plan før utbygging kan skje.»

Som kjent er det i etterkant av det offentlege ettersynet i 2011 utarbeidt og vedteken reguleringsplan for Nærøykrysset – plan vedteken av Herøy kommunestyre 25.4.2013.


I planomtalen som no ligg føre for bustadområdet på Nærøy er det sagt (på side 40) at «Realisering av reguleringsplanen med utbeta kryssløysing vil bli vidareført av kommunen parallelt med utbygginga av området.»

Etter det vi kan sjå er det i reguleringsføresegene ikkje sagt noko om opparbeiding av krysset i samsvar med vedteken reguleringsplan. I og med at det ikkje er innarbeidt krav i planføresegnene om utbetring av Nærøykrysset, i tråd med motsegna fremja ved 1. gongs offentleg ettersyn, gjeld motsegna framleis.

Utover dette har vi ikkje særlege merknader til planframlegget, men vi presiserer at motsegna fremja ved 1. gongs offentleg ettersyn framleis står ved lag.

Plan- og trafikkseksjonen

Med helsing

for 
Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar


Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



12/606

Utv.

Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Saksbehandler	HR
30 MAI 2014	
Ark. kode P	
Ark. nr. S	
J. nr.	Dok. nr.
Klasse	

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlende eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2010/005370-021

Dykkar referanse:
2012/606

Vår dato:
26.05.2014

Fv 18 - Herøy kommune - Detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy - Gnr. 24 bnr. 2 m.fl. Leinøy - Tilbakemelding på oppmoding om trekking av motsegn

Viser til brev av 8.5.2014 frå Herøy kommune der Statens vegvesen vert oppmoda om å trekkje motsegn til reguleringsframlegg for bustadområde på Nærøy – gnr 24 bnr 2 m.fl.

Sjå elles vedlagde kopi av e-post av 18. d.m. frå Hundane bustadfelt v/ Jørn Remøy.

Slik vi frå Statens vegvesen si side vurderer saka må ei eventuell oppheving/trekking av motsegna baserast på konkrete løysingar på tiltak, som vil betre trafikktryggleiken, i Nærøykrysset. Og då slik at det gjennom reguleringsplanen for bustadområdet vert nedfelt rekkjefølgjekrav om mellombels utbetring av krysset, inntil regulert rundkøyringsløysing vert realisert, på grunnlag av konkrete og aksepterte skisserte/planlagde løysingar.

I samband med utarbeidinga av reguleringsplanen for Nærøykrysset peika vi på at det burde med fordel utarbeidast og fremjast reguleringsframlegg med T-kryssløysing, med gjennomgåande trafikk på fylkesvegstrekinga frå sør til kommunevegen på Nærøya.

Frå kommunen si side vart ei slik reguleringsløysing forkasta i planprosessen.

Med sikte på eventuell realisering av mellombels utbetringstiltak i Nærøykrysset, i høve til utbygginga av bustadområde under regulering på Nærøya, rår vi til at ei løysing med T-kryss vert vurdert og utgreidd nærare.

Slik saka ligg føre finn ikkje Statens vegvesen å kunne trekkje motsegna no. Motsegna kan eventuelt trekkjast dersom det vert lagt fram løysingar på utbetringstiltak, som vil betre trafikktryggleiken i Nærøykrysset, og då slik at det gjennom reguleringsplanen for bustadområdet vert nedfelt rekkjefølgjekrav om kryssutbetring, inntil regulert rundkøyringsløysing vert realisert, på grunnlag av konkrete skisserte/planlagde tiltak – aksepterte av Statens vegvesen.

Plan- og trafikkseksjonen

Med helsing

for *Gitte Beiermann*
Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud
Hallvard Sæverud

Vedlegg. (Kopiert på andre sida av dette arket.)

Kopi: Hundane boligfelt v/ Jørn Remøy, Fylkeskommunen, Fylkesmannen



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2011 167330-022

Dykkar referanse:

Vår dato:
21.10.2014


Fv 18 - Herøy kommune - Detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy - Gnr 24 bnr 2 m.fl. - Trekking av motsegn.

Viser til skriv i epost – med vedlegg - av i dag frå Herøy kommune v/ Hallvard Rusten.

Planframlegg omarbeidd og endra i samsvar med ovannemnde epost tilseier at det er grunnlag for Statens vegvesen å trekke motsegna av 4.2.2011, i og med det vert teke inn slikt rekkefølgekrav i 3. avsnitt i § 9 reguleringsføresegnene:

«Før utbygging av bustadfeltet skal mellombels utbetringsløysing i Nærøykrysset vere etablert. Det inneber at det ikkje kan gjevast ferdigattest eller bruksløyve etter § 21-10 i plan- og bygningslova til bygningar (bustadhus/husvære) innanfor byggeområda (BF, BK og BB) før mellombelse utbetringstiltak i Nærøykrysset er etablert med T-kryss, samanhengande fortau fram til busslomme og tilrettelagt kryssing av fylkesvegen (jfr. prinsippsskisse i kap. 7.8 i planomtalen).»

Og prinsippsskissa for den mellombelse utbetringa av Nærøykrysset vert denne i planomtalen:



Under føresetnad av endringar i samsvar med eposten – med vedlegg - av i dag frå Herøy kommune vert innarbeidd og vedtekne gjennom slutthandsaminga av detaljreguleringsplanen for bustadområdet på Nærøy, trekkjer Statens vegvesen med dette attende motsegna reist i brevdokumentet herifrå av 4.2.2011.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Gitte Beiermann
kst. seksjonsleiar


Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkesmannen, Fylkeskommunen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg. nr. 2012/606	Saksbeh. HR
- 3 APR. 2014	
Ark.kode P	L12
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr. 46
Kassasjon	

Dykkar ref:
2012/606

Vår ref:
2014/746-2

Arkiv nr:

Saksbehandlar:
Børre Tennfjord

Dato:
01.04.2014

Ny behandling med 2. gongs offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for bustadområde - Gnr. 24 Bnr. 2 M.FL - Nærøy - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket har motteke detaljreguleringsplan for bustadområde på gnr.24, bnr.2 m/fl. I Herøy kommune. Planen er lokalisert på Nærøya, nærare bestemt nordvest for forlenginga av Nærøyvegen og i grensa til gnr.24, bnr.12 og 15.

Herøy Formannskap har handsama plansaka i møte den 4.februar 2014 i F-sak 21/14 og gjorde vedtak om å la planen leggjast ut til offentlig høyring fram til 31.mars 2014.

Generelt

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsle. Etaten er eit forvaltningsorgan under Fiskeri – og kystdepartementet og har det faglege ansvaret for sikring og framkome i norske farvatn og hamner.

Kystverket skal sikre god tilkomst, trygg ferdsl og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv og sikker sjøtransport og hamneverksemd.

Kystverket skal ivareta nasjonale interesser og føringar i mellom anna:

- Lov av 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann (havne- og farvannsloven).
- Ot.prp. nr. 75, (2007-2008) om lov om havner og farvann.
- Losloven og tilhøyrande føresegner.
- Nasjonal transportplan 2014-2023 St. meld nr. 26 (2012-2013).
- Kystverket sitt handlingsprogram 2010-2019.
- St. meld. nr. 14 (2004-05) På den sikre siden – sjøsikkerhet og oljevernberedskap.
- St. meld. nr. 43 (1998-99) Vern og bruk i kystsonen (FKD)
- St. meld. nr. 46 (1996-97) Havner og infrastruktur for sjøtransport (FKD)
- Kystverket – en nasjonal etat for sjøsikkerhet, beredskap og sjøtransport. Mål og strategier.

For å ivareta sjøsikkerheita i norske farvatn, har Kystverket etablert ein omfattande infrastruktur og tilhøyrande maritime tenester. Den fysiske infrastrukturen er samansett av fyr, sjømerke, skilt, etablering og utbetring av farleier og fiskerihamner.

Midt-Norge - Plan- og kystforvaltningsavdelingen

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08
Bankgiro: 7694 05 06766

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no
Org.nr.: NO 970 237 372

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Dei maritime tenestene omfattar mellom anna losteneste, utskriving av farleisbevis, trafikk-
overvaking og -kontroll, elektroniske navigasjonshjelpemiddel, meldings- og informasjons-
tenester (is-, bølge-, straum- og vindvarsling, samt navigasjonsvarsel).

Kystverket har også ansvaret for staten sin beredskap mot akutt forureining og sikring av
norske hamner med internasjonal trafikk (ISPS).

Vurdering

Kystverket har vurdert det innkomne forslaget til regulering og særleg vurdert om plan-
forslaget kan ha verknad på våre fagområde innan hamne- og farvasspørsmål. Kystverket
har så langt **ingen merknader** til det framlagde høyringsutkast på reguleringsarbeidet for
det aktuelle området.

Vi ønskjer å verte halden kontinuerleg orientert om det vidare arbeidet med planframlegget.

Med helsing

Børre Tennfjord
Avdelingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:



Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Telefon: 70 08 64 70
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Helmeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref: 2012/606 UTV/HR


Vår ref: AKL

Dato: 24.03.2014

Uttale til detaljreguleringsplan for bustadområde Nærøy – ny behandling 2. gongs offentlig ettersyn

Ut frå våre saksområde har vi ingen merknad til at planarbeidet.

Med helsing


Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2012/606

Arkivkode
L12

Dato
07.05.2014

REGULERINGSPLAN NÆRØY 24/2 M.FL. - UTTALE FRÅ ANLEGG- OG DRIFTS-AVDELINGA

Ein seier seg lei for at uttale ikkje har vorte innsendt tidlegare.

Køyreveggar:

Av reguleringskartet framgår det at alle køyreveggar er offentlege. Veg 2, 3, 4 og 5 har ikkje tilfredsstillande snuplass for liten lastebil i enden av veg. Dette er ikkje tilfredsstillande med omsyn til drift og vedlikehald. Veg 2, 3 og 4 er så korte at det har lite for seg at dei er offentlege. Desse vegane bør vere private. Veg 5 bør vere offentlig, men det må då opparbeidast snuplass for liten lastebil i enden.

Fortau:

Fortau er innteikna med breidde 2m. Dette er ugunstig i samband med drift og vedlikehald som feing og brøyting. I vedtekne «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal» er breidde på fortau med skulder og evt. kantstein sett til 3,25m. I tillegg kjem evt. grøft.

Ein har elles ikkje særskilde merknader til planen.

Med helsing

Jon Rune Våge

Fra: Camilla Storøy Hermansen

Sendt: 1. april 2014 14:51

Til: postmottak

Emne: Detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy

Høyringsuttale:

Barnerepresentanten har ingen merknader til denne planen sidan det er teke godt omsyn til leikeareal/friareal i den. Likevel ber eg om at det vert sett fokus på arbeidet med trafikktrygginga i dette området sidan denne planen vil utløyse mykje meir trafikk i området.

Camilla Storøy Hermansen, barnerepresentant



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saksnr
2012/606

Arkivkode
L12

Dato
13.02.2014

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE - UTTALE TIL DETALJREGULERINGSPLANEN FOR BUSTADOMRÅDE PÅ NÆRØYA

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kom med slik uttale i møte 10.02.14:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det må takast mest mogleg omsyn til stigningsforhold.

Fra: Jørn Remøy - REM [mailto:jorn.remoy@rem-maritime.no]
Sendt: 22. mars 2014 15:25
Til: postmottak
Emne: Fwd: Ang. forslag til reguleringsplan/bustadområde på Nærøy

Emne: Ang. forslag til reguleringsplan/bustadområde på Nærøy

F-SAK 21/14. Detaljreguleringsplan for bustadområde på Nærøy- GNR. 24 BNR. 2
M.FL.

Viser til tidlegare innsendte merknader frå Hundane Grendalag / Jørn Remøy
(SAKSNR. 2010/422)

Vi ber om att høgder på evt. blokkbygginger på røyeritomta ikkje overgår høgder på
eksisterande bygningsmasse pr. i dag.

Vi ber også om att utbetringa av Nærøykrysset er gjort før ein evt. byggestart i det
aktuelle bustadområdet.

Mvh

For
Hundane Grendalag
Jørn Remøy

Sendt fra Windows E-post



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2012/1361
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
199/14	Formannskapet	18.11.2014
147/14	Kommunestyret	27.11.2014

OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR INDRE BERGSØY - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Herøy kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 områdeplan for indre Bergsøy med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist datert 4.11.2014.

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 områdeplan for indre Bergsøy med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist datert 4.11.2014.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune, post@mrfylke.no

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postmottak@fmmr.no

Grunneigarar, gjenbuarar og naboar til planområdet

Vedlegg:

1. Områdereguleringsplan for indre Bergsøy, sist datert 4.11. 2014.
2. Reguleringsføresegner, sist datert 4.11.2014.
3. Notat. Endringar etter offentleg ettersyn, datert 4.11.2014.
4. Planomtale med vedlegg, sist datert 4.11.2014.
 - A. Innspel ved oppstart av planarbeidet i 2008.
 - B. Merknader og uttalar ved offentleg ettersyn i 2009.
 - C. Merknader og uttalar ved offentleg ettersyn i 2014.
 - D. ROS-analyse.
 - E. Temakart automatisk freda kulturminne.
 - F. Temakart vegar.
5. Statuskart – merknader og uttalar etter off. ettersyn, datert 4.11.2014.

Link til vedlegga (ctrl + klikk for å følgje koblinga)

<https://www.dropbox.com/sh/gyr0bdv6fbd43ai/AACYdMLOoQGko-q2zpowQX51a?dl=0>

Bakgrunn for saka:

I kommunedelplan for indre Bergsøy, godkjend 2004, er det sett av store område til bustadføre mål frå Bergslia/Bergshaugen til Flusund/Reite. I planen er det også lagt til rette for etablering av sambindingsveg mellom dei to bygdelaga. Områdplanen er utarbeidd med sikte på å følgje opp intensjonane i kommunedelplanen.

Planprosess:

Fast utval for plansaker vedtok hausten 2007 at det skulle setjast i gong reguleringsplanarbeid for eit større område på indre Bergsøy. Planarbeidet vart kunngjort igongsett. I samband med kunngjeringa vart det registrert innspel frå fleire offentlege instansar og frå private. Det vert vist til vedlegg 4 A.

Kommunen leigde inn privat konsulent for utarbeiding av reguleringsplan med tilhøyrande dokument. Herøy kommune inviterte til ope møte om reguleringsplanen juni 2008.

Fast utval for plansaker vedtok i møte 16.6.2009 at framlegg til flatereguleringsplan for indre Bergsøy skulle leggjast ut til offentleg ettersyn. Planen låg ute på høyring i

tidsrommet 1. juli til 3. september 2009. Det kom inn ei rekkje uttalar og merknader. Uttalane og merknadene er vurdert og kommentert. Det vert vist til vedlegg 4 B. Møre og Romsdal fylke ved kulturavdelinga, kravde at det måtte gjennomførast arkeologisk registrering før uttale.

Arkeologisk registrering vart gjennomført vår/sommar 2010. Kommunen mottok fråsegn etter arkeologisk registrering i mai 2012. Fylkeskommunen reiste motsegn til reguleringsplanframlegget med bakgrunn i 19 nyregistrerte funn av automatisk freda kulturminne.

Med bakgrunn i motsegna vart planforslaget frå 2009 omarbeidd. Det vart gjort ein del endringar for å tilpasse seg dei store funnområda innanfor området. Største endringa er at sambindingsvegen mellom Bergslia/Bergshaugen og Flusund/Reite er teken ut av planforslaget. Det er også lagt inn fleire store omsynssoner – verneområde (automatisk freda kulturminne).

Desse endringane har redusert areala avsett til bustadføremål i reguleringsplanforslaget som låg ute til offentleg ettersyn i 2009.

Formannskapet vedtok i møte 4.2. 2014, at justert framlegg til reguleringsplan for indre Bergsøy, sist datert 15.1.2014, skulle leggjast ut til offentleg ettersyn. Frist for å kome med merknad var sett til 28.3.2014.

Oppsummering planprosess

Saksnr	Dato	Tema
76/07	30.10.07	Oppstart planarbeid
72/08	09.09.08	Prinsippavklaring – val av vegløyning
51/09	16.06.09	Utlegging til 1. gongs offentleg ettersyn
20/14	04.02.14	Utlegging til 2. gong offentleg ettersyn

Saksopplysningar:

Innan fristen kom det inn 10 uttalar frå offentlege instansar og 32 merknader frå grunneigarar/private. Uttalane og merknadene er vurdert/kommentert og lagt ved saka i vedlegg 4 C.

Saka har vore spesielt krevjande i høve til Møre og Romsdal fylkeskommune. Fylkeskommunen reiste motsegn mot planforslaget i brev datert 28.3.2014. Kulturavdelinga gir uttrykk for at dei ikkje kan fremje dispensasjon for Riksantikvaren før plankart og føresegner er justert.

Kommunen gjekk i dialog med kulturavdelinga og justerte plankart og føresegner, jf. krav frå avdelinga. Justert plankart og føresegner vart sendt til kulturavdelinga 19.5.2014. Møre og Romsdal fylkeskommune sende søknad om dispensasjon frå kulturminnelova til Riksantikvaren 20.6.2014.

Møre og Romsdal fylkeskommune ved kulturavdelinga, melder i brev av 8.10.2014, at Riksantikvaren godkjenner forslag til områdereguleringsplan for indre Bergsøy, under føresetnad av at det vert gjennomført arkeologisk utgraving av heile eller delar av til saman 11 av dei råka kulturminna før tiltak etter planen vert realisert. I samsvar med Kulturminnelova § 10 skal kostnadene ved arkeologisk gansking dekkjast av tiltakshavar. Universitetsmuseet i Bergen stipulerer kostnadene ved ei utgraving av kulturminna til inntil kr 5 300 000,- (2014-kroner og satsar).

Seks av dei råka kulturminna kan fjernast, utan at det medfører vilkår om arkeologisk utgraving.

Riksantikvaren set som vilkår for dispensasjon at reguleringsføresegnene får ein del tilføyingar.

For meir detaljerte vurderingar av Fylkeskommunen sitt innspel, samt kommentarar/vurderingar av andre innspel og merknader viser ein til vedlegg 4 C. Det vert også vist til vedlegg 3.

Planforslaget:

Nedanfor vert gitt ein kort presentasjon av dei mest sentrale formåla i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen. Sakshandsamar vil gå grundig gjennom planforslaget i formannskap og kommunestyre, dersom det er behov for det.

Bustad

Planforslaget legg til rette for 30 område for frittliggjande småhus (FS-område) og 15 område for konsentrerte småhus (KS-område). Til saman er det lagt ut 255 daa til bustadføre mål i planen. Det er krav om utarbeiding av detaljplan for ei rekkje av KS-områda innanfor planområdet.

Leik

Det er lagt til rette for 9 leikeplassar av ulik storleik. Grusbana på Heid inngår i planforslaget.

Veg

Delar av fylkesveg 654 (ved Flusundkrysset) inngår i planforslaget. Flusundvegen inngår også i planen. Det er lagt til rette for sambindingsveg på Flusund/Reite. Det er vist fleire busslommer i tilknytning til eksisterande vegar.

Det er vist ei rekkje interne vegar (samleveggar, bustadveggar og nokre felles og private veggar). I tillegg kjem gang- og sykkelveggar, fortau og gangstiar. Standarden på dei ulike vegane er tilpassa tal bustader og i samsvar med Statens vegvesen si handbok 017.

Parkering

Det er lagt til rette for to parkeringsplassar i planen. Øvre parkeringsplass (like ved grusbana på Heid) vil tene både friluftsområdet og den gamle grusbana på Heid. Det er også lagt til rette for ein mindre parkeringsplass ved sambindingsvegen Flusund/Reite og Flusundvegen. Det er elles føresett at kvar bustadeining har nødvendig parkering på eiga tomt.

Friluftsområde og område med vern av kulturminne og kulturmiljø

I planen er det tre store friluftsområde. I tillegg er det fleire mindre friluftsområde. I tilknytning til fleire av friluftsområda, er det lagt til rette for leikeplassar.

Det er sett av store område til vern av kulturminne og kulturmiljø i planen. Dette i samsvar med krav frå kulturavdelinga på fylket (funn av automatisk freda kulturminne).

Reitevatnet er i planforslaget lagt ut til friluftsområde vassdrag.

Omsynssoner

Transformatorkiosken på Elsebø med tilhørende høgspenningslinjer er lagt ut som faresone – høgspenningsanlegg.

Det er lagt inn krav om rekkjefølgje for opparbeiding av leikeplassar.

Som nemnt ovanfor, vart det i samband med arkeologisk registrering i 2010, gjort funn av ei rekkje automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Ein del av funna, som ein skal ta vare på, er vist som omsynssone (funnområde + sikringssone) – bevaring av kulturminne og kulturmiljø i planen. Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekkje til, skjule eller på anna måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at det kan skje. Eventuelle tiltak skal godkjennast av kulturmynde.

Følgjande bygningar/bygningsmiljø skal etter planforslaget takast vare på: TUNET på Elsebø (gnr. 30, bnr. 2), kårstova på Reite (gnr. 28, bnr. 1), gamleskulen på Berge (gnr. 29, bnr. 28) og bustadhuset på gnr. 27, bnr.35. Dette etter tilråding frå kulturavdelinga. Bygningane som skal takast vare på er markert på plankartet med juridisk linje – bygg, kulturminne som skal takast vare på.

Vurdering og konklusjon:

Som nemnt under saksopplysningar, er innspel i samband med oppstart av planarbeidet, uttalar og merknader i samband med offentleg ettersyn i 2009 og 2014, vurdert/kommentert i eige vedlegg. Ein kjem ikkje nærare inn på vurderingane her.

Endringar / justeringar av plankart og føresegner etter offentleg ettersyn går fram av vedlegg 3.

Barn og unge

Det er i planen lagt til rette for 9 leikeplassar av ulik storleik. Eksisterande grusbane på Heid inngår i planforslaget. Areala har relativt lett tilkomst og gode lys- og solforhold. Leikeområda vil etter administrasjonen sitt syn ikkje verte særskilt utsett for støy eller støv.

Det er lagt inn rekkjefølgjekrav i tilknytning til leikeområda, som sikrar ferdigstilling av områda. Det er vidare i planen lagt opp til grøntareal kring dei freda kulturminna.

Kulturminne

Det er gjennomført store arkeologiske registreringar innanfor området på indre Bergsøy sidan oppstart av planarbeidet i 2007.

Kommunen har etter ein omfattande prosess fått innvilga dispensasjon frå Kulturminnelova under føresetnad av at det blir gjennomført arkeologisk utgraving av heile eller delar av til saman 11 av dei råka kulturminna før tiltak vert realisert. Seks av dei råka kulturminna kan fjernast utan vilkår om arkeologisk utgraving.

Plankart og føresegner er no justert, jf. krav frå Riksantikvaren. Saka er klar for slutthandsaming.

Naturmangfald

Ein har vurdert planforslaget opp mot prinsippa i Naturmangfaldlova og i høve til tilgjengeleg kunnskap i DN sin database. Så langt ein kan sjå, er ikkje planforslaget i konflikt med sårbare artar, naturtypar eller område med særskilt sårbare økosystem.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Det vert vist til planomtalen.

Planprosessen har vore lang og ein skulle gjerne sett at ein kunne leggje til rette for større areal til bustadføre mål på indre Bergsøy. Men det let seg ikkje gjere, på grunn av dei store funna av automatisk freda kulturminne.

Rådmannen meiner at plankart med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd og langt på veg i samsvar med kommunen sine framtidige ønskje for utnytting av areala på indre Bergsøy

Konklusjon:

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, til at kommunestyret godkjenner områdereguleringsplan for indre Bergsøy med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 4.11.2014.

Fosnavåg, 5.11.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR INDRE BERGSØY

§ 1 – Avgrensing av planområdet

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemmingar

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - Privatrettslege avtalar

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12 – 5, nr.1)

- Bustader – frittliggjande småhus (FS)
- Bustader - konsentrerte småhus (KS)
- Energianlegg – transformatorstasjon (E)
- Andre kommunaltekniske anlegg (AKA)
- Leikeplass (LP)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Fortau (F)
- Gang- og sykkelveg (GS)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Parkering (P)

Grønstruktur (PBL. § 12 – 5, nr. 3)

- Turveg (TV)

Landbruks-, natur- og friluftsmål (PBL. § 12 – 5, nr. 5)

- Friluftsmål (FL)
- Vern av kulturmiljø eller kulturminne (VK)

Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL. § 12-5, nr. 6)

- Friluftsområde i sjø og vassdrag (FL)

Omsynssoner (PBL. § 12-6)

- Sikringssone – Frisikt (H140)
- Faresone – Høgspenningsanlegg og høgspenkablar (H370)
- Infrastruktursoner – Rekkjefølgjekrav grønstruktur – leikeplass (H450)
- Angitt omsynssone – Bevaring av kulturmiljø (H570)
- Bandleggingssone- Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

Føresegningsområde (PBL. § 12-7)

- Føresegningsområde kulturminne

§ 5 – FELLESFØRESEGNER

- Områdereguleringsplanen fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. Dei viste samlevegane ligg fast. I tillegg til dei viste vegane kan mindre korte tilkomstvegar takast inn i planen som følgje av detaljplan.
- Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillatt bebyggingsareal i prosent av tomta sitt nettoareal.
- Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.
- Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.
- Innafor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.
- For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf. rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side der støynivået er $L_{den}=55$ dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda. Viser elles til desse føresegnene sine § 15 vedkomande rekkjefølgje.
- Før iverksetjing av tiltak i medhald av planen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna idnr. 138376, 138381, 138383 og 159563, samt av dei delene av idnr. 138372, 138375, 138380, 138384, 138388 og 138390 som er merka som område for føresegn RpBg ID 138376, RpBg ID 138381, RpBg ID 138382, RpBg ID 138383, RpBg ID 159563, RpBg ID 138372, RpBg ID 138375, RpBg ID 138380, RpBg ID 138384, RpBg ID 138388 og 138390 i plankartet.

Kulturminna som er merka i plankartet som RpBg ID 138370, RpBg ID 138378, RpBg ID 138385, RpBg ID 138386, RpBg ID 138387, RpBg ID 138389 kan bli fjerna utan vilkår om utgraving.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

§ 6 – DETALJPLAN, PBL § 12-3

Det skal utarbeidast detaljplan for følgjande KS-område: KS5-KS14.

Detaljplan skal godkjennast av kommunen før utbygging kan skje, jf. også rekkjefølgjekrava i desse føresegnene sin § 15. Detaljplanen skal utarbeidast innan den ramma som områdereguleringsplanen med tilhøyrande føresegner har fastsett. Planane skal utarbeidast i henhold til Miljøverndepartementets retningslinjer og skal fastlegge arealbruk, bygge- og fellesområde og høgder.

Som prinsipp for utbygging av konsentrerte småhusområde skal livsløpsstandard/universell utforming leggst til grunn. Universell utforming skal også leggst til grunn for utforming leikeplassar, jf. TEK.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav. På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks tillaten BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: maksimum BYA 30 %.
- KS - område: minimum BYA 25 % og maksimum BYA 40 %.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m² pr. bilplass.

- b.** Som minste oppphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan FS-område skal det setjast av min. 20m² eigna areal for leik. Arealet skal gå fram at situasjonsplan. Innan KS-område gjeld krav til MUA 15 m². Innan KS-område skal areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60 m².

2. Bustader – frittliggjande og konsentrerte småhus

- a.** I område merka FS kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. I område merka KS kan det byggjast bustadhus i rekke med inntil seks (6) bueiningar i kvar rekke. KS-område skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn.

Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

- b.** I område merka FS og KS skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m² grunnflate og då berre i ei høgde. I FS-områda skal garasjar ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. I KS-område bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittstående enkelt garasje eller carport (til ei buening) byggast med grunnflate inntil 36 m². I KS-område skal garasjar ikkje ha større gesimshøgde enn 3,5 meter og mønehøgde ikkje over 5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.
- c.** Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

3. Energianlegg

Eksisterande transformatoriosk på Elsebø inngår i reguleringsplanen. Innanfor området kan det byggjast nødvendige bygg og installasjonar for el- og telenett. Bygg skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa busetnaden elles i området.

4. Andre kommunaltekniske anlegg (drenskanal)

Innan dette området skal det etablerast naudsynt drenskanal ev med tilhøyrande driftsveg. Ev driftsveg skal vere i slik stand at den er tenleg for vedlikehald av kanalen med mindre gravemaskin. Tverrprofilen til kanalar skal endeleg fastsetjast på grunnlag av vasslinjeberekningar ut frå dimensjonerande nedbør og gjenntaksintervall.

I tillegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggjast på tilgrensande grunn.

5. Leikeplass

Områda merka LP1-LP9 er felles for tilgrensande tomter innanfor området. Leikeplassane skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald. Leikeareala skal utførast som rekreasjons- og leikeområde. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd, leggjast til grunn slik at leikeplassane heilt eller delvis kan nyttast av alle.

Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplass skal opparbeidast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr. Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring.

Eksisterande grusbane på Heid inngår reguleringsplanen.

I leikeområde LP9 ligg automatisk freda kulturminne, Askeladden ID138384. Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminnet eller framkalle fare for at det kan skje.

§ 8 Uteareal tilhørende byggjeareal

- a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Ein bør i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Ev. utelagring kan berre tillatast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.
- d. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.
- e. Ved ev. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e. l. etter detaljplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- f. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- g. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- h. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløp gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.

§ 9 - SAMF.ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:

- køyreveg med tilhørende areal
- gang-/sykkelveg med tilhørende areal
- annan veggrunn - tekniske anlegg
- annan veggrunn - grøntareal
- parkering

Avkøyrsløp skal som hovudregel ikkje leggjast til veg med fortau eller gang-/sykkelveg med mindre det er vist avkøyrsløp eller avkøyrsløpspil på plankartet.

Følgjande vegar er vist som offentlege vegar (o_V): V1, V2, V3, V4, V6, V7, V8, V9, V14, V15, V16, V17, V18, V20, V21, V22, V23, V24, V25, V26, V30, V31, V33, V36 og V40.

Følgjande vegar er vist som felles vegar (f_V): V5, V9, V10,V11,V13, V19,24,V27, V28,V29,V32,V34,V35,V37,V38,V41,V42,V43 og 39.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. kap. 16. Vist skråningsutslag på plankartet kan endrast som følgje av nærare detaljprosjektering.

I vegareal og gangvegareal kan det leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablur.

§ 10 GRØNTSTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 3)

Turvegen på Heid inngår i reguleringsplanen.

§ 11 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL. § 12-5, nr.5)

Friluftsmål

I friluftsområda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for bruken av området. Det kan etablerast gangstiar innanfor området. Gangsti skal ha naturleg dekke ev. dekke av grus.

§ 12 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, nr.6)

Friluftsområde, vassdrag (Reitevatnet)

Friluftsområde vassdrag er eit område som tidvis har vasspegel og som fungerer som magasin for overflatevatnet i området. Området kan demmast opp med ei mindre demning som følgje av feltutbygginga og då sett i samanheng med dimensjoneringa av kanalen frå dette området og ned til resipient. Dette også for å etablere ein meir permanent vasspegel. Som grunnlag for fastsetting av demningshøgde og kanalkapasitet skal det utførast nærmare vasslinjeberekningar. Det skal då også gjerast ei nærmare risikovurdering av etablering av fast demning.

§ 13 OMSYNSSONER (PBL. § 12-6)

1. Sikringssone – frisiktsone (H140)

Frisiktsone er vist med omsynssone, kode H140. Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsona skal planerast ned til 0.5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

2. Faresone – høgspenningsanlegg (H370)

Høgspenningsanlegget på Elsebø er markert med skravur på plankartet (H370). Luftspennet (høgspent) er vist med omsynssone H370, og omfattar eksisterande høgspentlinje på 66kV. Sikringssona i høve til luftspennet er 6 meter til kvar side rekna frå senter, jf. krav frå Mørenett AS.

Det er ikkje tillate å føre opp bygningar eller anna anlegg for varig opphald innanfor faresona. Dette forbodet gjeld fram til omsynssona ikkje lenger er gjeldande, t.d. dersom høgspentlina blir lagt i jordkabel.

Linja skal stå inntil ev. jordkabel gjev grunnlag for fjerning. Linja inkl. stolpar skal då takast ned og fjernast av linjeeigar. Utbygging av området FS8 kan først skje som følgje av omlegging av luftlinja i jordkabel.

Ved eventuell av utskifting av høgspentmaster skal det takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune, ved kulturavdelinga, med tanke på tilpassing til freda kulturminne i området.

3. Infrastruktursone – rekkjefølgjekrav grøntstruktur – leikeplass (H430)

Som omsynssone, H430, er det vist krav om opparbeiding av leikeplassar, LP1-LP10, jf. § 15.

4. Angitt omsynssone – Bevaring av kulturmiljø (H570)

Omsynssone, H570 omfattar dei automatisk freda kulturminna sine sikringssoner og areal som ikkje er avgrensa ytterlegare. Det er ikkje høve til å setje i gong gravearbeid eller andre tiltak som kan skade, flytte, endre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Eventuelle tiltak skal godkjennast av kulturmynde.

Følgjande bygningar/bygningsmiljø skal takast vare på:

I. Tunet på Elsebø (gnr. 30, bnr. 2)

Løa, stabburet og våningshuset på gnr. 30, bnr. 2 skal takast vare på. Eventuelle tilbygg og ombyggingar skal avklarast med Fylkeskonservator før kommunen godkjenner planane.

Kulturlandskapet med vegen i bakkant av husa, murar, marka, tre og plantar er sentrale for opplevinga av det tidlegare gardsbruket og skal takast vare på.

Dersom bebyggelsen får uopprettelege skader på grunn av brann, kan det oppførast bebyggelse med tilsvarande dimensjon og høgde som opphavleg bebyggelse.

II. Kårstova på Reite gnr. 28, bnr.1

Kårstova skal takast vare på. Eventuelle tiltak i tilknytning til kårstova skal avklarast med Fylkeskonservator.

III. Gamleskulen på Berge (gnr. 29, bnr. 28)

Skulen skal takast vare på. Tiltak ut over vanleg vedlikehald må avklarast med Fylkeskonservator.

IV. Bustadhus på gnr. 27, bnr. 35

Bustadhuset skal takast vare på. Fasadeelement som vindu, dører, fasadekledning, taktekking, samt overflatebehandling skal så langt det er råd takast vare på. Ved nødvendig utskifting skal det nyttast same type materialar som originalt. Eventuelle tiltak skal leggjast fram for og avklarast med Fylkeskonservator.

Bygningane som skal takast vare på er markert på plankartet med juridisk linje (1210) – bygg, kulturminne m.m. som skal bevarast.

5. Bandleggingszone - Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

I området er det automatisk freda kulturminne (jf. Kulturminnelova §§ 3 og 4), i form av busetnads- og aktivitetsområde frå ulike tidsepokar. Det er ikkje tillate å setje i verk tiltak som kan skade, flytte, endre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje.

Automatisk freda kulturminne skal merkast og sikrast med gjerde i anleggsperiodane innanfor planområdet.

Eventuelle dispensasjonar frå føresegnene må godkjennast av rett antikvarisk mynde.

Beiting/slått og hogst er tillate.

§ 14 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)

- a. Det vert vist til føresegnene § 7 vedrørende område med krav om detaljreguleringsplan. Før frådeling og utbygging kan finne stad innan dei nemnde områda skal kommunen ha godkjent plan for området.
- b. Felles leikeplassar skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når halve tilhøyrande bustadareal er utbygd. Leikeareal innanfor byggjeareal (MUA) skal opparbeidast samstundes med bustadhusa.
- c. Samtidig med utbygginga av bustader på område KS1 og KS2 skal støyskjerm byggjast som vist på plankartet. Støyskjermen skal også omfatte leikeplassen LP1. Skjermen si høgde skal fastsetjast som følge av støyberekningar. Naudsynt dokumentasjon skal ligge ved søknad om tiltak på KS1 og KS2.
- d. Før utbygging av område FS8 kan gjennomførast, skal høgspentluftlinje gjennom området leggjast i jordkabel (i veg- og friluftareal).
- e. For KS1 og KS2 skal maksimalt støynivå for fasade, leikeplass osv. vere innanfor grenseverdiane i T-1442. Ved tidspunkt for full utbygging innanfor planområdet skal viste støyskjermer byggjast. Ansvar for skjerminga ligg til utbyggjar av området.
- f. Før iverksetjing av tiltak i henhold til plan, skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av heile eller delar av automatisk freda kulturminne lista opp i tabellen nedanfor. Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av utgravinga kan fastsetjast.

RpBgID	Reguleringsområde	Utgraving
138376	KS5	Heile lokaliteten
138381	KS10	Heile lokaliteten
138382	FS24, V28 og VK2	Heile lokaliteten
138383	FS25	Heile lokaliteten
159563	FS16	Heile lokaliteten
138372	KS6, LP3 og V8	Delar av lokaliteten
138375	FS17, KS5 og V9	Delar av lokaliteten
138380	FS23, V25, KS10	Delar av lokaliteten
138384	FS30, KS10, V36, V37, GS13	Delar av lokaliteten
138386	FS28, FS29, V25, V34, fortau, AKA 6, AKA7 og AKA8	Delar av lokaliteten
138388	FS28, V25 og fortau	Delar av lokaliteten
138390	FL11	Delar av lokaliteten
138370	KS8	Utan krav
138378	FS20	Utan krav
138385	FS29, FS31, V25, AKA8, fortau og annan veggrunn	Utan krav

138387	FS26, FS27, FS29, V32,V33, GS16, AKA 4 og AKA5	Utan krav
138386	FS28, FS29, V25, V34, fortau, AKA 6, AKA7 og AKA8	Utan krav for delar av lokaliteten
138389	FS27, V25, fortau og anna veggrunn	Utan krav

- g. V3 skal byggjast som vist på plankartet før kommunen kan tillate bygging innanfor FS8, KS7 og KS8.
- h. V2 skal byggjast som vist på plankartet før kommunen kan tillate bygging innanfor KS3. V8 skal byggjast som vist på plankartet før kommunen kan tillate bygging innanfor KS6.
- i. V7 skal byggjast som vist på plankartet før kommunen kan tillate bygging innanfor KS4. I samband med bygging av V7 skal det etablerast mellombels vendehammar ved GS5. Vendehammaren skal fjernast og det skal leggjast til rette for gang- og sykkelveg som vist på plankartet. V9 skal byggjast som vist på plankartet før kommunen kan tillate bygging innanfor FS17, KS5 og KS15.
- j. V25 skal byggjast som vist på plankartet før kommunen kan tillate bygging innanfor følgjande område: FS24, FS25, FS26, FS27, FS 29, FS30, KS10-KS14.

Fosnavåg 15.1.2014.

Revidert jf. dialog med kulturavdelinga 20.5.2014.

Revidert jf. dispensasjon frå Kulturminnelova mm. 4.11.2014.



Herøy kommune, xx/xx/2014





ordfører

rådmann

NOTAT

Reguleringsplan for indre Bergsøy – endringer etter offentlig ettersyn

Endringer etter krav frå kulturavdelinga før søknad om dispensasjon	
Idnr./tema	Endring
146151	Er tatt ut av planforslaget
159573	159573 er lagt inn, jf. utsnitt nedanfor. Ca. 20 meter brei hensynssone. 
159564 og 6375	159564 og 6375 er lagt inn, jf. kartutsnitt nedanfor. 
138390	138390 er lagt inn med linje

	
<p>138388 og 138386</p>	<p>Justeringar er gjort i høve til 138388 og 138386.</p> 
<p>Endringar etter dispensasjonssøknad</p>	
<p>138390</p>	<p>Justering av grense for funn 138390 etter krav frå kulturavdelinga</p> <div style="display: flex; justify-content: space-around;"> <div data-bbox="400 1328 762 1592">  <p>Off. ettersyn</p> </div> <div data-bbox="842 1328 1187 1592">  <p>Justert etter disp.søknad</p> </div> </div>
<p>159563</p>	<p>Justering av grense for funnområde 159563 etter krav frå kulturavdelinga</p>
<p>Endringar etter uttalar / merknader frå offentlege høyringsinstansar og private i samband med offentlig ettersyn</p>	
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Busslomma ved o_V12 vert teke ut av planforslaget. I framtida kan det tenkjast at gnr. 29, bnr. 6 og gnr. 29, bnr. 53 og 118, vil få endra tilkomst (frå sør) ved etablering av ny felles avkjørsle. Det er i den samanheng også naturleg at ein ser nærare på plassering av busslomme i området. <p>(jf. Uttale frå Statens vegvesen og merknad frå Berge bedehus og</p>


Oleif Berge Digernes).

2. Vendehammaren i o_V7 vert flytta til enden av vegen (om lag som i planforslaget frå 2009). Området på oppsida av vegen vert lagt ut til konsentrert bebyggelse (KS).



(jf. merknad frå Elisabeth og Tor Sverre Smådal og Roald Harald Brudevoll).


3. Gnr. 28, bnr. 2. Grensa er justert, slik at stabburet til Hjorthaug vert innlemma i byggeområdet (FS23).




(jf. merknad frå Ottar Lars Hjorthaug)

4. Endring av plankart ved gnr. 29, bnr. 74. Eigar av gnr. 29, bnr. 74, kom i samband med offentlig ettersyn med ønskje om moglegheit for oppføring av bustadhus på delar av eigedommen. Endring inneber justering av grense for leikeområde LP5 og reduksjon av arealet.


Eigar har også søkt om dispensasjon. Kommunen har vore i dialog med grunneigar. Kommunen har kome fram til at ein kan redusere LP5 og justere grensa. Saka har vore på høyring, utan vesentlege merknader.



Høyringsforslag



Endring etter offentlig høyring

	5. Endra breidda på omsynssona i tilknytning til høgspenteleidning på Heid (frå 10 til 6 meter frå senter), jf. uttale frå fylkesmannen.
	6. Endring av plankart ved KS3 mm., etter merknad frå Heltne og anleggs- og driftsavdelinga.
	 <p>Plankart ved off. ettersyn Justert plankart november 2014</p>
Teiknforklaring	Teiknforklaringa – skravur endra, jf. frå kulturavdeling (frå raud til svart). Lagt inn tekst.
Føresegnene	Føresegnene har vorte justert som følgje av krav frå kulturminnemynde og i samband med at det er gjort endringar på plankartet.

Fosnavåg 4.11.2014.

Berit Sandvik Skeide

Planomtale

Herøy kommune

Områdereguleringsplan for indre Bergsøy



Herøy kommune

Innhold

1.	Samandrag	3
2.	Nøkkelopplysningar	5
3.	Bakgrunn for planarbeidet	6
3.1	Bakgrunn	6
3.2	Formål	6
3.3	Planprosess	6
4.	Planstatus	10
4.1	Kommuneplanen	10
4.2	Reguleringsplanar	10
5.	Planområdet	11
5.1	Lokalisering	11
5.2	Avgrensing	12
5.3	Storleik og eigedomstilhøve	13
5.4	Eksisterande busetnad	13
5.5	Topografi og landskapstrekk	14
5.6	Vegetasjon, dyreliv og andre naturforhold	15
5.7	Kulturminne	16
5.8	Veg- og trafikkforhold	17
5.9	Støy	18
5.10	Vatn og avløp	18
5.11	Private og offentlege servicetilbod	18
6.	Planskildring	19
6.1	Nøkkeldata	19
6.2	Reguleringsformål	19
6.3	Omsynsoner	22
6.4	Risiko og sårbarheit	24
6.5	Plankart og føresegner	25
7.	Konsekvensar av planforslaget	26
7.1	Konsekvensutgreiing	26
7.2	Støy	26
7.3	Overflatevatn	26
7.4	Høgspenningsanlegg	27
7.5	Kulturminne og kulturmiljø	28
7.6	Naturmangfaldlova	29
7.7	Universell utforming	29
7.8	Born og unge	29
7.9	Estetikk	30
7.10	Økonomiske konsekvensar for kommunen	30

Vedlegg:

- A. Innspel ved oppstart av planarbeidet i 2008
- B. Merknader og uttalar ved offentleg ettersyn i 2009
- C. Merknader og uttalar ved offentleg ettersyn i 2014
- D. ROS
- E. Temakart automatisk freda kulturminne
- F. Temakart vegar

1. Samandrag

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein områdereguleringsplan med tilrettelegging for framtidig bustadbygging med tilhøyrande leikeplassar og friluftsområde på indre Bergsøy.

Området på indre Bergsøy er i kommunedelplan for Bergsøy lagt ut til bustadføre mål og offentleg anlegg (gravplass).

Fast utval for plansaker vedtok hausten 2007 at det skulle setjast i gong reguleringsplanarbeid for eit større område på indre Bergsøy. På grunn av redusert kapasitet på planavdelinga, engasjerte kommunen konsulentfirmaet AG Plan og Arkitektur AS til å utarbeide reguleringsplan for området.

Konsulent utarbeidde to skisseforslag til utnytting av området, alternativ 1 og alternativ 2. Alternativ 1 la til rette for sambindingsveg mellom Bergslia/Bergshaugen og Flusund/Reite. Alternativ 2 la til rette for samanhengande gang- og sykkelveg, med moglegheit for gjennomkøyring for utrykkingskøyrety og ev. ringbuss.

Fast utval for plansaker gjekk i møtet 9.9.2008 inn for at alternativ 1 skulle leggjast til grunn for det vidare planarbeidet. Konsulent utarbeide reguleringsplankart med tilhøyrande dokument. Fast utval for plansaker vedtok i møte 16.6.2009 at framlegg til reguleringsplan skulle leggjast ut til offentleg ettersyn.

Møre og Romsdal fylke ved kulturavdelinga kravde at det måtte gjennomførast arkeologisk registrering i området. Arkeologisk registrering vart gjennomført vår/sommar 2010. Det vart ikkje gjort registreringar på gnr. 27, bnr. 6 på Flusund, då grunneigar sette seg i mot. Kommunen mottok fråsegn etter arkeologisk registrering i mai 2012. Møre og Romsdal fylkeskommune reiser motsegn til reguleringsplanforslaget med bakgrunn i 19 nyregistrerte funn av automatisk freda kulturminne. Kulturavdelinga opprettheld motsegna inntil funna er tilstrekkeleg sikra gjennom regulering til omsynssoner eller det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Kommunen har vore på synfaring i lag med arkeolog og det er gjennomført ein tidkrevjande og grundig dialog med kulturavdelinga. Kulturavdelinga har gitt signal om kva område dei kan tilrå dispensasjon frå kulturminnelova og kva område som bør takast vare på.

Med bakgrunn i dialogen med kulturavdelinga, omarbeidde kommunen planforslaget som låg ute til offentleg ettersyn i 2009. Det vart gjort ein god del endringar i planforslaget, for å tilpasse seg dei store funnområde. Største endringa er at sambindingsvegen mellom Bergslia/Bergshaugen og Flusund/Reite er tekne ut av planforslaget. Planen er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova av 1.7.2009.

Formannskapet vedtok i møte 4.2. 2014, å leggje justert framlegg til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn. Det kom inn ei rekkje merknader og uttalar til planforslaget.

Møre og Romsdal fylkeskommune ved kulturavdelinga, reiste motsegn mot planforslaget. Planforslaget vart justert jf. krav frå kulturavdelinga og sendt over til fylkeskommunen med oppmoding om å fremje dispensasjon overfor Riksantikvaren.

Riksantikvaren har godkjent forslag til områdereguleringsplan for indre Bergsøy, under føresetnad av at det vert gjennomført arkeologisk utgraving av heile eller delar av til saman 11 av dei råka kulturminna før tiltak etter planen kan realiserast. Seks av dei råka kulturminna kan fjernast, utan vilkår om arkeologisk utgraving.

Planframlegget omfattar slike areal i daa:

Område	Ca. storleik, daa
Bygningar og anlegg	
FS – frittliggjande småhus	191 daa
KS – konsentrerte småhus	64 daa
IDR – Idrettsstadion	5,8 daa
E – Energianlegg	2,6 daa
AKA - Andre kommunaltekniske anlegg	4,4 daa
LP – leikeplass	17,2 daa
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
V – køyreveg	52 daa
F – fortau	3,7 daa
GS – gang-/sykkelveg	11 daa
Annan veggrunn tekniske anlegg	18 daa
P – Parkering	1,5 daa
Grøntstruktur	
TV – Turveg	0,6 daa
Landbruks-, natur og friluftsmål	
FL – Friluftsmål	62 daa
VK – verna av kulturminne eller kulturmiljø	73,4 daa
Bruk og vern av sjø og vassdrag	
FL – friluftsområde i sjø og vassdrag	1,8
SUM	509 daa

Planarbeidet er vurdert i høve til forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova. Arbeidet kjem ikkje inn under føresegnene i forskrifta. Tiltakshavar er Herøy kommune. Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS og Herøy kommune. Det meste av arealet innanfor planområdet er i privat eige.

Det er ikkje fastsett kven som skal stå som utbyggjarar innanfor området. Kommunen skal godkjenne tekniske anlegg og kan vedta utbyggingsavtalar mellom tiltakshavar og kommunen. Tekniske anlegg omfattar veg, gangveg, fortau, leidningsnett til vatn, avløp og overflatevatn, pumpestasjon, slamavskiljar samt el- og teleforsyning mv.

2. Nøkkelopplysningar

Kommunedel	Bergsøy
Stad/adresse:	6091 Fosnavåg
Forslagstillar:	Herøy kommune
Grunneigar:	Ei rekkje grunneigarar
Plankonsulent:	AG Plan og arkitektur AS
Eksisterande planstatus:	Kommunedelplan for Bergsøya (bustad). Fleire tilgrensande reguleringsplanar (ulike føremål).
Planområde sitt areal (daa):	509 daa
Viktigaste reguleringsføremål:	Frittliggjande småhus, konsentrerte småhus, vegar, grøntstruktur
Tal bueiningar	30 område for frittliggjande småhus og 15 område for konsentrerte småhus
Aktuelle problemstillingar:	Bustader, veg, grøntstruktur, kulturminne
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei

3. Bakgrunn for planarbeidet

3.1 Bakgrunn

I kommunedelplan for Bergsøy, godkjend i 2004, er det sett av store område til bustadføremål frå Bergslia/Bergshaugen til Flusund/Reite. I planen er det også lagt til rette for etablering av sambindingsveg mellom dei to bygdelaga.

3.2 Formål

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein områdereguleringsplan med tilrettelegging for bustadbygging indre Bergsøy.

Herøy kommune ønskjer som planmynde, å leggje til rette for bustadbygging i dette området. Planområdet ligg i sentralt i kommunen med relativt kort veg til barnehage, skule, fritidsområde og sentrumsfunksjonar.

Reguleringsplanen vert fremja som områdereguleringsplan. Det vert stilt krav om utarbeiding av detaljplanar for fleire område innanfor planen.


3.3 Planprosess

Fast utval for plansaker vedtok hausten 2007 at det skulle setjast i gong reguleringsplanarbeid for eit større område på indre Bergsøy.

Planarbeidet vart kunngjort igongsett med frist for å kome med innspel sett til 6.12.2008. Innan fristen kom det inn 5 innspel frå offentlege instansar og 12 innspel frå private. Sjå planomtalen, vedlegg A med oversikt og kommentar til innspel og merknader.

På grunn av redusert kapasitet på planavdelinga, engasjerte kommunen konsulentfirmaet AG Plan og Arkitektur AS til å utarbeide reguleringsplan for området.

Herøy kommune inviterte til ope møte om planane for indre Bergsøy 24.6.2008. Konsulent Kåre Gjengedal presenterte to forslag til utnytting av området, alternativ 1 og alternativ 2. Alternativ 1 la til grunn vegløysinga som er vist i kommuneplanen sin arealdel, med sambindingsveg mellom Bergslia/Bergshaugen og Flusund/Reite. I alternativ 2 var sambindingsvegen teken ut. Alternativet la til rette for samanhengande gang- og sykkelveg, med moglegheit for gjennomkøyring for utrykkingskøyrety og eventuell ringbuss.



Alternativ 1




Alternativ 2

Deltakarane vart i møtet invitert til å kome med innspel til alternativa. Kommunen fekk inn 20 innspel til alternativa. Kommunen fekk mellom anna innspel om at krysset frå fylkesveg 654 til Flusund bør utbetrast.

Fast utval for plansaker gjekk i møte 9.9.2008 inn for at alternativ 1 skulle leggjast til grunn for det vidare planarbeidet. Utvalet gjekk også inn for at planområdet skulle utvidast, slik at ein fekk med krysset frå fylkesveg 654 til Flusund. Uttaleinstansane og berørte grunneigarar fekk brev om utviding av planområdet, med frist for å kome med innspel. Det kom inn to innspel.

Fast utval for plansaker vedtok i møte 16.6.2009 at framlegg til flatereguleringsplan for indre Bergsøy skulle leggjast ut til offentleg ettersyn. Planen låg ute til offentleg ettersyn i tidsrommet 1. juli til 3. september 2009.



Planforslaget som låg ute til offentlig ettersyn i 2009

Innan fristen kom det inn 3 uttalar frå offentlege instansar og 28 merknader frå grunneigarar/private.

I samband med offentlig ettersyn, kravde Møre og Romsdal fylke ved kulturavdelinga, at det måtte gjennomførast arkeologisk registrering i området. Arkeologisk registrering vart gjennomført vår/sommar 2010. Det vart ikkje gjort registreringar på gnr. 27, bnr. 6 på Flusund, då grunneigar sette seg i mot. Arealet er teke ut av reguleringsplanforslaget som no ligg føre.

Kommunen mottok fråsegn etter arkeologisk registrering i mai 2012. Møre og Romsdal fylkeskommune reiste motsegn til reguleringsplanforslaget med bakgrunn i 19 nyregistrerte funn av automatisk freda kulturminne. Kulturavdelinga opprettheld motsegna inntil funna er tilstrekkeleg sikra gjennom regulering til omsynssoner eller det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Formannskapet vart orientert om resultatet etter arkeologisk registrering i møte 18.9.2012.

Kommunen har hatt møte med kulturavdelinga og det er gjennomført synfaring i planområdet. Kommunen har etter ein omfattande dialog med kulturavdelinga fått klarlagt kva område avdelinga er villige til å tilrå dispensasjon frå kulturminnelova for og kva område som bør takast vare på.

Med bakgrunn i dialogen med kulturavdelinga, omarbeidde kommunen planforslaget som låg ute til offentlig ettersyn i 2009. Det vart gjort ein god del endringar i planforslaget, for å tilpasse seg dei store funnområda. Største endringa er at sambindingsvegen mellom Bergslia/Bergshaugen og Flusund/Reite er teke ut av planforslaget. Samt at det er lagt inn fleire store omsynssoner – verneområde. Endringane har redusert areala avsett til bustadføremål i reguleringsplanforslaget som låg ute til offentlig ettersyn i 2009.

Formannskapet vedtok i møte 4.2.2014, at justert framlegg til reguleringsplan for indre Bergsøy skulle leggjast ut til offentlig ettersyn i 6 veker. I samband med offentlig ettersyn kom det inn 10 uttalar frå offentlege instansar og 32 merknader frå grunneigarar/private. Uttalane og merknadene er vurdert/kommentert. Det vert vist til vedlegg C.

Møre og Romsdal fylkeskommune reiste motsegn mot planforslaget i brev, datert 28.3.2014. Kulturavdelinga stilte krav om at det må gjerast ein del små justeringar av plankart og føresegner, før dei kan fremje av søknad om dispensasjon til Riksantikvaren.


Riksantikvaren har godkjent områdereguleringsplan for indre Bergsøy, under føresetnad av at det vert gjennomført arkeologisk utgraving av heile eller delar av til saman 11 av dei råka kulturminna før tiltak etter planen kan realiserast. Arkeologisk utgraving skal dekkjast av tiltakshavar. Seks av dei råka kulturminna kan fjernast, utan at det er krav om utgraving.

4. Planstatus

4.1 Kommuneplan

Kommunedelplan for Bergsøy

Planarbeidet byggjer på godkjend kommunedelplan for Bergsøy, datert 16.12.2004. Planområdet er i kommuneplanen sett av til bustadføremål og offentleg anlegg (gravplass). Det er i planen vist framtidig sambindingsveg mellom Bergslia/Bergshaugen og Flusund/Reite.



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel frå 2004

4.2 Reguleringsplanar

Bergsøy/Bendal (RP3, sist endra 19.10.1993).

Området er i hovudsak bygd ut. Infrastrukturen er bygd ut. Delar av planen inngår i dette planforslaget.

Bergshaugen (RP 32, stadfest 12.10.2001)

Nedre del av planområdet omfattar deler av dette arealet. Feltet er delvis utbygd. Planen for Bergshaugen er teken inn i områdeplanen slik den er stadfest.

5. Planområdet


5.1 Lokalisering

Planområdet ligg på Bergsøya i Herøy kommune. Området ligg sentralt i ytre del av kommunen og i forhold til den regionale bustadbygginga.



Lokalisering av planområdet

Det er kort veg til fjell og sjø. Området har god tilknytning til overordna vegnett og det regionale kollektivtilbodet. Sentrale tilknytingspunkt er Fosnavåg sentrum, Eggesbønes, skulane, Mjølstadneset og friluftsområda.



Planområdet si sentrale plassering:

- A. Fosnavåg sentrum (butikkar, kafear, bank m.m.)
- B. Barnehagar, barne- og ungdomsskule, vidaregåande skule, badeanlegg, kulturhus.
- C. Eggesbønes (butikkar, apotek, sjukeheim, lege, NAV mfl.)
- D. Mjølstadneset (industriområde)
- E. Einedalen skule (barneskule, 1.-7.klasse)
- F. Friluftsområde

5.2 Avgrensing

Planområdet grensar i sør/søraust til fylkesveg 654. Flusundvegen inngår i reguleringsplanframlegget. I nord grensar planen til Flusund gravplass og utmarksareala tilhøyrande Berge, Reite og Flusund. I vest grensar planen til eksisterande bustadområde (reguleringsplan for Bergsøy /Bendal).



Flyfoto med planen si avgrensing innteikna

5.3 Storleik og eigedomstilhøve

Planområdet omfattar 509 daa. Ei rekkje eigedomar inngår i området. Areala innanfor planområdet er i all hovudsak i privat eige.

5.4 Eksisterande busetnad

Delar av planområdet er bebygd, i all hovudsak av frittliggjande einebustader frå ulike tidsepokar. Det er også innslag av fleirmannsbustader. Det er ein del eldre karakteristiske løer innanfor området.




Lengst t v. eldre våningshus med løe, truleg frå 1940-50-talet. Bustadhusa er oppført i perioden 2005-2008




Eksempel på eldre løer innanfor området.

5.5 Topografi/landskapstrekk

Terrenget varierer mykje innanfor området, frå relativt flate landbruksareal til meir markerte skråningar. Øvre delar av planområdet er synleg både på nært og fjernt hald.



Hellingskart for området




Landskapsrom

Terrenget si helling og dei markerte skråningane dannar rom og avgrensingar for busetnaden. Landskapet innanfor området kan grovt delast inn i tre store rom. Planområdet ligg vendt mot sør og aust. Området har god soltilgong heile året.

5.6 Vegetasjon, dyreliv og andre naturforhold

Området består av fulldyrka jord (lettbrukt og mindre lettbrukt), overflatedyrka jord og ein del beite (innmark og utmark). Delar av området er kledd med furuskog og lauvskog.

Det er etter det kommunen kjenner til, ikkje registrert raudlisteartar eller andre spesielle naturverdiar i området.




Markslagkart for området

5.7 Kulturminne

I samband med arkeologisk registrering innanfor området sommar/haust 2010, vart det funne 19 nye automatisk freda kulturminne innanfor området. Frå før var det 2 kjende fornminne i området. Lokalitetane inngår i planområdet.


Det er ei rekkje SEFRAK-registrerte bygg frå ulike tidsepokar innanfor området.



Kartutsnitt frå kulturminnebasen Askeladden. Område med raudt omriss viser automatisk freda kulturminne med omsynssone C

5.8 Veg og trafikkforhold

I følge www.gislink.no har fylkesveg 654 ein ÅDT på 6250 på strekninga som inngår i planområdet. Fylkesveg 654 har fartsgrense 60 km/t. Dei andre vegane innanfor planområdet har fartsgrenser på 30 og 50 km/t.



Utsnitt frå NVDB som viser ÅDT og fartsgrenser i området

Det er fleire kjende ulykkespunkt på strekninga, med lettare skadde og alvorleg skadde.



▲ Alv. skadd ▲ Lett skadd

Dei ulike vegane innanfor området har ulik vegstandard med bakgrunn i ulik trafikkmengde og fartsgrense. Vegane har også ulike stigningstilhøve, frå relativt flate vegar til bratte vegar.

5.9 Støy

Støysituasjonen i tilknytning til fylkesveg 654, Flusundvegen og den nye vegen på Flusund/Reite er vurdert. Trafikkmengda langs fylkesveg 654 og Flusundvegen er vurdert å kunne kome i konflikt med dei krava som er sett i rettleiaren for handsaming av støy i arealplanlegginga. Sjå punkt 7.2.


Ein kjenner ikkje til andre støykjelder innanfor området.

5.10 Vatn og avløp

Herøy Vasslag AS opplyser at det er god vasskapasitet i området i dag. Framtidig bygging i området vil krevje utbygging av hovudleidningar og sekundærleidningar. Sløkkjevasskapasiteten er også god.

5.11 Private og offentlege servicetilbod

Det er fleire barnehagar som ligg sentralt på Bergsøya i høve til planområdet. Etter det kommunen kjenner til har barnehagane kapasitet til å ta i mot fleire born.



Oversikt over offentlege tilbod i nærleiken til planområdet

Det er relativt kort veg til skuleområdet på Bergsøya. Skuleområdet inneheld barne- og ungdomsskule (Borga, Blåhaugen og ytre Herøy ungdomsskule) og vidaregåande skule. Det er også relativt kort veg til Einedalen skule på Leinøy.

6. Planskildring

6.1 Nøkkeldata

Areala er delt inn i følgjande område:

Område	Storleik, daa	Utnytting, BYA	Kommentar
FS1 – FS30	188,7	Utnytting, maks BYA=30 %	30 område for frittliggjande småhus
KS1 - KS15	66,3	Utnytting, maks BYA=40%. Tomtedeling skal i hovudsak fastsetjast som del av detaljplan	15 område for konsentrerte småhus
IDR - Idrettsplass	5,8		Gjeld grusbana på Heid
E - Energianlegg	2,6		Gjeld transformatorstasjonen på Elsebø
Andre kommunaltekniske anlegg	4,4		Gjeld kanalar og transformatorstasjon.
Leikeplassar	17,2		
Køyreveggar	52		
Fortau	3,7		
Gang/sykkelveg	11		
Annan veggrunn	18		
Parkeringsplass	1,5		Gjeld parkering, tilkomst til friluftsområdet på Heid.
Friluftsområde, land	62,0		
Friluftsområde, vatn	1,8		Gjeld Reitevatnet
Friluftsområde, vern av kulturminne	77,2		
Samla området	509		

6.2 Reguleringsformål

6.2.1 Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

Frittliggjande småhus og konsentrerte småhus (FS1-FS30 og KS1-KS15)

Det er i planen lagt til rette for 30 område for frittliggjande småhus (FS-område). Innanfor FS-områda er det tillate med to (2) bustadeiningar. Primært bør tomtene nyttast til eitt hovudhusvære og ev. sekundærhusvære, men det er ikkje sett avgrensingar som hindrar to likeverdige husvære om tomta tillèt det m.o.t. tillaten BYA. Maksimum tillaten BYA er sett til 30 % for FS-områda. I FS-områda skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 meter. På kvar tomt skal det opparbeidast eit minste opphaldsareal på 20 m² pr. bueining.

Det er lagt til rette for 15 område for konsentrerte småhus (KS-område). For KS-områda er minimum BYA sett til 25 % og maksimum BYA sett til 40 %.

I KS-områda skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 meter. Det er krav om utarbeiding av detaljplan før utbygging av KS-områda, med unntak for KS1 og KS2. Det vert vist til reguleringsføresegnene.

Energianlegg (E)

Eksisterande transformatorstasjon på Elsebø inngår i reguleringsplanforslaget. Innanfor området kan det førast opp nødvendige bygg og installasjonar for el- og telenett. Bygg skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa busetnaden elles området.

Andre kommunaltekniske anlegg (AKA, dremskanal)

Innanfor desse områda skal det etablerast naudsynt dremskanal ev. med tilhøyrande driftsveg. Eventuell driftsveg skal vere i slik stand at den er tenleg for vedlikehald av kanalen med mindre gravemaskin. Tverrprofilen til kanalar skal endeleg fastsetjast på grunnlag av vasslinjeberekningar ut frå dimensjonerande nedbør og gjentaksintervall. I tillegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggjast på tilgrensande grunn.

Leikeplass (LP1-LP9)

Det lagt til rette for ni leikeplassar med ulik storleik i planforslaget. Grusbana på Heid inngår forslaget. Leikeplassane er felles for tilgrensande tomter innanfor området. Leikeplassane skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald. I leikeområde LP9, ligg automatisk freda kulturminne i grunnen, Askeladden ID138384. Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminnet eller framkalle fare for at det kan skje. Leikeapparat og liknande skal plasserast på ein slik måte at dei ikkje kjem i konflikt med kulturminnet.

Det er lagt inn rekkjefølgjebestemmingar i tilknytning til leikeplassane.

6.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

Køyreveg, gang-/sykkelveg og fortau

Fylkesveg 654 (o_V21) er gitt profil i samsvar med vegvesenet si handbok 017, med standard som S1 veg. Arealet til køyrebane er sett til 8.5 meter. Skilje mellom gang-/sykkelveg er likevel sett til 1.5 m grunna lite tilgjengeleg areal. Gang- og sykkelvegen er gitt breidd 3.5 m. I tillegg kjem «anna trafikkareal» til grøft, snøopplag mv. I samsvar med 231 Rekkverk, legg vi til grunn at ev. rekkverk vert vurdert nytta som sikring.


Samlevegen til Flusund (o_V23) er gitt standard som Sa2 veg etter handbok 017. Som skilje mellom køyreveg og gang- og sykkelveg er sett 1.5 meter. Gåande og syklande er føresetta sikra ved at rabatten vert bygd med opphøgde kantstein.

Sambindingsvegen på Flusund/Reite (o_V25) har regulert køyrebanebreidde på 6.5 meter. Veggen har langsgåande fortau med breidde 3 meter. Det er lagt til grunn at det skal leggjast opphøgde kantstein mellom køyrevegen og fortauet. I tillegg kjem «anna trafikkareal» til grøft, snøopplag mv.

Busslommer

Det er vist busslomme på fv 654 i tilknytning til krysset med Flusundvegen. Busslomma for stopp mot Fosnavåg (inngående) ligg om lag som i dag. Det er elles lagt til rette for busslomme om lag ved parkeringsplassen for friluftsområdet på Heid. Det er også lagt til rette for busslomme i området ved krysset mellom sambindingsveg til Flusund/Reite og Flusundvegen.

Interne vegsystem i feltet



Vegsystemet i feltet er bygd opp med samleveggar, bustadveggar og nokre felles og private veggar. I tillegg kjem gangveggar og gangstiar. Standarden på dei enkelte vegane er tilpassa talet bustader og i samsvar med Statens vegvesen si handbok 017. I all hovudsak ligg veglengdene for dei ulike typane veggar innan dei fastsette plannormene. Vegstigninga er kontrollert ved konstruksjon av lengdeprofil for vegane.

Parkering

Det er lagt til rette for to parkeringsplassar i reguleringsplanforslaget. Øvre parkeringsplass (like ved grusbana på Heid) vil tene både friluftsområdet og den gamle grusbana på Heid. Det er også lagt til rette for ein mindre parkeringsplass ved sambindingsvegen Flusund/Reite og Flusundvegen (bak FS21).

Det er elles føresett at kvar bustadeining har naudsynt parkering på eiga tomt, jf. gjeldande krav i plan- og bygningslova.

6.2.3 Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

Turveg (TV)

Delar av turvegen på Heid inngår i planforslaget og er regulert som turveg. Det er også lagt til rette for ein turveg ved AKA2.

6.2.4 Landbruks-, natur- og friluftsmål (PBL § 12-5, nr. 5)

Friluftsområde på land

I planen er det tre store friluftsområde (FL5, FL6, FL8 og FL11). I tillegg er det fleire mindre friluftsområde. I tilknytning til fleire av friluftsområda er det lagt leikeplassar, slik at tilknytninga til friluftsområda vert naturleg.

Folk kan ferdast fritt i friluftsområda. I områda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjønner er til hinder for bruken av området. Det kan etablerast gangsti gjennom områda.

Vern av kulturminne og kulturmiljø

Dette er område som er omfatta av omsynssone C og D. Sjå punkt 6.3.

6.2.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL § 12-5, nr. 6)

Friluftsområde i sjø og vassdrag

Reitevatnet er lagt ut som friluftsområde – vassdrag. Vatnet har ikkje lenger ein klar vasspegel. I tidlegare tider var vatnet så stort at det kunne nyttast vinterstid til skeising og leik. I dag framstår området som ei myrlendt område. Det er ønskeleg å kunne få tilbake vatnet med muligheita til å danne ein vasspegel. I tilknytning til bygging av dremskanal vil slik regulering med ei mindre demning også kunne redusere storleiken på dremskanalen fordi vatnet kan danne ein buffer mot dei største nedbørstoppane. I samband med dimensjonering av kanalen bør ein difor vurdere muligheita for ei mindre oppdemming slik at tidlegare tilstand kan verte etablert på nytt.

6.3 Omsynsoner (PBL § 12-6)

Sikringssone – frisikt (H140)

Frisikt i vegkryss må ikkje nyttast slik at den på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsona skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

Faresone - høgspenningsanlegg – transformatoriosk og luftspenn (høgspenn) (H370)

Gjeld område merka med E (transformatoriosk). Med omsyn til eventuell stråling frå høgspenn i trafostasjon er det i planen vist omsynssone, kode H370, for området.

Frå Flusundvegen og over «brinken» og opp til grusbana på Heid går det i dag ei 66 kV kraftline. Omlegging frå luftspenn til jordkabel er drøfta med netteigar. Eigar informerer om at kostnader knytt til omlegging må berast av utbyggjar/tiltakshavar. Det er lagt inn omsynssone – faresone for heile luftspennet i samsvar med gjeldande avstandskrav for 66 kV line. Kraftlina er forutsett fjerna før utbygging kan skje på området FS8. Rekkjefølgjebestemmelsar i føresegnene sikrar dette.

Infrastruktursone – krav om rekkjefølgje (H430) og krav om opparbeiding (H450)

Som omsynssone er det vist område med krav om rekkjefølgje. Som omsynssone (H450) er det vist krav om opparbeiding av leikeplassar.

Angitt omsynssone – bevaring etter lov om kulturminne, kulturmiljø (H570)

Det vert vist til kap. 5.8 ovanfor med kart som viser automatisk freda kulturminne med omsynssone. Omsynssonene, H570, omfattar dei automatisk freda kulturminna sine sikringssoner og areal som ikkje er avgrensa ytterlegare.

Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte,

endre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminnet eller framkalle fare for at det kan skje. Eventuelle tiltak skal godkjennast av kulturmynde.

Følgjande bygningar/bygningsmiljø skal takast vare på:

I. Tunet på Elsebø (gnr. 30, bnr. 2)

Løa, stabburet og våningshuset på gnr. 30, bnr. 2 skal takast vare på. Eventuelle tilbygg og ombyggingar skal avklarast med fylkeskonservator før kommunen godkjenner planane.

Kulturlandskapet med veggen i bakkant av husa, murar, marka, tre og plantar er sentrale for opplevinga av det tidlegare gardsbruket og skal takast vare på.

Dersom busetnaden får uoppretteleg skade grunna brann, kan det oppførast busetnad med tilsvarande dimensjon og høgde som opphavleg bebyggelse.



Tunet på Elsebø

II. Kårstova på Reite gnr. 28, bnr.1

Kårstova skal takast vare på. Eventuelle tiltak i tilknytning til kårstova skal avklarast med fylkeskonservator.

III. Gamleskulen på Berge (gnr. 29, bnr. 28)

Skulen skal takast vare på. Tiltak ut over vanleg vedlikehald må avklarast med fylkeskonservator.

IV. Bustadhus på gnr. 27, bnr. 35

Bustadhuset skal takast vare på. Fasadeelement som vindu, dører, fasadekledning, taktekking, samt overflatebehandling skal så langt det er råd takast vare på.

Ved nødvendig utskifting skal det nyttast same type materialar som originalt. Eventuelle tiltak skal leggjast fram for og avklarast med fylkeskonservator.

Bygningane som skal takast vare på er markert på plankartet med juridisk linje (1210) – bygg, kulturminne m.m. som skal takast vare på.

Bandleggingssone – bandlegging etter lov om kulturminne, fornminne (H730)

I området er det automatisk freda kulturminne, i form av busetnads- og aktivitetsområde. Det er ikkje tillate å setje i verk tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje.

Før iverksetjing av tiltak i medhald av planen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna idnr.138376, 138381, 138383 og 159563, samt av dei delene av idnr. 138372, 138375, 138380, 138384, 138388 og 138390 som er merka som område for føresegn RpBgID 138376, RpBgID 138381, RpBgID138382, RpBgID 138383, RpBgID159563, RpBgID 138372, RpBgID 138375, RpBgID 138380, RpBgID 138384, RpBgID 138388 og 138390 i plankartet.

Kulturminna som er merka i plankartet som RpBgID 138370, RpBgID 138378, RpBgID 138385, RpBgID 138386, RpBgID 138387, RpBgID 138389 kan bli fjerna utan vilkår om utgraving.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

6.4 Risiko- og sårbarheit

Ras og flaum

Området er i følgje www.gislink.no ikkje utsett for snø-, jord-, stein- eller større fjellskred. Området er heller ikkje utsett for flaum eller flaumskred.

Luft- og grunnforureining

I følgje tilgjengelege databaser er området ikkje utsett for luft- eller grunnforureining.

Radon

Det ligg ikkje føre systematisk kartlegging av radonnivået i kommunen. I samband med ein del private reguleringsplanar, er det gjennomført målingar.

Målingane viser radonkonsentrasjonar langt under fastsett grenseverdi. Berggrunn- og lausmassetilhøva på indre Bergsøy tilseier at det er lite sannsynleg at det finst høge radonkonsentrasjonar i området.

For øvrig vert det vist til krava i TEK 10 når det gjeld spørsmål om tiltak/ev. målingar for nye bygg.

Kraftleidningar

Sjå kapittel 8.5.

Havnivåstigning

Området er ikkje utsett for havnivåstigning.

Støy

Sjå kapittel 7.2 (konsekvensar av planforslaget).

Andre forhold

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje forhold knytt til risiko eller sårbarheit eller andre samfunnsmessige konsekvensar som skulle tale i mot fremja arealbruk. Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering, jf. ROS-skjema (vedlegg C).

6.5 Plankart og føresegner

Plankartet er utarbeidd på bakgrunn av tilgjengeleg grunnkart for området. Områdeplanen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøvern-departementet sin rettleiar «Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister». Jamfør også plan og kart etter ny plan- og bygningslov, datert 1.7.2009.

Føresegnene gir utfyllande reglar for arealbruken innanfor områdereguleringsplanen. Det er krav om utarbeiding av detaljplan for ein del av områda innanfor planen. Detaljplan skal utarbeidast innan den ramma som områdereguleringsplanen med tilhøyrande føresegner har fastsett. Planane skal utarbeidast i samsvar med Miljøverndepartementet sine retningslinjer.

7. Konsekvensar av planforslaget

7.1 Konsekvensutgreiing

Store delar av området er lagt ut til bustadføremål i kommuneplanen sin arealdel frå 2004. I samband med arbeidet med kommuneplanen, kom det ikkje fram forhold som gir grunnlag for krav om konsekvensutgreiing i arbeidet med reguleringsplan for indre Bergsøy. Som følgje av planen sitt innhald kjem ikkje planarbeidet inn under føresegnene i Forskrift om konsekvensutgreiingar.

7.2 Støy


Støysituasjonen i tilknytning til fylkesveg 654 og Flusundvegen er vurdert. Trafikkmengda langs fylkesvegen og Flusundvegen er vurdert til å kunne kome i konflikt med dei krava som er sett i rettleiaren for handsaming av støy i arealplanlegging når det gjeld ny busetnad. Støyvurderinga er gjennomført av Kilde Akustikk AS (2010) og AG Plan og Arkitektur AS (2013).

Konklusjonen i utgreiingane, er at det langs fylkesvegen må byggjast støyskjerm for nye utbyggingsområde for å sikre at støynivået held seg innanfor grenseverdiane etter «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» - T-1442/2012. Støyskjermen si høgde er sett til 2.5 meter over vegnivået på fylkesvegen. Støyskjerm er vist på plankartet for KS1, KS2 og LP1.

Støymengda langs Flusundvegen, vil ut i frå utrekningane overstige kravet til lydnivå i T-1442/12. Det må for delar av strekninga innarbeidast støydempende tiltak mot busetnaden. Støyskjermen si høgde er sett til 1.3 meter over vegnivået til Flusundvegen. Støyskjerm er vist på plankartet frå o_V24 til FS21.

7.3 Overflatevatn – kanalar

Overflatevatnet går i dag frå utmarksområdet mot sjø i fleire bekkar. I planframlegget er det lagt vekt på å sikre tilfredstillande handsaming av overvatnet i området. Nedslagsfeltet inklusive feltet dekkjer eit område på ca. 800 daa. Planområdet dekkjer eit areal på ca. 510 daa. Overvatnet er i prinsippet foreslått sikra avrekning gjennom dei eksisterande vassvegane, men slik at desse vert sikra med areal for opparbeiding av opne kanalar. Kanalane må i all hovudsak plastrast på det arealet som er føreset vassførande.



Kanal A

Kanal B

Kanal C

Fordeling av overvatn til dei ulike kanalane/bekkaner

Tilførte vassmengder er grovt stipulert slik (basert på berekningar i nærliggande område): Kanalen si breidd/tverrsnitt vil variere med tilført vassmengd og fallet på kanalen. Dei ulike kanalgreinene vil difor har ulikt profil og må dimensjoneres kvar for seg som følgje av vasslinjeberekningar i samband med detaljprosjektering.

7.4 Høgspenningsanlegg

Gjennom område FS8 går det i dag ei 66 kV kraftline. Denne er føresettt fjerna før ev. utbygging kan skje innanfor FS8.

Rekkjefølgjebestemmingar sikrar dette. Omlegging frå luftspenn til jordkabel er drøfta med netteigar og det vert ikkje sett på som urealistisk å gjennomføre slik omlegging. Jordkabel kan leggjast i vegtrase (i Opikanal) og vil då få tilfredstillande avstand frå busetnaden. Arealet som då vert frigitt (FS8) er svært attraktivt og er eit sentralt utbyggingsområde på Øvre Elsebø. Landskapsmessig burde kanskje heile kraftlina frå Flusundvegen og over "brinken" vore lagt i kabel. I planframlegget er det vist omsynssone fareområde (PBL. §12-6, jf. 11-8, bokstav a, H370) for luftspennet i samsvar med gjeldande avstandskrav for 66 kV line.

7.5 Kulturminne og kulturmiljø

Innanfor planområdet er det registrert ei rekkje automatisk freda kulturminne, sjå tabell nedanfor og kart i kapittel 5.7. Det vert også vist til reguleringsføresegnene.

Riksantikvaren har godkjent forslag til områdereguleringsplan for indre Bergsøy, under føresetnad av at det vert gjennomført arkeologisk utgraving av heile eller delar av til saman 11 av dei råka kulturminna før tiltak etter planen kan realiserast. Seks av dei råka kulturminna kan fjernast utan vilkår om arkeologisk utgraving.

Tabellen nedanfor viser kva område det er krav om utgraving for (heilt eller delvis) og kva område det ikkje er krav om utgraving for.

RpBgID	Reguleringsområde	Utgraving
138376	KS5	Heile lokaliteten
138381	KS10	Heile lokaliteten
138382	FS24, V28 og VK2	Heile lokaliteten
138383	FS25	Heile lokaliteten
159563	FS16	Heile lokaliteten
138372	KS6, LP3 og V8	Delar av lokaliteten
138375	FS17, KS5 og V9	Delar av lokaliteten
138380	FS23, V25, KS10	Delar av lokaliteten
138384	FS30, KS10, V36, V37, GS13	Delar av lokaliteten
138386	FS28, FS29, V25, V34, fortau, AKA 6, AKA7 og AKA8	Delar av lokaliteten
138388	FS28, V25 og fortau	Delar av lokaliteten
138390	FS25, FS26, FS27, V25	Delar av lokaliteten
138370	KS8	Utan krav
138378	FS20	Utan krav
138385	FS29, FS31, V25, AKA8, fortau og annan veggrunn	Utan krav
138387	FS26, FS27, FS29, V32, V33, GS16, AKA 4 og AKA5	Utan krav
138386	FS28, FS29, V25, V34, fortau, AKA 6, AKA7 og AKA8	Utan krav for delar av lokaliteten
138389	FS27, V25, fortau og anna veggrunn	Utan krav

Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av utgravinga kan fastsetjast.

7.6 Naturmangfaldlova

Planforslaget er vurdert i høve til prinsippa i naturmangfaldlova og i høve til tilgjengeleg kunnskap i direktoratet for naturforvaltning sin database. Så langt ein kan sjå, er ikkje planforslaget i konflikt med sårbare artar, naturtypar eller område med særskilt sårbare økosystem.

7.7 Universell utforming

Hovudutfordringa i bustadområde er at tomter skal kunne byggjast med universell standard og at leikeplassar bør kunne nyttast av alle, heilt eller delvis. Planen legg i all hovudsak opp til at bustad skal kunne plasserast inntil 5 meter frå offentleg vegareal. Garasje eller bilbås skal/kan stå i same avstand frå veg. Leikeareal er søkt lagt på gode areal som heilt eller delvis kan opparbeidast med universell utforming.

7.8 Born og unge

Det er lagt til rette for ni felles leikeareal i området, LP1-LP9. Det er relativt lett tilkomst til dei fleste leikeareala. Areal har gode sol- og lysforhold. Fleire av

leikeplassane grensar til område avsett til friluftsområde. Det er lagt til rette for fortau og gang- og sykkelveg langs ein del av tilkomstvegane.

Forholdet til barn og unge er vurdert, og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon.

7.9 Estetikk

Planforslaget legg opp til ei vesentleg utbygging, med fortetting innanfor etablerte område og tilrettelegging for nybygg på dagens jordbruksareal. Det er lagt til rette for frittliggjande småhus (30 område) og konsentrerte småhus (31 område).

Etter kommunen si vurdering vert einebustadane og dei konsentrerte småhusa liggjande fint til i landskapet. Det er i planen lagt vekt på å sikre ein gjennomgåande grønststruktur i området med stiar, gangvegar og fortau.

7.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Det regulerte området er i all hovudsak i privat eige. Konsekvensane for kommunen vil vere avhengig av kommunen si deltaking i utbygginga av området. Det er ikkje teke stilling til kva rolle kommunen skal ha. Men kommunen vil vere ein viktig medspelar i høve til realisering, så langt det let seg gjere økonomisk og praktisk.

Vedlegg

- A. Innspel ved oppstart av planarbeidet i 2008.**
- B. Merknader og uttalar ved offentlig ettersyn 2009.**
- C. Merknader og uttalar ved offentlig ettersyn i 2014.**
- D. ROS-analyse.**
- E. Temakart automatisk freda kulturminne.**
- F. Temakart vegar.**

Vedlegg D. ROS - områdereguleringsplan for indre Bergsøy

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Emne	Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja	
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?		
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	h	Er det verneområde – natur i området?	X	
	i	Er det sårbar flora / fauna i området?	X	
	j	Er det automatisk freda kulturminne i området? <i>Kommentar: Det er fleire automatisk freda kulturminne innanfor området. Det er lagt inn omsynsone C og D i tilknytning til ein del av kulturminna etter dialog med kulturavdelinga. Det vert lagt opp til å søkje om dispensasjon frå kulturminnelova for ein del av lokalitetane.</i>		X
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggende område?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Verksemd-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull slökkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området? <i>Kommentar: Det er ulykkespunkt i tilknytning til fv 654. Punkta ligg utanfor planområdet.</i>		
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer? <i>Kommentar: Høgspenlinje er avgrensa med omsynsone med 10 m til kvar side.</i>	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?		
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 4.11.2014 av: Berit Sandvik Skeide



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2013/508
		Arkiv:	K24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
200/14	Formannskapet	18.11.2014
148/14	Kommunestyret	27.11.2014

MILJØOPPRYDDING I FOSNAVÅG. DEPONERING AV MASSER. ALTERNATIV TIL LOKALISERING

Møtebehandling:

Planleggjar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte.

AP/Venstre heldt gruppemøte.

AP/Venstre kom med framlegg om slik endring i pkt. 1 i framlegget frå rådmannen:

Endre «innseglinga til Fosnavåg hamn til «Samuelsholmen i Kråkøysundet».

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 2 røyster..

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

1. Herøy kommunestyre vedtek at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
2. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.
3. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.

Tilråding frå rådmannen:

4. Herøy kommunestyre vedtek at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn skal nyttast til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.
5. Herøy kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte forhandlingar med grunneigarar for etablering av deponi.
6. Herøy kommune vedtek at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid med sikte på etablering av deponi ved innseglinga til Fosnavåg hamn.

Særutskrift:

- Kystverket, Region-Midt, post@kystverket.no
- MTK
- Anlegg og drift
- Rambøll AS, aud.helland@ramboll.no
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postmottak@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Saksprotokoll, sak 70/14.
2. Notat frå Kystverket, datert 10.10.2014. Vurdering av alternativ.
3. Notat frå Kystverket, datert 2.4.2014. Kystverket si rolle i forbindelse med etablering av deponi.
4. F-sak 67/14. Forhandlingar om kjøp av grunn.
5. Brev frå Kystverket, datert 16.5.2014. Deponeringsområde.

Bakgrunn:

I nasjonal transportplan sin handlingsdel for 2014-2023, er utdjuping av Fosnavåg hamn gitt prioritet. I følgjer Kystverket sine planar skal hamna mudrast frå dagens – 6 m vassdjup til – 7.3 m vassdjup. Utdjupinga er kostnadsrekna til 50 millionar kroner og skal tidlegast iverksetjast i 2017.

Undersøkingar gjennomført av Kystverket og Herøy kommune, viser at hamna er forureina og at det må gjennomførast miljøtiltak. Kystverket tek berre på seg arbeidet med mudring av delar av hamna. Kommunen ønskjer derimot å få rydda opp i heile hamneområdet, for å hindre utlekking av miljøgifter til hamnebassenget over tid. Herøy kommune vil få til eit samarbeid – eit miljøprosjekt – med Kystverket.

Miljøprosjektet for Fosnavåg hamn har som siktemål:

- Mudring for å oppnå auka seglingsdjupne. Store mengder forureina sediment vil bli fjerna frå hamna.

- Utviding av mudringsprosjektet, slik at ein får fjerna alle dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, for å få ei rein hamn.
- Identifisere og sikre ev. aktive miljøkilder på land, for å hindre at miljøgifter renn ut og forureinar hamna på nytt.
- Opprydding og utbygging av avløp i hamna.

Mudringsmassene som er forureina må deponerast på forsvarleg vis. Utrekningar gjennomført av Rambøll AS viser at det er ca. 40.000 – 50.000 m³ som skal deponerast.

Pr i dag er det ingen godkjende mottak av forureina masser i området. Kystverket og kommunen har drøfta moglege deponeringsområde.

Herøy kommunestyre handsama i møte 19.6.2014 (K-sak 70/14), sak vedrørende deponering av masser. Formannskapet si tilråding til kommunestyret var som følgjer, sitat:

«Herøy kommunestyre vedtek å arbeide for deponering av masser på alt. IV – Innsegling til Fosnavåg hamn område A. Administrasjonen får i oppdrag å gå i forhandlingar med grunneigarane.»

Kystverket ved Terje B Misund og Rambøll AS ved Aud Helland orienterte i møtet.

Herøy kommunestyre gjorde slikt vedtak i saka:

«Før ein tek endeleg stilling til val av deponiløysing og plassering ber ein om at følgjande punkt vert vurdert og lagt fram for kommunestyret:

1. Ivareta best mulig innbyggerane sine interesser.
2. Sikre at den beste miljømessige løysinga vert vald og tidsplan.
3. Utarbeide eit kostnadsoverslag, med finansieringsplan for Herøy kommune sin del i prosjektet.
4. Innleie dialog med andre mulige samarbeidspartnarar, evt. bidragsytarar for finansiering av prosjektet (gjeld for utdjuping, opprensning og deponering av massene).
5. Administrasjonen vert beden om å kartlegge, og kvalitetssikre inntil 4 aktuelle alternativ, som ivaretek ovannemnde punkt.

Mandat:

Herøy kommunestyre gir administrasjonen mandat til å gå i forhandlingar med aktuelle grunneigarar (til deponering av massene).»

I etterkant av kommunestyremøtet, utdjupa ordføraren kva alternativ kommunestyret ønskjer vert nærare vurdert:

1. Samuelsholmen – Kråkøysundet, Voldsund
2. Mjølstadneset – ved industriområdet
3. Fosnavåg sentrum – innseglinga til Fosnavåg hamn

Administrasjonen har i samarbeid med Kystverket også sett nærare på eit område ved den gamle sildoljefabrikken på Moltu.


Saksopplysningar:

Kommunen har vore i dialog med Kystverket i arbeidet med vurdering av alternative område for deponering av masser. Kystverket har kome med kommentarar til deponeringsområda. Kommentaranane frå Kystverket er i all hovudsak innarbeidd i dette dokumentet. Det vert vist til vedlegg 2.


Omtale av alternativa

1. Samuelsholmen – Kråkøysundet, Voldsund

Lokalisering

	Området ligg ytst ute på Voldsund, mellom Samuelsholmen og Kråkøya. Området ligg innanfor akseptabel avstand frå Fosnavåg hamn.
---	---




Planstatus

 <p>Utsnitt frå forslag til kommuneplan 2014.</p>	Området er ikkje tidlegare regulert. I kommuneplanen sin arealdel frå 2004 er sjøarealet lagt ut til område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv. Landareala er lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). I forslag til kommuneplan (2014) er sjøarealet lagt ut til kombinert formål sjø og vassdrag. Det er lagt ut to område for fiske i området.
---	---


Djupner

	Det er eit djupare område mellom Voldsund og Kråkøya.
---	---


Plansjekk

	<p>Følgjande artar/verdiar er registrert i området:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Yngleområde Oter. Verdi: Viktig. - Beiteområde for vade-, måke- og alkefuglar. Verdi: Viktig. - Beite- og yngleområde for ærfugl. Verdi: Viktig.
	<ul style="list-style-type: none"> - Beiteområde for toppskarv. Verdi: Viktig. - Beite- og yngleområde for ærfugl. Verdi: Viktig. - Yngleområde for grågås. Verdi: Lokalt viktig. - Yngleområde for svartbak. Verdi: Lokalt viktig.
	<p>Det er låssettingsplassar (sild, makrell og brisling) i området.</p>

Risikosjekk


	<p>Utløpsområde for skred (uspesifisert).</p>
---	---

Vurdering



	<p>Det er store areal med ulik djupne, men ingen med naturleg avgrensing ved Samuelsholmen.</p> <p><u>Alternativ 1. Undervassdeponi</u></p> <p>Dersom ein skal etablere eit undervassdeponi, er ein avhengig av å etablere moloar på sjøbotnen for å sørge for at massene blir liggjande.</p> <p>Etablering av undervassmolo for avstenging av deponi: 140 m lang, topp -20 m. Ca volum: 15.000 m³. Ca. deponikapasitet til – 20 m: 20.000 m², 70.000-90.000 m³.</p> <p><u>Alternativ 2. Strandkantdeponi</u></p> <p>Etablering av strandkantdeponi, avgrensa av molo, der toppen av massane blir liggjande over vatn. Ein vil ved dette alternativet ha betre kontroll på deponeringa, men ei oppfylling og etablering av nytt land vil vere lite aktuelt.</p> <p>Med bakgrunn i informasjon knytt til planstatus og naturbase vurderer ein dette alternativet som lite aktuelt.</p> <hr/> <p>Det er vanskeleg å stipulere konstnader knytt til etablering av eit slikt deponi, då ein først må fastsetje spesifikk lokalisering.</p> <p>Transportlengda frå mudringsområdet er på ca 5 Nm, noko som er ein akseptabel avstand, sjølv om lekterslep gjennom Voldsundvaulen vil vere ei utfordring.</p>
---	--

2. Mjølstadneset – ved industriområdet


Lokalisering

	<p>Området ligg på Mjølstadneset. Området ligg innanfor akseptabel avstand frå Fosnavåg hamn.</p>
---	---

Planstatus

 <p>Utsnitt fra reguleringsplan</p>  <p>Utsnitt fra KPA 2014</p>	<p>Området ligg delvis innanfor reg.plan for Mjølstadneset (199902). Området er lagt ut til friområde. Det grensar til industriområde.</p> <p>I kommuneplanen sin arealdel frå 2004 er sjøarealet lagt ut til område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv. Landarealet er lagt ut til landbruks,- natur og friluftsområde (LNF-område).</p> <p>I forslag til kommuneplan (2014) er sjøarealet lagt ut til sjøområde.</p>
--	--

Djupner

	<p>Det er veldig grunt i området.</p>
--	---------------------------------------

Vurdering

	<p>Det er ikkje kapasitet til å deponere massene.</p> <p>Området er ikkje vurdert nærare.</p>
--	---

3. Fosnavåg sentrum – ved innseglinga til Fosnavåg hamn


Lokalisering

	<p>Området ligg sentralt i Fosnavåg sentrum, i nær avstand til mudringsområdet.</p>
---	---

Planstatus

	<p>Det meste av sjøarealet er ikkje regulert</p> <p>Planområdet grensar til fleire reguleringsplanar.</p> <p>I kommuneplanen sin arealdel frå 2004 er sjøområdet lagt ut til sjøareal.</p>
<p>Utsnitt som viser gjeldande regplanar</p>	
	<p>I forslag til kommuneplan (2014) er sjøarealet lagt ut til sjøområde. Det er også lagt ut til sentrumsformål (S).</p>

Djupner

	<p>Området har djupner frå ca. 4.7 m til ca. 16-17 m.</p>
--	---

Plansjekk

	<p>Ingen oppslag i naturbasen.</p>
--	------------------------------------

Risikosjekk

	<p>Ingen oppslag ved risikosjekk.</p>
--	---------------------------------------


Vurdering

	<p>Ei etablering ved innseglinga vil gi ei god løysing med tilstrekkeleg kapasitet.</p> <p>Plassering av molo vil vere avgjerande for kor mykje masse deponiet kan romme.</p> <p>Lokaliteten ligg nær utdjuingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina lausmassane direkte til deponi, noko som vil vere ei miljømessig god løysing.</p> <p>Overflateareal: ca. 11.500 m².</p>
---	---


	<p>Kapasitet: ca. 100.000 m³.</p> <p>Molo: 140 m lengde, høgde -13 m til + 3 m, ca. volum 58.000 m³.</p> <p>Området vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte (Sentrumsutvikling).</p>
--	---

4. Moltu – ved den gamle sildoljefabrikken


Lokalisering

	<p>Området ligg på Moltu, ved den gamle sildoljefabrikken. Ein har sett på to alternativ til lokalisering på Moltu.</p> <p>Området ligg innanfor akseptabel avstand frå Fosnavåg hamn.</p>
---	--


Planstatus

 <p>Utsnitt frå kommuneplanen (2014)</p>	<p>Området er ikkje tidlegare regulert.</p> <p>I kommuneplanen sin arealdel frå 2004 er området lagt ut til industriformål.</p> <p>I forslag til kommuneplan (2014) er sjøarealet lagt ut til kombinert formål sjø og vassdrag. Det er elles lagt til rette for næringsbygg i området.</p>
--	--

Djupner

	<p>Alternativ 1. På vestsida av industrianlegget .</p> <p>Det er varierende djupner, ned til ca. -10 m.</p> <p>Alternativ 2. På austsida av industrianlegget.</p> <p>Det er ei naturleg fordjupning i hamneområdet mellom anlegget til Welcon AS og Legeholmen.</p> <p>Fordjupinga har djupne frå ca. – 10 m - 20 m.</p>
---	--




Plansjekk

	<p>Det er registrert ærfugl, siland og grågås i området. Verdi: Lokalt viktig.</p>
---	--

Risikosjekk

	<p>Ingen oppslag.</p>
--	-----------------------

Vurdering

<p>Alternativ 1. Sjødeponi</p> 	<p>Alternativ 1. På vestsida av industrianlegg</p> <p>Om ein legg opp til eit stranddeponi eller sjødeponi, må det etablerast molo for avstenging av deponiet, då det ikkje er nokon naturleg avgrensing av arealet. <u>Sjødeponi</u></p> <p>Undervassmolo for avstenging av deponi: 80 m lang, topp – 5 m. Ca. deponi kapasitet til – 5: 18.000 m², 60.000 m³.</p>
<p>Alternativ1. Strandkantdeponi</p> 	<p><u>Strandkantdeponi</u></p> <p>Overflateareal, ca. 16.000 m². Kapasitet meir enn 100.000 m³. Molo 190 m lengde, høgde – 7 m til + 3 m. Ca. volum 19.000 m³.</p> <p>Det er vanskeleg å stipulere kostnad med etablering av deponi på vestsida av industriarealet, då ein først må fastsetje nøyaktig lokalisering.</p>
<p>Alternativ 2. Botndeponi</p> 	<p>Alternativ 2. På austsida av industriareal</p> <p>Det er ei naturleg fordjuping, som vil kunne romme massene med overdekking av reine massar. Dette utan at ein avgrensar seilingsdjupna til meir ein – 10 m som eg seglingsdjupna i dag.</p> <p>Overflateareal, ca. 47.000 m². Kapasitet til – 10 m: meir enn 100.000 m³. Molo: 50 m lengde, høgde 3 m. Ca. volum: 500 m³.</p> <p>Det er vanskeleg å stipulere kostnad med etablering av deponi på austsida av industriarealet, då ein først må fastsetje nøyaktig lokalisering.</p> <p>For lokalitetane på Moltu vil det vere ei transportlengde på 8 Nm som er akseptabel</p>

	<p>distanse, sjølv om lekterslep gjennom lgesundvaulen vil vere ei utfordring.</p> <p>Grunneigar er ikkje interessert i etablering av botndeponi. Ein har difor ikkje gått vidare med dette alternativet.</p>
--	---

Vurdering:

Kommunestyret ba (i møte 19.6.2014, K-sak 70/14) om at ein del punkt vart vurdert nærare og lagt fram for kommunestyret, før dei tek endeleg stilling til val av deponiløysing.

Kommunen har i samarbeid med Kystverket vurdert 4 lokalitetar. Vurdering av alternativa i høve til kommunestyret sine punkt.

Punkt 1. Ivareta innbyggjarane sine interesser

Kommunen legg til grunn at massene vert deponert på ein forsvarleg god måte og overvaka i ettertid, jf. strenge krav frå miljøvernmynde. Dette gjeld for alle alternativa. Lokalitetane ved Samuelsholmen og på Moltu ligg eit stykke unna tett busetnad. Lokalitetane kan vere verutsette. Lokaliteten ved innseglinga til Fosnavåg hamn ligg sentralt og kan vere verutsett.

Punkt 2. Sikre at den beste miljømessige løysinga vert vald og tidsplan

Samuelsholmen – Kråkøysundet

Det er registrert artar med viktig verdi ved Samuelsholmen – Kråkøysundet. Det er også låssetjingsplassar for sild, makrell og brisling i området. Lekterslepp frå mudringsområdet til deponeringsområdet kan vere ein betydeleg miljørisiko (5 Nm).

Fosnavåg hamn (ved innseglinga)

Lokaliteten ligg nær utdjuplingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina massene direkte til deponi. Ei god miljømessig løysing.

Moltu (ved den gamle sildoljefabrikken)

Lekterslepp frå mudringsområdet til deponeringsområdet kan vere ein betydeleg miljørisiko (8 Nm).

Punkt 3. Utarbeide kostnadsoverslag med finansieringsplan for HK sin del av prosjektet.

Det er vanskeleg å utarbeide kostnadsoverslag knytt til etablering av deponi, då ein først må fastsetje spesifikk lokalisering. Det same gjeld for tidsplan.

Herøy kommune skal gjennomføre og finansiere grunnkjøp. Kommunen skal også utarbeide reguleringsplan med tilhøyrande dokument. Kystverket skal finansiere alle kostnader knytt til etablering av deponi (herunder grunnlag for utarbeiding av reguleringsplan).

Deponeringsområdet skal grovplanerast med reine masser, slik at området kan nyttast fritt av Herøy kommune i ettertid. Kystverket har sagt at dei vil ha eit visst

tidsavgrensa ansvar for miljøovervaking av deponiet. Kommunen meiner Kystverket må ta ansvar for heile miljøovervakinga i eit langt perspektiv. Ei deponering av massene ved innseglinga til Fosnavåg hamn, kan danne grunnlag for etablering av djupvasskai i ytre del av Fosnavåg.

Herøy kommune har fått utarbeidd takst for kjøp av grunn for lokaliteten ved innseglinga til Fosnavåg hamn. Kommunen sine kostnader må baserast på marknadstakst på grunn i sentrum. Grunnkjøp vert å handsame som eiga sak.

Punkt 4. Innleie dialog med andre mulige samarbeidspartnarar, ev. bidragsytarar
Kommunen har vore i dialog med Fylkesmannen, Miljødirektoratet og Rambøll AS i tilknytning til prosjektet.

Vi kjenner ikkje til andre samarbeidspartnarar og eventuelle bidragsytarar i samband med etablering av deponiområde.

Kommunestyret gav administrasjonen mandat til å gå i forhandlingar med aktuelle grunneigarar. Administrasjonen har avventa forhandlingar om grunn til kommunestyret har valt alternativ. For lokalitet i Fosnavåg sentrum ligg der føre takst over området og det er lagt fram eit tilbod frå grunneigar si side.

Oppsummering og konklusjon:

Samuelsholmen – Kråkøysundet på Voldsund har kapasitet til å ta i mot massene. Lokaliteten er konfliktfylt, då det er registrert viktige artar i området. Transportlengda frå mudringsområdet er vurdert som akseptabel, men utfordrande miljømessig.

Ettersom lokaliteten er konfliktfylt og miljømessig utfordrande er lokaliteten vurdert som ikkje aktuell.

Mjølstadneset har ikkje kapasitet til å ta i mot massene og er såleis ikkje aktuell.

Fosnavåg hamn (ved innseglinga) har god kapasitet til å ta i mot massene. Lokaliteten ligg nær utdjuingsområdet, noko som gjer det mogleg å pumpe dei forureina lausmassane direkte til deponi. Lokaliteten er ei god miljømessig løysing. Området vil i ettertid kunne nyttast på ein god måte. Området er vurdert som aktuell lokalitet.

Moltu (ved den gamle sildoljefabrikken) har kapasitet til å ta i mot massene. Transportlengda frå mudringsområdet er vurdert som akseptabel, men utfordrande miljømessig. Grunneigar er ikkje interessert i etablering av botndeponi i området. Området er vurdert som ikkje aktuell lokalitet.

Etter administrasjonen si vurdering er innseglinga ved Fosnavåg hamn best eigna som deponiområde.

Rådmannen rår til at området ved innseglinga til Fosnavåg hamn vert nytta til deponering av masser i samband med mudring av Fosnavåg hamn.

Fosnavåg, 20.10.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide



Kystverket Midt-Norge

Postboks 1502
6025 Ålesund

Saksnr
2013/508

Arkiv
K24

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
FEL / LME

Dato
24.06.2014

**K-SAK 70/14: MILJØOPPRYDDING I FOSNAVÅG. DEPONERING AV MASSER.
VAL AV ALTERNATIV**

Vedlagt følger:

- K-sak 70/14.

Herøy kommunestyre har den 19.06.2014 gjort slikt vedtak i saka:

Før ein tek endeleg stilling til val av deponiløysing og plassering ber ein om at følgjande punkt vert vurdert og lagt fram for kommunestyret:

1. Ivareta best mulig innbyggjarane sine interesser.
2. Sikre at den beste miljømessige løysinga vert vald og tidsplan.
3. Utarbeide eit kostnadsoverslag, med finansieringsplan for Herøy kommune sin del i prosjektet.
4. Innleie dialog med andre mulige samarbeidspartnarar, evt. bidragsytarar for finansiering av prosjektet (gjeld for utdjuping, opprensning og deponering av massene).
5. Administrasjonen vert beden om å kartlegge, og kvalitetssikre inntil 4 aktuelle alternativ, som ivaretek ovannemnde punkt.

Mandat:

Herøy kommunestyre gir administrasjonen mandat til å gå i forhandlingar med aktuelle grunneigarar (til deponering av massene).

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rambøll Norge AS

Maritim og teknisk komite


Anlegg- og driftsavdelinga

Utviklingsavdelinga

Fylkeshuset

Herøy kommune, her

6404 Molde



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2013/508
		Arkiv:	K24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
80/14	Formannskapet	10.06.2014
70/14	Kommunestyret	19.06.2014

MILJØOPPRYDDING I FOSNAVÅG. DEPONERING AV MASSER. VAL AV ALTERNATIV

Tilråding frå rådmannen:

Møtebehandling i formannskapet 10.06.2014:

Utviklingsleiar Jarl-Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Orientering frå Kystverket v/Terje Misund og Rambøll AS v/Aud Helland. Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/miljøvern avdelinga møtte.

Samrøystes tilråding i formannskapet 10.06.2014

Herøy kommunestyre vedtek å arbeide for deponering av masser på alt. IV – Innsegling til Fosnavåg hamn område A. Administrasjonen får i oppdrag å gå i forhandlingar med grunneigarane.

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Leiar utviklingsavdelinga Jarl-Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Ap og V v/Svein Gjelseth kom med slikt framlegg:

1. Herøy kommunestyre bed om at det vert utgreia fleire alternativ for deponering av dei forureina massene frå Fosnavåg hamn.
2. Før kommunestyret får saka attende skal alle kostnader og finansieringsplan vere utgreia.»

H v/Ann-Kathrin (Tine) Storøy kom med slikt framlegg:

«Det rår stor usikkerheit vedr. mudring, flytting og deponering av massene, og ikkje minst kostnadane ifm. utdjupinga av Fosnavåg hamn.

Før ein tek endeleg stilling til val av deponiløysing og plassering ber ein om at følgjande punkt vert vurdert og lagt fram for kommunestyret:

1. Ivareta best mulig innbyggjarane sine interesser.
2. Sikre at den beste miljømessige løysinga vert vald.
3. Utarbeide eit kostnadsoverslag, med finansieringsplan for Herøy kommune sin del i prosjektet (gjeld for utdjuping, opprensing og deponering av massene).
4. Innleie dialog med andre mulige samarbeidspartnarar, evt. bidragsytarar for finansiering av prosjektet.
5. Administrasjonen vert beden om å kartlegge, og kvalitetssikre alle aktuelle alternativ.

Mandat:

Herøy kommunestyre gir administrasjonen mandat til å gå i forhandlingar med aktuelle grunneigarar i nærområdet (til deponering av massene).

Herøy kommunestyre ber om å få den same orienteringa som vart gitt til Herøy formannskap, og i folkemøte den 10.06.14 og få høve til å stille spørsmål direkte til alle involverte faginstansar. Dette for å sikre eit vedtak som er basert på all tilgjengelig kunnskap.»

Det vart halde gruppemøte.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy kom med slikt felles framlegg frå kommunestyret:

«Før ein tek endeleg stilling til val av deponiløysing og plassering ber ein om at følgjande punkt vert vurdert og lagt fram for kommunestyret:

1. Ivareta best mulig innbyggjarane sine interesser.
2. Sikre at den beste miljømessige løysinga vert vald og tidsplan.
3. Utarbeide eit kostnadsoverslag, med finansieringsplan for Herøy kommune sin del i prosjektet.

4. Innleie dialog med andre mulige samarbeidspartnarar, evt. bidragsytarar for finansiering av prosjektet (gjeld for utdjuing, opprensning og deponering av massene).
5. Administrasjonen vert beden om å kartlegge, og kvalitetssikre inntil 4 aktuelle alternativ, som ivaretek ovannemnde punkt.

Mandat:

Herøy kommunestyre gir administrasjonen mandat til å gå i forhandlingar med aktuelle grunneigarar (til deponering av massene).»

Felles oversending til administrasjonen:

«Herøy kommunestyre ber om å få den same orienteringa som vart gitt til Herøy formannskap, og i folkemøte den 10.06.14 og få høve til å stille spørsmål direkte til alle involverte faginstansar. Dette for å sikre eit vedtak som er basert på all tilgjengelig kunnskap.»

Framlegget frå Ap og V vart trekt.

Felles framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Før ein tek endeleg stilling til val av deponiløysing og plassering ber ein om at følgjande punkt vert vurdert og lagt fram for kommunestyret:

1. Ivareta best mulig innbyggjarane sine interesser.
2. Sikre at den beste miljømessige løysinga vert vald og tidsplan.
3. Utarbeide eit kostnadsoverslag, med finansieringsplan for Herøy kommune sin del i prosjektet.
4. Innleie dialog med andre mulige samarbeidspartnarar, evt. bidragsytarar for finansiering av prosjektet (gjeld for utdjuing, opprensning og deponering av massene).
5. Administrasjonen vert beden om å kartlegge, og kvalitetssikre inntil 4 aktuelle alternativ, som ivaretek ovannemnde punkt.

Mandat:

Herøy kommunestyre gir administrasjonen mandat til å gå i forhandlingar med aktuelle grunneigarar (til deponering av massene).

Særutskrift:

- Kystverket
- MTK
- Anlegg- og drift
- Rambøll AS
- Fylkesmannen

Vedlegg:

1. Brev frå Kystverket, datert 16.5.2014.
2. M-not-003, frå Rambøll AS, datert 18.12.2014. Strandkantdeponi i Fosnavåg hamn.
3. STSO, frå Rambøll AS.
4. Brev frå Kystverket, datert 2.4.2014.

Bakgrunn:

I nasjonal transportplan sin handlingsdel for 2014-2023, er utdjuving av Fosnavåg hamn gitt prioritet. I følgje Kystverket sine planar skal hamna mudrast frå dagens – 6 m vassdjup til -7.3 m vassdjup. Utdjuvinga er kostnadsrekna til 50 millionar kroner og skal tidlegast iverksett i 2017.

Undersøkingar gjennomført av Kystverket og Herøy kommune, viser at hamna er forureina og at det må gjennomførast miljøtiltak.

Kystverket tek berre på seg arbeidet med mudring av delar av hamna. Kommunen ønskjer derimot å få rydda opp i heile hamneområdet, for å hindre utlekking av miljøgifter til hamnebassenget over tid. Herøy kommune vil få til eit samarbeid – eit miljøprosjekt – med Kystverket,

Miljøprosjektet for Fosnavåg hamn har som siktemål:

- Mudring for å oppnå auka seglingsdjupne. Store mengder forureina sediment vil bli fjerna frå hamna.
- Utviding av mudringsprosjektet, slik at ein får fjerna alle dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjuvingsområde, for å få ei rein hamn.
- Identifisere og sikre ev. aktive miljøkjelder på land, for å hindre at miljøgifter renn ut og forureinar hamna på nytt.
- Opprydding og utbygging av avløp i hamna.

Mudringsmassene som er forureina må deponerast på forsvarleg vis. Utrekningar gjennomført av Rambøll AS viser at det er ca. 40.000 m³ som skal deponerast.

Saksopplysningar:

Deponering av masser

Pr i dag er det ingen godkjende mottak av forureina masser i området. Kystverket og kommunen har drøfta moglege deponeringsområde. Førsetnad for deponering er at massene skal deponerast på ein måte som ikkje fører til utlekking av miljøgifter.

Ein har tre alternativ til deponering av massene:

1. Sjødeponi
2. Strandkantdeponi

3. Deponering på land

Sjødeponi

Ved tildegare utdjuvingar i hamna, har Kystverket deponert massene i Holmefjorden, like nordaust for Fosnavåg. Kystverket ønskte i utgangspunktet at massene frå planlagt utdjuving også kunne deponerast i Holmefjorden.

Det foregår fiske i Holmefjorden og det er auka fokus på forureining i hamnebassenget. Det vil vere vanskeleg å dekkje til forureina masser i fjorden. Med bakgrunn i dette fekk Kystverket gjennomført ei vurdering av alternativt deponeringsområde i sjø.

Kystverket leigde inn konsulent til å vurdere eit område mellom Nerlandsøy og Remøy. Undersøkingane viste at det var forholdsvis sterk straum nede ved botnen, slik at det ville bli ei utvasking av både tildekkingsmassar og deponeringsmassar. Det vart også hevda at det foregår fiske i området. Begge lokalitetane vart forkasta. Kystverket tok kontakt med Herøy kommune for å få vurdert andre alternativ til deponering.


Strandkantdeponi

Etter at sjølokalitetane vart forkasta, gjekk ein over til å vurdere strandkantdeponi.

Etablering av strandkantdeponi forutset eigne utgreiingar og reguleringsplan. Dei deponerte massene vert dekkja til med reine masser. I prinsippet kan arealet over dei reine massene nyttast til alle føremål. Deponiet vil bli overvaka kontinuerleg.


Følgjande strandkantdeponi vart vurderte i første omgang:

I. Leine hamn




Legge til rette for etablering av ny molo.
Rom for ca. 28.400 m³.
Relativt kort veg frå Fosnavåg.

II. Mjølstadneset




To lokaliteter. Ved industriområdet og ved Paradisbukta.
Rom for ca. xxxx m³.
Lang transportavstand.

III. Fosnavåg hamn




Legge til rette for strandpromenade.
Rom for ca. 5100 m³.
Kort avstand.

IV. Innseglinga til Fosnavåg hamn



Legge til rette for nytt sentrumsareal.
Rom for ca. 27.400 m³.
Kort avstand.



Det var eitt område som peika seg klart ut, mellom anna med bakgrunn i nærleik til mudringsområdet og mogleg tilrettelegging for nytt sentrumsareal.

Kommunen gjekk i dialog med grunneigarar i området, med tanke på ev. kjøp av grunn. Det vart lagt fram sak for formannskapet i møte 18.3.2014. Tiltrådinga frå rådmannen var etablering av eit forhandlingsutval for gjennomføring av grunnforhandlingar med aktuelle grunneigarar i Fosnavåg, med tanke på å leggje til rette for strandkantdeponi ved innseglinga til Fosnavåg.

Formannskapet sende saka attende til administrasjonen, der dei ba om at det vart lagt fram fleire opplysningar.

Med bakgrunn i formannskapet sitt vedtak, har administrasjonen vurdert fleire deponeringsområde.

V. Moltu – ved den gamle sildoljefabrikken




Utfylling ved den gamle sildoljefabrikken.
 Rom for ca. 46.000 m³.
 Lang transportavstand.

VI. Kvalsvika – sør for hamna

Utfylling sør for hamna i Kvalsvika
 Rom for ca. 30.000 m³.
 Lang transportavstand.




VII. Kleivavika



Utfylling i Kleivavika
 Rom for ca. 30.000 m³.
 Relativt kort transportavstand.


VIII. Indre del Fosnavåg hamn

Alternativ 1. Deponering langs grense for godkjend reguleringsplan.



Deponering langs land/kaier i
 hamna, innanfor grense godkjend
 plan.
 Rom for ca. 16.000 m³.
 Kort avstand.

Alternativ 2. Deponering langs grense for godkjend reguleringsplan + litt meir areal.



Deponering inne i hamna
Rom for ca. 21.000 m³.
Kort avstand.

Deponering på land

Det fins tre godkjende landdeponi i Møre og Romsdal:

- Bingsa avfallsdeponi, (Ålesund kommune), Ålesund
Kan ta i mot massene. Ca. pris 250 kr pr. tonn levert på anlegget deira i Ålesund. Dei kan ta i mot masser med båt og kan tilby køying frå kai til deponi (5-10 minutt køying). Utlekkingstest må leverast før endeleg tilbod. Lukt kan vere eit problem.
- Øveråslia avfallsdeponi, (Vestnes renovasjon AS), Vestnes
Har kapasitet til å ta i mot massene. Prisen vil avhenge av mengde levert og om det kjem i kategori inert avfall. Pris på inert vil vere mellom kr.180-/tonn og 330,-/tonn avhengig av mengde. Dei er ikkje sikre på om dei har nok analyser for å kunne kategorisere avfallet.
- Årødalen avfallsdeponi (RIR), Molde
Kan ikkje ta i mot alt. Dersom massene avgir lukt, er det eit problem dei må vurdere nærare. Ønskjer ein nærare dialog knytt til blant anna konsistensen av massene og kor lang tid leveransen vil pågå. Oppgir ikkje pris.

Deponering av massene i eit av dei skisserte landdeponia, vil krevje lang transport og lossing av massene inn i deponia. Transport av forureina sediment med båt/lekter inneber ei ekstra miljøbelastning.

Vurdering og konklusjon:

Utdjuping av Fosnavåg hamn er gitt prioritet i nasjonal transportplan (NTP) sin handlingsdel for 2013-2024. Det er sett av 50 millionar kroner til prosjektet. Oppstart av prosjektet tidlegast i 2017.

Herøy kommune ønskjer å få til eit samarbeid med Kystverket, slik at ein kan få rydda opp i heile hamnebassenget.

Miljøprosjektet i Fosnavåg er eit svært viktig prosjekt, som vil gi ei vesentleg miljøforbetring i hamna og i Fosnavåg sentrum.

Det er viktig at kommunen engasjerer seg i arbeidet med å finne eigna område for deponering av massene som skal fjernast. Kystverket har ikkje funne eigna sjødeponi i området.

Herøy kommune har gjennom saksframstillinga ovanfor presentert 8 ulike lokalitetar for etablering av strandkantdeponi. Etter kommunen si vurdering vil det vere hensiktsmessig å etablere eit deponi i nærleiken av mudringsområdet. Det vil kunne redusere miljøbelastninga og bli langt rimlegare enn om ein må transportere massene. Ei klar forutsetning for deponering av massene, er at dei vert deponert på ein måte som ikkje fører til utlekking av miljøgifter. Det vil vere positivt om massene kan nyttast på ein slik måte at kommunen kan vinne nytt land.

Det blir lagt opp til ei brei orientering frå konsulent, fylkesmann og kommune i formannskapsmøtet.

Fosnavåg, 30.05.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide



Deres ref.:

Vår ref.:
2012/5291-13

Arkiv nr.:
432

Saksbehandler:
Terje B. Misund


Dato:
10.10.2014

Fosnavåg hamn - deponering av masser - vurdering av alternativ etter handsaming i kommunestyret

Kommentarer til alternative deponeringsområder for utdyping Fosnavåg

1. Samuelsholmen – Kråkøysundet

Det er her store areal i forskjellig dybde, men ingen som naturlig avgrenses. Skal en etablere undervannsdeponi i dette området vil en derfor være avhengig av å etablere moloer på sjøbunnen for å sørge for at deponeringsmassene blir liggende.



Undervannsmolo for avstenging av deponi:
140m lang, topp -20 m,
Antatt volum: 15.000m³
Antatt deponikapasitet til
-20m: 20.000m², 70.000-
90.000m³

Et annet alternativ vil være å etablere ordinært strandkantdeponi, avgrenset av molo, der toppen av massene blir liggende over vann. En vil da kunne ha bedre kontroll på deponeringen, men en oppfylling og etablering av nytt land i dette området vil vel være lite aktuelt. Ut i fra den medfølgende informasjon om planstatus og informasjon fra Naturbasen må også dette området betraktes som konfliktfullt. Vi vil tro en omregulering fra NFFF uten annen plan at det skal bli deponeringsområde vil bli vanskelig.

Alternativet er derfor ikke videre vurdert

Området er noe værutsatt, men været vil sannsynligvis ikke være til hinder.

Det er vanskelig å stipulere noe kostnad med etablering av et slikt deponi da en først må bestemme spesifikk lokalisering. Her vil være en transportlengde på ca 5 Nm som er en akseptabel distanse selv om lekterslep gjennom Volsundvaulen er en utfordring.

Midt-Norge - Havne- og farvannsavdelingen

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08
Bankgiro: 7694 05 06766

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no
Org.nr.: NO 874 783 242


2. Mjølstadneset

Her er ikke kapasitet til de aktuelle massene
Området er ikke videre vurdert

3. Innseiling Fosnavåg

Det fremlagte forslag vil gi en god løsning med tilstrekkelig kapasitet. Område vil i ettertid kunne utnyttes i tråd med tankene for utvidelse av byområdet.

Plassering av molo vil være avgjørende for hvor mye masse deponiet kan motta. Den nære beliggenheten til utdypingsområdet vil også kunne gjøre det mulig å pumpe de forurensete løsmassene direkte til deponi, noe som vil være en miljømessig god løsning.



Overflateareal: ca 11.500m²

Kapasitet: ca 100.000 m³

Molo: 140m lengde høyde -13m til +3m,
antatt volum: 58.000 m³

4. Moltu

Her er det foreslått et område på vestsiden av industrianlegget. Om en legger opp til et stranddeponi for gjenbruk av arealet eller et sjødeponi så må her uansett etableres molo for avstenging av deponiet da det ikke er noen naturlig avgrensning av arealet. Her vil være en transportlengde på ca 8 Nm som er en akseptabel distanse selv om lekterslep gjennom lgesundvaulen er en utfordring.



Undervannsmolo for
avstenging av deponi:

80m lang, topp -5m,

Antatt deponi kapasitet til -5:
18.000m², 60.000m³

Et annet alternativ vil være å etablere ordinært strandkantdeponi, avgrenset av molo, der toppen av massene blir liggende over vann. En vil da kunne ha bedre kontroll på deponeringen. Etablering av nytt land i dette området vil trolig på sikt kunne nyttiggjøres. Området er noe værutsatt, men været vil sannsynligvis ikke være til hinder for etablering og deponering. Området er i dag i privat eie og vil i tilfelle etablering bli til gevinst for private interesser.


Det er vanskelig å stipulere noe kostnad med etablering av et slikt deponi da en først må bestemme spesifikk lokalisering.



Overflateareal: ca
 16.000m^2
Kapasitet: mer enn
 100.000m^3
Molo: 190m lengde
høyde -7m til +3m,
antatt volum: 19.000m^3

Kystverket fant det også interessant å vurdere et sjødeponi i havneområdet på østsiden av anlegget. Det er her en naturlig fordypning som ville kunne romme de aktuelle massene med overdekning av rene masser. Dette uten at en begrenser seilingsdybden til mer enn -10m som er innseilingsdybden i dag. Her ville være rikelig volum.

Grunneier i området var imidlertid lite stemt for denne løsningen og vi har derfor ikke gått videre med dette alternativet.



Overflateareal: ca 47.000m^2
Kapasitet til -10m : mer enn
 100.000m^3
Molo: 50m lengde høyde
3m, antatt volum: 500m^3

Konklusjon:

Ut i fra våre vurderinger vil deponeringsområdet i innseilingen til Fosnavåg være det beste alternativet. Dette gjelder både driftsmessig, miljømessig og med tanke på videre gjenbruk av massene. Økonomisk vil dette alternativet imidlertid nok bli det dyreste da det går forholdsvis mye masser til molo for avstengning av deponiet. Kostnaden med etablering av moloer for avstegning av deponiområdene må innkalkuleres i Kystverkets anleggskostnad for alle alternativene.

For alle områder vil det være nødvendig å gjennomføre miljø- og geotekniske undersøkelser før arbeidet kan igangsettes

Det understrekes at alle volum er basert på antagelser da det ikke foreligger detaljmålinger for de aktuelle områdene.

Med hilsen

Ole Bjørn Molnes
avdelingssjef

Terje B. Misund
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:



KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune
Att: Jarl Martin Møller

Deres ref:

Vår ref:
2012/5291-5

Arkiv nr:
432

Saksbehandler:
Terje B. Misund

Dato:
02.04.2014

Strandkantdeponi- Fosnavåg

Viser til telefonsamtale og mail datert 31.03.14.

Vil med dette gi en oversikt for Kystverket rolle i forbindelse med etablering av deponi i innseilingen til Fosnavåg. Planen er å stenge bukta ved tidligere Sunnmørsfisk ved å etablere en jetè i form av steinmolo, alternativt stenge med stålpunt.

Klarering før arbeidet kan igangsettes

Herøy kommune erverver grunn og utarbeider reguleringsplan for området. I dette ligger også at kommunen blir fremtidig eier av området. Kystverket vil være byggherre for jetèen som skal stenge depotet og ansvarlig for nødvendige tillatelser fra aktuelle myndigheter, herunder Miljøvern avdelingen hos Fylkesmannen

Etablering av jetè/deponi

Kystverket vil bygge jetèen iht reguleringsplan som er under utarbeiding for området. Det forutsettes da at området bak jetèen gir tilstrekkelig volum for å kunne deponere massene fra utdypingen i havnebassenget. En molo vil bli etablert med filterlag som sikrer at forurensing ikke lekker ut, eventuelt kan det være aktuelt å legge duk på innsiden av for hindre lekkasje. Teknisk løsning for dette vil bli avklart sammen med Miljøvern avdelingen hos Fylkesmannen. Mudringsmassene blir gravd opp i lekter og fraktet til det aktuelle deponeringsområdet hvor de blir håndtert videre med gravemaskin og anbrakt innenfor jetèen.

Fremtidig bruk av deponeringsområdet

Kystverket vil fylle mudringsmasser til et nivå et stykke under fremtidig landnivå. Her forholder Kystverket seg til uttalelser fra Rambøll som sier at massene som skal deponeres er egnet for senere utnyttelse i tråd med kommunale planer. Dette forutsetter imidlertid at der må legges et steinlag på toppen av mudringsmassene når disse har satt seg. Dimensjonering av dette laget vil være avhengig av fremtidig bruk og må vurderes av konsulent. Etablering av dette topplaget vil ikke være Kystverkets ansvar.

Midt-Norge - Havne- og farvannsavdelingen

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08
Bankgiro: 7694 05 06766

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no
Org.nr.: NO 970 237 372

Miljøovervåking

Kystverket vil her forholde seg til de krav som settes av Fylkesmannens Miljøvernavdeling. Det være seg både når mudring og deponering pågår og eventuelt fremtid overvåking. Vi finner det imidlertid rimelig at ved krav om fremtidig overvåking vil Kystverkets ansvar omfatte en begrenset tidsperiode etter etablering og at det deretter vil være et kommunalt ansvar.

Som nevnt tidligere har Kystverket ingen interesse av å sitte med eierinteresser i deponiområdet i Fosnavåg. Vanligvis står Kystverket som eier av egne anlegg, det være seg moloer som er bygd for skjerming av et havneområde og kaier. Bare unntaksvis er imidlertid staten grunneier. I dette tilfellet vil jetèen, som etableres for å skape deponiet, ikke ha noen fremtidig funksjon for Kystverket.

Med hilsen

Ole Bjørn Molnes
avdelingssjef

Terje B. Misund
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:



Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/519
		Arkiv:	L05

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	18.03.2014
67/14	Formannskapet	06.05.2014

GNR 35 BNR 22,31,73 OG 148 - FORHANDLING OM KJØP AV GRUNN

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet etablerar eit forhandlingsutval samansett av ordførar og to representantar frå Formannskapet til å gjennomføre grunnforhandlingar med aktuelle grunneigarar i Fosnavåg sentrum for å legge til rette for eit strandkantdeponi.

Strandkantdeponiet vert etablert for mottak av masser i samband med mudringa av Fosnavåg hamn.

Avtalar om grunnkjøp skal leggest fram for kommunestyret for endeleg godkjenning

Møtebehandling 18.03.2014:

Saka vert utsett.

Fleirtalet av formannskapet ynskjer meir opplysningar.

Møtebehandling 06.05.2014

Utviklingsleiaren møtte og orienterte.

AP og Venstre kom med framlegg om slik endra tilråding:

Saka vert utsett.

Formannskapet ber administrasjonen om å vurdere alternative deponiplassar for lagring av forurensa masse frå indre hamn og deretter fremje saka for formannskapet og kommunestyret.

Særutskrift:

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Verditakst - Herøy sentrum, Ytre hamn, Herøy kommune, 010314
 - 2 M-not-003-Strandkantdeponi Fosnavåg hamn
 - 3 Rambøll - Hammerfest kultursenter på trygg grunn
 - 4 Rambøll STSO-stabilisering av forurensende sedimenter og forurenset jord
 - 5 Kjøp av areal
 - 6 Strandkantdeponi - Fosnavåg - brev frå Kystverket
- Tomtetakst, utarbeidd av Mulvik for Herøy kommune, datert 01.03.2014
Kjøp av grunn, frå grunneigarar datert 08.01.14
Faktaark strandkantdeponi frå Rambøll
Notat strandkantdeponi utarbeidd av Rambøll til Kystverket datert 18/12-13.

Saksopplysningar:

I Nasjonal transportplan, NTP 2014-2023, er Fosnavåg hamn gitt prioritet i handlingsdelen for tiltak med oppstart i 2014-2017. Det er sett av om lag 50 millionar til prosjektet. Etter siste opplysingar frå Kystverket, jfr. handlingsplan, skal hamna mudrast ut i 2017.

Det er gjennomført miljøundersøking av NGI 2010 der konklusjon var at det er behov for miljøltiltak i samband med mudring av Fosnavåg hamn. I etterkant av dette har Rambøll AS på vegne av Kystverket teke fleire prøver av hamnebassenget (2013). Dette med bakgrunn i at Kystverket meiner NGI sine undersøkingar frå 2010 ikkje dekkjer området godt nok. Undersøkingane viser svært høge konsentrasjonar av kvikksølv, kopar, PAH, TBT og høge konsentrasjonar av PCB.

I etterkant av Kystverket sin siste undersøkelse har Herøy kommune engasjert Rambøll under den samme rammeavtalen for å utføre:

- Supplerende undersøkelser og utredninger som grunnlag for utarbeiding av tiltaksplan for forurensede sedimenter, som ikke er en del av Kystverkets tiltak i havna (M-rap-002, Rambøll 2013)
- En gjennomgang av eiendommer med historisk og pågående aktiviteter og vurdere om disse kan ha bidratt eller bidrar til forurensning i hava (EDD: «Environmental Due Diligence»). Videre å vurdere om det er behov for undersøkelser for å få dette bekreftet eller avkreftet (foreliggende rapport M-rap-001).

Oppsummering i EDD rapporten viser at:

Både historisk virksomhet, markeringer i Miljødirektoratets grunnforurensningsdatabase, samt opplysninger om antropogene (menneskeskapte) fyllmasser under kaikonstruksjonene i området gjør at det er grunn til å anta at massene sør og øst for Fosnavåg indre havn er stedvis forurenset.

Rambøll anbefaler at det utføres en innledende miljøteknisk grunnundersøkelse (MTGU) på alle eiendommene...

Miljøprosjektet for Fosnavåg hamn har som siktemål å :

- Mudring for å oppnå auka seglingsdjupne. Store mengder forureina sediment vil bli fjerna frå hamna.

- Utviding av mudringsprosjektet, slik at ein får fjerna alle dei forureina sedimenta, også utanfor Kystverket sitt utdjupingsområde, for å få ei rein hamn.
- Identifisere og sikre ev. aktive miljøkjelder på land, for å hindre at miljøgifter renn ut og forureinar hamna på nytt.
- Opprydding og utbygging av avløp i hamna.

Mudringsmassene som er påvist forureina må deponerast på forsvarleg vis og det er vurdert fleire alternativer for deponering herunder sjø- og strandkantdeponi.

Etter samtaler og tilbakemeldingar frå Kystverket vil strandkantdeponi vere det mest aktuelle.

Vurdering:

Aktuelle strandkantdeponier har vore lagt fram for Styringsgruppa for Byutviklingsprosjektet for Fosnavåg by for vurdering og det har vore samtalar med aktuelle grunneigarar med siktemål å få etablert strandkantdeponi for mottak av mudringsmasser frå Fosnavåg hamn.

Det har vore ein klar føresetnad for etablering av strandkantdeponi i Fosnavåg sentrum at området vert oppfatta som «sikkert» og kan nyttast som «byggegrunn» i etterkant. Kystverket har seinast i møte med kommunen den 3/3-14 blitt orientert om føresetnaden for etablering av eit mogleg deponi i sentrum og har akseptert denne føresetnaden. Fylkesmannen gav i same møte uttrykk for at ei løysing med strandkantdeponi er å foretrekke framfor eit sjødeponi.

Kommunen har tidlegare bede konsulentselskapet Rambøll om ei orientering om strandkantdeponi kan nyttast som byggeområde og følgjande uttale er gitt frå konsulentselskapet:

Som lovet sender jeg over et par prosjektark som viser hvordan standkantdeponier har blitt anvendt til nytt landareal. I begge disse tilfellene har massene blitt stabilisert og solidifisert (STSO). Denne metoden anvendes særlig i tilfeller hvor massene får for dårlig bæreevne i forhold til kravet. Hva som kreves kommer an på hva området skal brukes til. I Hammerfest var ikke bæring et krav, her hviler bygget på pæler som går gjennom massene.

Se også gjerne på linken under for å se hvordan den ferdige promenadekaia ble i Sandvika, her er også noen bilder fra selve prosessen. Her kan du også lese om forsøk Rambøll utførte i samarbeid med NIVA på utlekking av miljøgifter fra det STSO behandlede sedimentet.

[http://rapp.niva.no/symfoni/RappArkiv7.nsf/URL/F02E5D9880D85611C125771F002DD3BB/\\$FILE/5972-2010_72dpi.pdf](http://rapp.niva.no/symfoni/RappArkiv7.nsf/URL/F02E5D9880D85611C125771F002DD3BB/$FILE/5972-2010_72dpi.pdf)

Det er ikke noe i veien for å bygge boliger på et strandkantdeponi. Som nevnt på telefon må visse vilkår oppfylles som:

- Øverste 1 m må være rene
- Risiko for spredning til innemiljø må vurderes og basert på en slik vurdering finner man løsninger, som etablering av tettemembran, ventilering av grunnen etc.
- Bæreevne vurderes, og kan økes ved STSO som nevnt over, eller det kan pæles til fjell.

Som grunnlag for forhandlingar har kommunen engasjert eit uavhengig takstfirma som ikkje har binding til nokon av partane. Taksten for det aktuelle området er datert 01.03.2014 og er utarbeidd av Per Mulvik AS.

Konklusjon:

Ein rår til at ein etablerar eit forhandlingsutval samansett av ordførar, to representantar frå Formannskapet, ein frå administrasjonen samt advokatbistand til å gjennomføre grunnforhandlingane.

Rådmannen rår til at det vert innleia forhandlingar med aktuelle grunneigarar med siktemål å få etablert eit strandkantdeponi slik det går fram av saksutgreiinga.

Konsekvensar for folkehelse:

Prosjektet har klare positive miljømessige fordelar.

Konsekvensar for beredskap:

-

Konsekvensar for drift:

-

Fosnavåg, 07.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Deres ref:

Vår ref:
2012/5291-6

Arkiv nr:
432

Saksbehandler:
Terje B. Misund

Dato:
16.05.2014

Fosnavåg fiskerihavn - Herøy kommune - Møre og Romsdal – deponeringsområde

Viser til tidligere samtaler og møter vedrørende deponeringsmuligheter for mudringsmassene fra utdypingen i Fosnavåg havn. Totalt er det behov for å kunne deponere ca. 40.000m³ med masse, noe avhengig av hvor omfattende en eventuell miljømudring vil være. Her følger en liten gjennomgang over Kystverkets vurderinger i denne saken.

Ved tidligere utdyping i havnebassenget har massene blitt deponert i Holmefjorden like nordøst for Fosnavåg. For dette tiltaket var massene tenkt deponert i samme område. Det ble imidlertid nå vist til at der foregår fiske i dette området og samtidig ble der noe større fokus på forurensingene i havnebassenget. Området i Holmefjordbassenget er også så stort at det ville være vanskelig å foreta tildekking med rene masser.

Ut i fra dette ble der foretatt en vurdering på alternativ deponeringsområder, både strandkantdeponi og sjødeponi. Neste alternativ ble da et område mellom Nerlandsøya og Remøya. Her var det muligheter for et område som etter deponering kunne tildekkes med rene masser. De undersøkelsene vi gjennomførte viste imidlertid at her var forholdsvis sterk strøm nede ved bunnen slik at der fort ville bli en utvasking av både tildekningsmasser og deponeringsmasser. Det ble også her hevdet at der foregår fiske.

Ut i fra at disse alternativene måtte forkastes tok Kystverket igjen kontakt med Herøy kommune for å se etter flere alternative områder, ikke alt for langt fra Fosnavåg. Transportstrekning vil være en avgjørende faktor for både pris og praktisk gjennomføring av utdypingen og må derfor vektlegges. Av miljøhensyn ble det primært sett etter mulige strandkantdeponi der en har bedre kontroll med massene. Men det ble også sett etter alternative sjødeponi.

Det ble da vurdert å kombinere behovet for deponering opp i mot planene for en utvidelse av sentrumsområdet i Fosnavåg, der det vil der være behov for utfylling og etablering av nytt land. Her foreligger skisser for videre utvikling, men så langt ingen godkjent reguleringsplan. Områdene som ble vurdert var i vågen nord for Igesundvegen og området like vest fro innseilingen ved tidligere Sunnmørsfisk. Av disse ble sistnevnte område sett på som mest aktuelt. En egen vurdering fra Rambøll, som innleid miljøkonsulent, viste at massene vil kunne benyttes til byutvidelse.

Midt-Norge - Havne- og farvannsavdelingen

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08
Bankgiro: 7694 05 06766

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no
Org.nr.: NO 970 237 372

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

Kystverket avventer nå en politisk avklaring for dette området. I og med at dette ikke er avklart leter vi også etter andre alternativ, men uten at vi så langt har funnet noen bedre løsning. Uten en avklaring mht deponering av mudringsmassene vil vi ikke kunne utarbeide hovedplan for utdyping av Fosnavåg havn og vil heller ikke kunne få tillatelse fra Fylkesmannens miljøvernnavdeling til å starte opp arbeidet. I verste fall vill derfor utdypingen av Fosnavåg havn ikke kunne gjennomføres og de forurensede massene bli liggende der de er.

Med hilsen

Ole Bjørn Molnes
avdelingssjef

Terje B. Misund
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EKRU	Arkivsaknr:	2014/1690
		Arkiv:	220

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
202/14	Formannskapet	18.11.2014
149/14	Kommunestyret	27.11.2014

HANDTERING AV KOMMUNENS MEIRFORBRUK 2014

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Kommunestyret vedtek stans i tilsetting og vikarbruk i alle vakante stillingar ut 2014, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar og stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar.

- Ved presserande behov for tilsetting i vakant stilling skal dette avgjerast av formannskapet.
- Rådmannen får fullmakt til å utføre kontinuerlige budsjettendringar knytt til dette.

Vidare legg kommunestyret føringar for administrasjonen om å stanse eller utsette alle utgifter og kostnader som er moglege til 2015. Dette omfattar også stans i vedlikehaldsarbeid ut over presserande hendingar. Utsette kostnader og utgifter vil vidare kome inn under føringar i 2015 budsjettet.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtek stans i tilsetting og vikarbruk i alle vakante stillingar ut 2014, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar og stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar.

- Ved presserande behov for tilsetting i vakant stilling skal dette avgjerast av formannskapet.
- Rådmannen får fullmakt til å utføre kontinuerlige budsjettendringar knytt til dette.

Vidare legg kommunestyret føringar for administrasjonen om å stanse eller utsette alle utgifter og kostnader som er moglege til 2015. Dette omfattar også stans i vedlikehaldsarbeid ut over presserande hendingar. Utsette kostnader og utgifter vil vidare kome inn under føringar i 2015 budsjettet.

Særutskrift:

Rådmannens leiargruppe
Vest kontroll

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Denne saka er utarbeida etter vedtak i K-sak 125/14 – Budsjettkontroll per 31.08.2014. Fylgjande vedtak vart gjort av kommunestyret:

«Ein ser at dei økonomiske utfordringane for 2014 er store og rådmannen får fullmakt til å iverksetje dei interne tiltak som er mogeleg for å gjere meirforbruken i 2014 så liten som mogleg.

Formannskapet ber rådmannen lage ei liste over forslag til innsparingstiltak som vert lagt fram for formannskapet og kommunestyre for endeleg godkjenning»

I saksutgreiinga vart fylgjande konklusjon lagt fram til politisk handsaming:

«I 2014 må vi konstatere svikt på ein sær s viktig inntektspost. Skatt/ramme vil bli mellom 7,5 og 9,0 mill kr mindre enn budsjettert, og Herøy kommune vil få eit rekneskapsmessig meirforbruk som, slik det ser ut per 31.08.2014, kan utgjere rundt 10,0 mill kr.»

Administrasjonen har gjennom heile året rapportert på budsjettkontroll, og alt i juni 2014 vart det rapportert om vesentleg sviktande inntekter, jfr. F-sak 73/14 og K-sak 77/14.

I 2013 fekk administrasjonen handlingsrom til kontinuerleg handtering av mindreinntekter. Dette var ei krevjande øving, og for 2014 vart det derfor lagt føringar frå formannskapet at det ikkje skulle gjennomførast fleire budsjettkorrigeringar med utgangspunkt i sviktande inntekter. Dette var for lite føreseieleg for avdelingane, og frie disponible fond skulle nyttast til å dekke mindreinntektene. Desse fonda har for 2014 blitt nytta til andre formål.

Ein kommunal organisasjon har styringsfart i fyrste og andre kvartal kvart driftsår til å handtere uførutsette økonomiske hendingar innanfor etablert budsjett. Til lenger ut i driftsåret ein kjem, til mindre er det igjen av disponible «justerbare» postar i budsjettet. Det er ingen større saker som kan utsettast, eller større korrigeringar eller endringar som gir årseffekt på resultatet.

Den 14. oktober ga rådmannen beskjed til rådmannens leiargruppe om at kostnader og utgifter som kunne utsettast til 2015 skulle iverksettast. Dette har blitt følgt opp i ettertid. Dei ulike avdelingane har fylgjande status:

NAV

Budsjettet dreier seg stort sett om:

- *Utgifter knyttet til ansatte (lønn)*
- *Utgifter knyttet til lovpålagte tenester (støttekontakt, sosialhjelp, introduksjonsstønad og kvalifiseringsstønad)*
- *Driftsutgifter*

Det er svært vanskelig å foreslå konkrete tiltak, da det meste er bundet opp i avtaler som gjelder ut 2014. Det er sendt ut en generell innkjøpsstopp og utgiftstopp, på alt annet enn vedtak som er lovpålagt, og leiar skal godkjenne alle utgifter.

Barn, familie og helse

Avdelinga har innsparing ved at psykologstillinga har vore vakant frå 1.7.2014. Vi har heller ikkje nytta midla som er sett av til psykiatriskulen . I tillegg vil deler av ei helsesøsterstilling verte halde vakant i eit par månader. Det er likevel vanskeleg å kunne si at avdelinga kan få ei innsparing då vi har auka utgifter til mellom anna behandling i utlandet, NPE og feilbudsjettering ved innføringa av nattlegevakta.

Utviklingsavdelinga

Avdelinga styrer mot eitt mindreforbruk i 2014. Vi har iverksatt tiltak som regulerer innkjøp til eitt minimum.

Barnehageavdelinga

Budsjettet/rekneskapen er saumfart til ansvar 2121 – 2161, og kan ikkje sjå at det er muleg å finne tiltak for å redusere forbruket ytterlegare i 2014.

Barnehagane vurderer allereie vikarbruken, og driftspostane på utstyr og materiell rekk berre til det aller nødvendigaste. Alle har fått beskjed om at ingenting som ikkje absolutt er nødvendig for drifta skal kjøpast inn resten av året.

Det kan sjå ut som om to av barnehagane kan få eit lite underforbruk av lønnsmidlar (om ikkje sjukefråveret tek seg opp meir), men to barnehagar ser og ut til å få eit meirforbruk på vikarar, så det er risikabelt å kalkulere med innsparingstiltak som kanskje ikkje er reelle. Ein får heller ta det som ein bonus om vi kjem i mål med eit underforbruk.

Barnehagane er sårbare med høgt sjukefråver og allereie pressa maksimalt med utvida opningstid utan å auke grunnbemanninga.

Tilskot til private barnehagar vil bli høgare enn budsjettert som tidlegare varsla.

Pleie og omsorgsavdelinga

Tiltak som kan vere med å redusere meirforbruken i 2014 vart sett i verk frå starten av budsjettåret då avdelinga hadde krav om rammeinnsparing.

I administrasjonen leiger ein ikkje inn vikar ved sjukefråvær. På dei andre avdelingane vert det gjort ei vurdering av behov for vikar i kvart enkelt tilfelle, og det vert ikkje leigt inn med mindre ein absolutt må. Lærlingar og personar på praksisplass er med på å dekke behovet så langt det let seg gjere. Ved ledig kapasitet hjelper ein kvarandre over avdelingsgrenser eller ein unngår innleige ved fråvær, avvikler restferie etc for å spare der ein kan.

Avdelinga er bevisst på omgrepet nødvendig helsehjelp ved tildeling av tjenester. Elles er det ein restriktiv praksis når det gjeld innkjøp av forbruksvarer. Kursforbruket er på eit minimum. Utstyr blir reparert til det ikkje lenger er mulig å gjere det, og ein kjøper ikkje nytt med mindre det er heilt nødvendig. Her er det underbudsjettert og dermed ingenting å hente.

Alt dette er tiltak som gjeld alt i dag. Der er ingen realistiske tiltak utover dette som vil gi reell innsparing for i år.

Bu- og habiliteringsavdelinga

På grunn av rammekutt i avdelinga, har det vore sparebluss heile året. Ein har mellom anna ikkje leigd inn lærarvikarar på vaksenopplæringa ved sjukdom. Der er det ei innsparring på 2-300 tusen. I tillegg har ein halde ein liten prosent vakant på aktivitetssenteret store delar av året, som ein «motpol» til at overtidsbruken er for lågt budsjettert i avdelinga.

Fleire av bustadane har eit godt samarbeid med pårørande når det gjeld feriar osv. Avdelinga har derfor klart å planlegge ferieturnusane slik at ein unngår innleige av vikarar. Ressursar har blitt samkjørt ved sjukdom. Leiarane er lojale, sjølv om tilsette ikkje alltid er nøgde med denne innsparringa.

Det er per i dag ikkje rom for å kome opp med noko «nytt».

Eigedomsavdelinga

Per fredag 7. november har eigedomsavdelinga stoppa nye driftstiltak over ansvar 6031 – vedlikehald, i påvente av vedtak i saka.

Leiar seg inga muligheit til å avgrense ressursbruken ytterlegare utover å vere restriktiv jamnt over på alt.

Skuleavdelinga

Endringane har over tid medført ei kraftig innstramming på drifta i skuleavdelinga, med ein reduksjon på ca. 10 årsverk i løpet av siste 4 åra.

Skuleavdelinga har derfor ikkje meir å legge i «potten» no, då den står på ei smertegrense i forhold til forsvarleg undervisning, elev- og læringsmiljø.

Servicetorget

Utgifter på dette tidspunkt på året er knytt til lønnsutgifter.

Anleggs- og driftsavdelinga

Det er ei ledig 100% stilling som ingeniør som kan haldast tilbake for ny utlysing. Elles er mykje av drifta i avdelinga no knytt til sjølvfinansierande oppgåver.

Kultur

Grunna at primæraktivitetane ved fritidsklubben er lagt i bero til byggearbeidet er ferdig og rehabilitering etter vannlekkasjar er utført, sparar vi lønskostnader til medarbeidarar som arbeider på timebasis. Det vert ikkje nytta vikarar utan at det er heilt nødvendig

Generell innsparring ved at kun heilt nødvendige innkjøp vert gjort

På konserthuset og kinoen er vi ikkje heilt i hamn når det gjeld tilrettelegging for ordinær drift, så her må ein del innkjøp enno gjerast.

Vurdering og konklusjon:

Oppsummert liste over forslag til å handtere mindreinntektene for 2014 er som følger:

1. Stans i alt vedlikehold i egedomsavdelinga ut året
2. Ikkje mellombels tilsetjing i 20% vakanse som helsesøster.
3. Ikkje utlysing av ledig 100% stilling som ingeniør i anleggs- og driftsavdelinga
4. Utsetting av alle kostnader/utgifter som er mogleg.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen i eit kortsiktig løp.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Vakanse og ledige stillingar påverkar tenesteleveranse og omfang.

Konsekvensar for økonomi:

Alle tiltaka har som formål å redusere underskotet for 2014.

Fosnavåg, 10.11.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann



Fellessekretariatet

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2014/978
		Arkiv:	014

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
212/14	Formannskapet	18.11.2014
150/14	Kommunestyret	27.11.2014

KOMMUNESTYREVALET OG FYLKESTINGSVALET 2015 - FASTSETJING AV VALDAG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Ved kommunestyrevalet og fylkestingsvalet 2015 vert det halde 1 dags val i Herøy kommune.

Valdagen er fastsett i statsråd til måndag 14. september 2015.

Tilråding frå rådmannen:

Ved kommunestyrevalet og fylkestingsvalet 2015 vert det halde 1 dags val i Herøy kommune.

Valdagen er fastsett i statsråd til måndag 14. september 2015.

Særutskrift:
Fellessekretariatet
Valstyret

Vedlegg:

Brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 12.06.14

Saksopplysningar:

I brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 12.06.14, vert det opplyst at statsråd i møte 6. juni 2014 har fastsett valdagen for kommunestyrevalet og fylkestingsvalet til mandag 14. september 2015.

I følgje vallova § 9-2 (2), kan kommunestyre sjølv med tilslutning frå minst 1/3 av medlemene, vedta at det på ein eller fleire stadar i kommunen skal haldast val også på søndagen før den offisielle valdagen. Om kommunen ynskjer å halde val over 2 dagar, må vedtak om dette fattast seinast samtidig med at kommunestyret vedtek budsjettet for 2015.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 05.09.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann


Olaus-Jon Kopperstad
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

KOMMUNESTYRE
REKLESSEKON

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2014/978	Saksbeh. HS
13 JUNI 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Stortinget
Departementene
Fylkesmennene
Fylkeskommunene
Kommunene
De politiske partiene

Deres ref

Vår ref

Dato

14/2328-6

12.06.2014

Kommunestyrevalget og fylkestingsvalget 2015 – fastsetting av valgdag

I statsråd 6. juni 2014 ble valgdagen for kommunestyrevalget og fylkestingsvalget 2015 fastsatt til **mandag 14. september 2015**.

Hvert enkelt kommunestyre kan bestemme at det i vedkommende kommune skal holdes valg også søndag 13. september 2015.

Kommunene skal ikke underrette departementet om vedtak om en eller to dagers valg.

Med hilsen

Sølve Monica Steffensen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Siri Dolven
fung. avdelingsdirektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2014/1668
		Arkiv:	026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
211/14	Formannskapet	18.11.2014
151/14	Kommunestyret	27.11.2014

SØRE SUNNMØRE INNKJØPSSAMARBEID. INNMELDING I SUNNMØRE INNKJØPSSAMARBEID.

Møtebehandling:

Tor Sindre Steinsvik reiste habilitetsspørsmål. Ektemaken hans har vore med på å førebu saka.

Han går frå under handsaming av habilitet.

Tor Sindre Steinsvik vart samrøystes kjend habil.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

1. Samarbeidsavtalen i Søre Sunnmøre Innkjøpssamarbeid og vertskommuneavtalen med Herøy kommune om felles kommunale innkjøp, opphører den 01.12.2014.
2. Herøy kommune godkjenner samarbeidsavtale med Ålesund kommune, gjeldande frå 01.12.2014

Tilråding frå rådmannen:

3. Samarbeidsavtalen i Søre Sunnmøre Innkjøpssamarbeid og vertskommuneavtalen med Herøy kommune om felles kommunale innkjøp, opphører den 01.12.2014.
4. Herøy kommune godkjenner samarbeidsavtale med Ålesund kommune, gjeldende fra 01.12.2014

Særutskrift:

- Kommunane på Søre Sunnmøre
- Sunnmøre innkjøpssamarbeid
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- Samarbeidsavtale mellom Ålesund kommune og xxxxx kommune

Saksopplysningar:

Søre Sunnmøre Innkjøpssamarbeid, SSIS, vart oppstarta i 2008, og består av kommunane Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Hareid, Ulstein og Herøy. Samarbeidet er basert på ein formell samarbeidsavtale som vart godkjent i kommunestyra ved oppstarten. I 2012 vart det etablert ein Vertskommuneavtale etter § 28 b i kommuneloven, der Herøy kommune er vertskommune og Volda, Ørsta, Sande, Ulstein, Vanylven og Hareid er samarbeidskommunar. Det er oppretta ei stilling som interkommunal innkjøpsrådgjevar. Denne stillinga er no ledig, og i samband med det har rådmannsgruppa vurdert fleire ulike måtar å organisere dette området framover.

Det er mange ulike samarbeidsmodellar på innkjøp rundt om i landet. I Møre og Romsdal er det 4 interkommunale innkjøpssamarbeid ; Nordmøre med Kristiansund, Romsdal med Molde, Sunnmøre med Ålesund og Søre Sunnmøre. Rådmannsgruppa har vedtatt å undersøkje om det er muleg å samarbeide med Ålesund kommune si innkjøpsavdeling. På bakgrunn av det, har ein undersøkt om korleis dette evt kan gjerast.

Ålesund kommune, team konserninnkjøp, har pr d.d. 6 tilsette. Dei har eit etablert samarbeid med 11 kommunar. Det er inngått ein samarbeidsavtale, der Ålesund kommune inngår rammeavtale på vegne av den aktuelle kommune. Det er ein kontaktperson i den enkelte kommune som fungerer som bindeledd. Ved kvar ny avtale får alle kommunane tilbod om å vere med, og avgjer sjølve om dette er aktuelt å vere med på. Det kan gjevast rådgjeving i innkjøpsfaglege problemstillingar av mindre omfang. Det er også høve til å ta del på kompetanseheving i form av kurs og seminar. Kvar kommune betalar eit årleg vederlag for tenestene, dette er ein lik del 30% pr kommune og 70 % etter folketal.

Ålesund kommune er interessert i å inngå samarbeidsavtale, under føresetnad av at alle 7 kommunane som i dag er med SSIS vert med, og at det vert på same vilkår som dei andre kommunane i dette samarbeidet har. Denne samarbeidsavtalen fastset kva Ålesund kommune skal yte av tenester og kva den enkelte kommune skal betale for dette. Ved at alle våre 7 kommunar går inn i dette, kan det finansiere ei ny stilling i denne avdelinga, og det vil difor også vere interessant for deira del.

Vurderingar

Regelverket om offentlege anskaffelser set strenge krav til korleis innkjøpsprosessane skal gjennomførast. Gjennomføring av anbodskonkurransar tek mykje tid og ressursar. Ressursmessig er det nesten like mykje arbeid i å gjennomføre anbodskonkurransane for 7 kommunar som for 20. Ved dei store rammeavtalane, slik som t.d forbruksvarer, straum, telefoni, asfalt, matvarer, vaskeri, er det store, ofte sentrale, leverandørar som er med i anbodskonkurransane. Dette er avtalar som ikkje er aktuelle for lokale leverandørar, slik at det vil ikkje øydeleggje for det lokale næringsliv.

Det kan fortsatt vere muleg å dele opp ein anskaffelse slik at tilbydarar kan levere tilbod regionvis/kommunevis dersom ein finn at dette er hensiktsmessig.

Ein vil kunne oppnå betre prisar og vilkår ved å vere ein stor avtalepartner og dermed har større volum. Kommunane får tilgang til eit langt større avtalespekter.

Rådgjeving

Den interkommunale rådgjevarstillinga har vore brukt til rådgjeving i den enkelte kommune. Dette ligg også inne i avtalen med Ålesund, men det kan nok verte i mindre omfang enn tidlegare. Dette kan bety at kompetansen på innkjøpsregelverket bør styrkast internt i kvar kommune. Det er mange område det fortsatt er aktuelt for den enkelte kommune å etablere egne avtalar. Om det er ønskeleg at Ålesund skal gjennomføre anbodskonkurransar for enkeltkommunar, skal det betalast etter faste takstar.

Kostnader

Ved noverande ordning betaler kommunane i SSIS alle utgiftene til den interkommunale stillinga, medrekna administrasjonsutgifter til vertskommunen. I eit samarbeid med Ålesund kommune skal kommunane betale etter same system som dei andre kommunane i dette samarbeidet, det betyr tilsaman kr 699.131 pr år, (pr d.d.). Dette inneber at Ålesund kan finansiere ei stilling til. Det betyr ikkje at vi får ein person der som skal jobbe for oss, men vi går inn i det felles arbeidet som vert utført. Ein avtale med Ålesund kommune vil verte rimelegare ved at ein også på den måten oppnår «stordriftsfordelane». Pga endra fordelingsnøkkel 50% lik del og 50 % etter folketal, til 30% lik del og 70% etter folketal, vert det forholdsvis mindre å betale for dei minste kommunane.

Kostnad pr. kommune rekna etter same modell som dei andre kommunane som samarbeider med Ålesund:

	Kostnad ved samarb med ÅK	Kostnader SSIS 2013
Vanylven	60 975	89 506
Sande	53 489	83 208
Herøy	123 295	138 532
Ulstein	114 809	130 347
Hareid	80 294	104 816
Volda	123 991	138 354
Ørsta	142 277	152 845
	699 131	837 607

Etter å ha hatt ei stilling i Søre Sunnmøre Innkjøpssamarbeid i snart 7 år, ser ein at denne avdelinga er svært sårbar med berre ein tilsett. Anbudsprosessar set krav om at det er einkvan som er disponibel til å kunne svare på spørsmål nesten til ei kvar tid. Dette gjer det sårbart ved avvikling av ferie, sjukdom og anna fråvær.

Arbeidsoppgåvene og omfanget har vore stort, og eskalerer fortare enn ressursane strekk til. I staden for å opprette fleire stillingar, meiner ein difor at det vil vere meir framtidretta å inngå samarbeid med Ålesund kommune på dette området.

Igangsetting

Samarbeidet må starte umiddelbart, slik at avtalane får mest muleg kontinuitet. I ein overgangsperiode må det gjerast konkret vurdering av kvar enkelt avtale.

Vurdering og konklusjon:

I og med at stillinga i innkjøpssamarbeidet no er ledig, vil rådmannsgruppa rå til at kommunane inngår samarbeidsavtale med Ålesund kommune og at samarbeidsavtalen i Søre Sunnmøre Innkjøpssamarbeid og vertskommuneavtalen med Herøy kommune vert avslutta.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Mindre sårbar.

Konsekvensar for økonomi:

Innsparing, sjå tabell.

Fosnavåg, 31.10.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

SAMARBEIDSAVTALE

MELLOM

ÅLESUND KOMMUNE

OG

XXX KOMMUNE

1 PARTENE

Denne samarbeidsavtalen (Avtalen) er inngått mellom følgende parter:

1. Ålesund kommune, organisasjonsnummer: 942 953 119
2. Xxx kommune, organisasjonsnr: xxx

2 AVTALENS OMFANG OG FORMÅL

Avtalen skal regulere et samarbeidsforhold mellom Ålesund kommune og Xxx kommune angående innkjøp av nærmere definerte varer og tjenester. Formålet med samarbeidsforholdet er å effektivisere anskaffelsesprosessen med målsetting om å redusere anskaffelseskostnadene.

3 DEFINISJONER

Avtalen: Denne samarbeidsavtalen

Rammeavtale: En avtale mellom oppdragsgiver og en eller flere leverandører som har til formål å fastlegge vilkårene for kjøp av varer eller tjenester i en nærmere tidsavgrenset periode.

Avrop: Bestilling under rammeavtalen

4 AVTALENS INNHOLD: Partenes rettigheter og forpliktelser

4.1 Ålesund kommune

4.1.1 Inngåelse av rammeavtaler

Ålesund kommune skal inngå rammeavtaler på vegne av Xxx kommune. Ålesund kommune skal gi Xxx kommune mulighet til å tiltre alle rammeavtaler som Ålesund kommune, Konserninnkjøp inngår.

Andre rammeavtaler som avdelinger i Ålesund kommune ellers inngår, er som hovedregel ikke omfattet av Avtalen. Ålesund kommune, Konserninnkjøp kan gjøre unntak fra dette for spesifikke avtaler.

4.1.2 Administrasjon

Ålesund kommune skal administrere den enkelte rammeavtale som Xxx kommune har tiltrådt jfr. Pkt. 4.2.3. Dette innebærer bl.a. at Ålesund kommune har fullmakt til å ta alle avgjørelser i det avtalerettslige forholdet til leverandøren som ikke konkret gjelder det enkelte avrop Xxx kommune foretar. Eksempler på slike avgjørelser er: prisjusteringer, utløsning av opsjoner, terminering av kontrakt, og lignende.

4.1.3 Andre ytelser

Ålesund kommune skal uten ekstra vederlag gi rådgivning i innkjøpsfaglige problemstillinger av mindre omfang. Ved større oppdrag avtaler partene prisen for hvert enkelt tilfelle.

Ålesund kommune skal også tilby kompetanseheving innen anskaffelser i form av kurs og seminarer til Xxx kommune til samme betingelser som Ålesund kommune sine egne ansatte.

Ålesund kommune forplikter seg til å tilrettelegge og oppdatere kataloger for bruk i kommunen sitt elektroniske innkjøpsverktøy.

4.1.4 Ansvar

Ålesund kommune er ansvarlig for at rammeavtalene inngås i henhold til det regelverk for offentlige anskaffelser som er gjeldende til enhver tid. Alle krav eller søksmål som gjelder Ålesund kommune sin håndtering av anskaffelsesprosessen i forbindelse med inngåelse av rammeavtalen og den påfølgende administrasjonen (se pkt. 4.1.2) av rammeavtalen er Ålesund kommune sitt ansvar.

Ansaret omfatter ikke det kjøpsrettslige forholdet mellom Xxx kommune og den valgte leverandør. Ålesund kommune er således ikke ansvarlig for Xxx kommune sine handlinger eller unnlater i forhold til den enkelte leverandør.

4.2 Xxx kommune

4.2.1 Vederlag

Xxx kommune skal betale et årlig vederlag på kr. xxx xxx,- eks mva for de tjenester som Ålesund kommune yter i henhold til denne Avtalen. Vederlaget reguleres i henhold til SSB's konsumprisindeks, hovedindeksen, hvert år. Som utgangspunkt brukes indekstallet pr. 01.01.2014. Regulering foretas første gang ved beregning av vederlag for 2015.

Betaling skal skje pr. 1. juli i inneværende avtaleår.

4.2.2 Fullmakter

Xxx kommune gir Ålesund kommune, Konserninnkjøp fullmakt til å inngå rammeavtaler og å administrere rammeavtalene, jfr. Pkt 4.1.2, i avtaleperioden på vegne av Xxx kommune, med de reservasjoner som fremgår om tiltredelse i pkt. 4.2.3.

4.2.3 Skriftlig tiltredelse

Xxx kommune må gi en skriftlig tiltredelse til hver enkelt rammeavtale det er ønskelig for Xxx kommune å forplikte seg til. Ålesund kommune vil sende ut halvårlige oversikter over hvilke konkurranser om rammeavtaler som skal lyses ut. Tiltredelse fra kompetent person jfr. Pkt 5.1, må foreligge 30 dager etter utsendelse av ovennevnte oversikt fra Ålesund kommune, Konserninnkjøp.

Dersom skriftlig tiltredelse ikke foreligger innen fristen, har Xxx kommune mistet retten til å delta i den enkelte rammeavtalen for hele perioden som rammeavtalen varer. Xxx kommune sin rett gjeninntretr når Ålesund kommune lyser ut rammeavtalen på nytt enten fordi rammeavtalen går ut eller fordi det av andre grunner er nødvendig med ny rammeavtale.

Dersom Xxx kommune gir skriftlig tiltredelse som beskrevet ovenfor, er Xxx kommune rettslig forpliktet overfor leverandøren og Ålesund kommune til å handle med den (de) leverandør(er) som Ålesund kommune velger å inngå avtale med.

5 SAMARBEID

5.1 Kontaktperson

Xxx kommune skal oppnevne en kontaktperson som skal fungere som Xxx kommune sitt bindeledd til Ålesund kommune, og som skal stå for den praktiske gjennomføringen av samarbeidsforholdet. All informasjon fra Ålesund kommune som vedrører Avtalen vil bli gitt til kontaktpersonen. Kontaktpersonen har på sin side plikt til å videreformidle all relevant informasjon videre til de rette personene/organene.

Xxx kommune skal i tillegg redegjøre for hvem som har fullmakt til å foreta rettslige disposisjoner, jfr. Pkt 4.2.3, i avtaleforholdet til Ålesund kommune før samarbeidsavtalen trer i kraft.

Ålesund kommune skal straks informeres dersom det skjer endringer i oppnevnte kontaktpersoner.

5.2 Informasjon

Begge parter skal informere hverandre uten ugrunnet opphold om forhold som kan ha betydning for gjennomføringen av denne avtalen.

Xxx kommune har særskilt plikt til å informere Ålesund kommune om estimert produktvolum på hver enkelt rammeavtale, og sørge for at Ålesund kommune til en hver tid har oppdaterte adresselister.

Ålesund kommune har særskilt plikt til å informere om alt som har relevans til den enkelte rammeavtale. Ålesund kommune skal som et ledd i dette jevnlig arrangere informasjonsmøter med samarbeidskommunene. Xxx kommune har rett til å innkalle til møte dersom det er behov for det.

Ålesund kommune skal involvere Xxx kommune i forberedelsene til de rammeavtalene som Xxx kommune har gitt sin tiltredelse til jfr. Pkt 4.2.3. Xxx kommune har mulighet til å påvirke anskaffelsesprosessen ved å foreslå endringer og suppleringer.

6 MISLIGHOLD AV AVTALEN

6.1 Heving av avtalen

Begge parter kan heve Avtalen dersom det foreligger et vesentlig mislighold av de forpliktelser som er nevnt i denne avtale, og dersom den misligholdende part ikke innen rimelig tid har rettet opp i det påståtte mislighold.

6.2 Erstatningskrav

Begge parter har rett til å kreve erstatning for økonomisk tap som følge av vesentlig mislighold av avtalens forpliktelser.

Dersom Ålesund kommune mottar erstatningskrav fra leverandør(er) på grunn av Xxx kommune ikke har overholdt plikten til å kontrahere med den valgte leverandør, har Ålesund kommune rett til å kreve regress for det økonomiske tapet som Ålesund kommune lider i den forbindelse.

7 ENDRINGER I SAMARBEIDSAVTALEN

7.1 Endringer

Endringer i denne avtale skal foretas skriftlig og innføres i Endringsprotokoll til samarbeidsavtalen og skal undertegnes av begge parter.

8 VARIGHET

8.1 Samarbeidsavtalens varighet

Avtaleperioden er fra 01.01. 2014 til 31.12.2017.

8.2 Gjensidig oppsigelsesrett

Begge parter har mulighet til å si opp Avtalen. Avtalen kan bare sies opp med virkning fra neste avtaleår (01.01). Oppsigelsen skal være skriftlig og leveres den annen part senest innen 1. juli i inneværende avtaleår for å være gyldig.

Dersom Xxx kommune har bundet seg til å delta i enkelte rammeavtaler, jfr. Pkt 4.2.3, som gjelder ut over tidspunktet for varighet av denne Avtalen, skal Avtalen likevel gjelde, med unntak av pkt. 4.1.1, 4.1.3, 4.2.1, 7.1, 8.1, til utløp av den (de) konkrete rammeavtalen (ene) som Xxx kommune har tiltrådt.

9 TVISTER

9.1 Forhandlinger

Dersom det oppstår uenighet mellom partene om tolkningen av denne avtale skal tvisten først og fremst søkes løst gjennom forhandlinger. Dersom forhandlinger ikke fører frem, vedtar partene Sunnmøre Tingrett som verneeting.

Denne avtale utstedes i to eksemplarer og signeres av begge parter.

Dato:.....

Dato:.....

Ålesund kommune

Xxx kommune

Rådmann

Rådmann

VEDLEGG TIL SAMARBEIDSAVTALE MELLOM

**ÅLESUND KOMMUNE
OG
XXX KOMMUNE**

I henhold til samarbeidsavtalen punkt 5.1, andre avsnitt, er det i Xxx kommune

.....

Som har fullmakt til å inngå slik avtale.

Xxx kommune

.....

Rådmann



Assisterende rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2014/1543
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
213/14	Formannskapet	18.11.2014
152/14	Kommunestyret	27.11.2014

GRUNNKJØP VIKE/TOFTEDAL

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner kjøpsavtalen for gnr 36, bnr 3, 68 og 69 mellom Herøy kommune og konkursbuet etter Fosnavåg Trevare Utbyggingsselskap AS ved bubestyrar Per Maurset.

Kostnaden ved grunnkjøpet, 1.200.000 kr med tillegg av dokumentavgift og tinglysingskostnader, vert å finansiere ved låneopptak.

Særutskrift:

- Advokat Per Maurset, Tonningsgata 42, 6783 Stryn
- Økonomiavdelinga
- Anlegg og drift
- Eigedom

Vedlegg:

- Framlegg til kjøpsavtale.
- Reguleringsplan for området.
- Situasjonskart.

Uprenta vedlegg:

- Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og Fosnavåg Trevare Utbyggingssselskap AS
- Tomtetakst datert 02.10.2014.

Saksopplysningar:

Herøy kommune inngjekk i si tid utbyggingsavtale med Fosnavåg Trevare Utbyggingssselskap AS (FTU) for bustadfeltet Vike- Toftedal. FTU gjekk seinare konkurs før vilkåra i utbyggingsavtalen var oppfylte. Dette gjeld m.a.

- Tekniske anlegg skulle overførast vederlagsfritt til kommunen.
- Eigedomsretten til trafikkareal (vegar/gangvegar) og leik/grøntareal skulle overførast til kommunen vederlagsfritt.

I tillegg ligg der 5 tomter som det ikkje er bygd på.

Når det gjeld sjølve konkursen, vart det våren 2003 teke ut krav om tvangssal. Tvangsalet vart avslutta 18. august 2008 utan at sal av eigedomane der her er snakk om, vart gjennomført. Konsekvensen av dette er at eigarforholda til eigedomane i Vike/Toftedal er uavklara då eigaren som juridisk person ikkje eksisterte lenger.

Nordea har eit udekket krav mot FTU. Herøy kommune har difor oppmoda Nordea om å få gjenopna konkursbuet slik at det kunne ordnast opp i eigedomsforholda. Nordea kravde buet gjenopna i brev til Søre Sunnmøre Tingrett 9. desember 2013 og har i prosesskriv av 24.02.2014 gjort greie for bakgrunnen for gjenopning av buet.

Søre Sunnmøre Tingrett gjorde 22.04.14 vedtak om å gjenopne buet.

Eigedomane, gnr 36, bnr 3, 68 og 69, er takserte av Per Mulvik AS v/Ottar M. Skare 02.10.2014. Skare har taksert eigedomane til 1.200.000 kr.

I brev av 28.10.2014 har bustyrar Per Maurset oversendt framlegg til kjøpsavtale basert på taksten.

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig for kommunen å få ordna opp i eigedomsforholda i bustadfeltet Vike/Toftedal.

Herøy kommune vil på sikt kunne finansiere grunnkjøpet ved sal av 5 bustadtomter.

Eg rår til at kostnadene vert finansiert ved låneopptak.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen.

Konsekvensar for drift:
Herøy kommune får driftsansvar for trafikkareal og tekniske anlegg.

Konsekvensar for økonomi:
Grunnkjøpet kan finansierast ved sal av tomter.

Fosnavåg, 04.11.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken:

Tilråding i Formannskapet - 18.11.2014

Herøy kommunestyre godkjenner kjøpsavtalen for gnr 36, bnr 3, 68 og 69 mellom Herøy kommune og konkursbuet etter Fosnavåg Trevare Utbyggingsselskap AS ved bubestyrar Per Maurset.

Kostnaden ved grunnkjøpet, 1.200.000 kr med tillegg av dokumentavgift og tinglysingskostnader, vert å finansiere ved låneopptak.

KJØPEAVTALE

Mellom Fosnavåg Trevareutbyggingselskap AS konkursbu som seljar og Herøy kommune som kjøpar av eigedomane gnr. 36 bnr. 3, 68 og 69 i Herøy kommune, er det under føresetnad av kommunestyret si godkjenning gått inn fylgjande avtale:

1. Seljar overdreg eigedomane gnr. 36 bnr. 3, 68 og 69 i Herøy kommune til kjøpar.

På avtaletidspunktet er eigedomane fastsett til å ha eit areal på 11.049,5 m².

2. Partane er samde om ein kjøpesum på kr.108,60 kr./m². = kr.1.200.000.- i samsvar med takst av sept. 2014 frå Per Mulvik AS. I tillegg til kjøpesummen svarar kjøpar for dokumentavgift på 2,5% av avgiftsgrunnlaget samt tinglysingsgebyr

Kjøpesummen vert å betale til buet sin konto 6557 05 55450.

3. Kjøpesummen vert oppgjort mot skøyte klar for tinglysing.

4. Det er tale om ubebygd areal, men for ordens skuld vert eigedomane overført i den stand dei har på avtaletidspunktet jf. avhendingslova § 3-9. Seljar kjenner ikkje til skjulte feil eller manglar ved eigedomane og fråskriv seg ansvaret for slike så langt råd er innanfor gjeldande lovverk.

5. Eigedomane kan overtakast av kjøpar når kjøpesummen og tinglysingsutgifter er betalt inn til seljar sin konto.

6. Eigedomane står frå same tidspunkt for kjøpar si rekning og risiko. Kjøpar svarar etter nemnde dato for alle utgifter knytt til eigedomane.

10. Eigedomane vert ovdrege fri for pengehefter.

12. Denne avtala i 2-to-eksemplar, eitt til kvar av partane.


Seljar

Kjøpar


Fosnavåg Trevare Utbyggingselskap AS konkursbu.

Herøy kommune


Per Maurset
bubestyrar



AREALOVERSIKT
36/3: 3309 kvm
36/69: 4147 kvm
36/68: 4680 kvm



Delegerte saker frå avdelingane

DS 431/14 Frode Sævik 37/39 - Rammeløyve - Utbetring av avkøyrslforhold 10.11.2014

00:00:00 AG Plan og Arkitektur AS

DS 432/14 Alf Einar Moltubakk - 60/58 - Igangsettingsløyve 27.10.2014

00:00:00 Kvadratbygg as

DS 433/14 Ferdigattest - 37/492 seksjon 2 31.10.2014 00:00:00 Ørsta

Byggservice as

DS 434/14 Mellombels bruksløyve for ny almenningsskai Fosnavåg sentrum

34/446 m.fl. 06.11.2014 00:00:00 Prosjektbygg AS

DS 435/14 ferdigattest 64/6 05.11.2014 00:00:00 Per Husholm

DS 436/14 Ferdigattest støttemur - 58/32 20.10.2014 00:00:00 Kvadratbygg

as

DS 437/14 Olav Kjellstadli - 16/91 - Einebustad med frittliggende garasje

27.10.2014 00:00:00 Ørsta Byggservice as

DS 438/14 Steinar Bendal 29/320 - Løyve til oppføring av einebustad

30.10.2014 00:00:00 Ørsta Byggservice AS

DS 439/14 Per Husholm - 64/6 - Flytebrygge 29.10.2014 00:00:00 Per

Husholm

DS 440/14 Torgeir Hide 60/32 - Løyve til endring av tidlegare godkjent tiltak

27.10.2014 00:00:00 Ørsta Byggservice AS

DS 441/14 Gnr 53 Bnr 9 Frådeling av tilleggsareal til gnr 53 bnr 74 27.10.2014

00:00:00 Svein Osvald Selvåg

DS 442/14 Kristian Arnevik - 26/40 -Tilbygg 27.10.2014 00:00:00 Kristian

Arnevik

DS 443/14 Jon Måløy 84/1 - Utlegging av flytebrygge - Ferdigattest

31.10.2014 00:00:00 A. Våge AS

DS 444/14 Gnr 7 Bnr 11 Ferdigattest. 04.11.2014 00:00:00 Arne Karlson

DS 445/14 Herøy kommune - 60/35 m fl. - Avløpsanlegg på Moltu 31.10.2014
00:00:00 Herøy Kommune, AD v/Lene S. Huldal

DS 446/14 Herøy kommune - gnr 29 bnr 8 ,9, 10, 1, 4, 86, 88 og gnr 30, bnr
2 og 9 - Tiltak Heid tursti tredje del 03.11.2014 00:00:00 Aurvoll og Furesund
as

DS 447/14 Axel Bjørklid - 11/6 - Ny avkøyrsestøve 03.11.2014 00:00:00 Axel
Bjørklid

DS 448/14 Gnr 58 Bnr 1 Fnr 12 - Frådeling frå feste til eigartomt 05.11.2014
00:00:00 Adv. Harris

DS 449/14 Silje Steinsvik Paulsen 38/253 - Ferdigattest 05.11.2014 00:00:00
Silje Steinsvik Paulsen m.fl.

DS 450/14 Dawid Tarnogòrski 6/51 - Løyve til oppføring av frittliggende
garasje 05.11.2014 00:00:00 Dawid Tarnogorski

DS 451/14 Herøy Eigedom AS 37/381 - Løyve til oppføring ny 2.etg som
tilbygg til eksisterande bygning på eigedomen 07.11.2014 00:00:00
Prosjektbygg AS

DS 452/14 Statens Vegvesen, Region Midt - 45/119 - Kontrollomme
29.10.2014 00:00:00 Statens Vegvesen

DS 453/14 Almenningskai Fosnavåg sentrum 34/446 m.fl - Ansvarsrett for
montering av betongelement 06.11.2014 00:00:00 Prosjektbygg AS

DS 454/14 ferdigattest 36/91 05.11.2014 00:00:00 Arild Skram

DS 455/14 Mesterhus Volda - 31/4 - Endring av tilkoblingspunkt for vatn og
avløp og carportløyving 03.11.2014 00:00:00 Tømrer Service as

DS 456/14 Stemmedalen Vasslag SA - 50/13 - Tilbygg vannbehandlingsanlegg
05.11.2014 00:00:00 Asplan Viak as

DS 457/14 Tonje FLusund og Jim Kvalsvik 4/301 - Ferdigattest 07.11.2014
00:00:00 Boligbygg Møre AS m.fl.

DS 458/14 Oddmund Kvalsvik 17/70 - Løyve til rehabilitering av skorstein
07.11.2014 00:00:00 Cementprodukt AS

DS 459/14 Karstein Sund 4/25 - Løyve til tiltak 07.11.2014 00:00:00 Aurvoll
og Furesund AS

DS 460/14 Elselill Bjåstad og Vegard Hide 4/303 - Ferdigattest 07.11.2014
00:00:00 Enerbygg Bolig AS

DS 461/14 Villy Kvalsund 63/1 - Rehabilitering skorstein 06.11.2014 00:00:00
Cementprodukt AS

DS 462/14 Herøy Kommune - 60/35 mfl. -Igangsettingsløyve avløpsanlegg
Moltu 10.11.2014 00:00:00 Herøy Kommune AD v/Lene S.Huldal

DS 463/14 Svein Hugås - 45/162 - 2 mannsbustad med garasje 10.11.2014
00:00:00 Per Mulvik as

DS 464/14 Marius Bula 12/307 - Igangsettingsløyve for resten av tiltaket
18.11.2014 00:00:00 Myklegard Consult AS

DS 465/14 AF Decom as - 64/4 - Riving av brannskadde hus 12.11.2014
00:00:00 AF Decom as

DS 466/14 Havstein Remøy DA 34/10 - Løyve til heving av sjøbud og
oppføring av kai 17.11.2014 00:00:00 Bygg & System AS

DS 467/14 Monica Solibakke 11/32 - Løyve til tiltak 04.11.2014 00:00:00
Monica Solibakke

DS 468/14 Johanna Runde og Kjetil Olsen 9/118 - Løyve til oppføring av
einebustad 18.11.2014 00:00:00 Ørsta Byggservice

Referatsaker

Referatsaker



Arbeidstilsynet

VÅR DATO
26.06.2014
DERES DATO

VÅR REFERANSE
2014/74345
DERES REFERANSE

1 av 3

VÅR SAKSBEHANDLER
Manfred Langer, tlf. 97711182

Rådmann

R-fse

HERØY KOMMUNE BARNEVERNTEENESTER
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Rak. nr. 2014/358	Saksbeh. LÅS
- 3 JULI 2014	
Ark kode P	F47
Ark kode S	
J.nr.	Dok. nr. 6
Kassasjon	

Tilsyn - HERØY KOMMUNE BARNEVERNTEENESTER

Vi viser til tilsynet hos virksomheten den 20.06.2014.

Hensikten med tilsynet

Hensikten med tilsynet var å rette spesiell oppmerksomhet mot hvordan ledelse, verneombud og tillitsvalgte samarbeider for å få til gode arbeidsbetingelser og et helsefremmende arbeidsmiljø.

Tema i tilsynet var blant annet:

- Omstilling og endring
- Bruk av ulike tilknytningsformer
- Bruk og utforming av arbeidstidsordninger
- Bruk og utvikling av nødvendig kompetanse

Det ble også etterspurt mer konkret informasjon om:

- Fordeling av roller, oppgaver, ansvar og myndighet i helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet (HMS-arbeidet)
- Kartlegging, risikovurdering, plan og tiltak
- Vurdering av konsekvenser for arbeidsmiljøet ved endring og omstilling
- Bruk av midlertidige ansatte, vikarer og innleid arbeidskraft
- Arbeidstidsordninger
- Opplæring for å løse virksomhetens oppgaver
- Håndtering av vold og trusler
- Smittevern
- Bruk av godkjent bedriftshelsetjeneste

Oppsummering av tilsynet

Kontrollen ble utført på/ved:
Rådhusgata 5
6090 FOSNAVÅG

POSTADRESSE
Postboks 4720 Sluppen
7468 Trondheim
Norge

E-POST
post@arbeidstilsynet.no
INTERNETT
www.arbeidstilsynet.no

TELEFON
815 48 222
TELEFAKS
73 19 97 01

ORGANISASJONSNR
974761211



000000433211



Til stede fra virksomheten: Lilly-Åse Skogen (Leder barnevern), Irene Voldsund (tillitsvalgt), Inger Marie Tofthagen (BFH-leder) og Maria Elena Nilsen (verneombud).
Til stede fra Arbeidstilsynet: Manfred Langer (seniorinspektør).

Stikkord:

- Lederen orienterte om oppgavene til barnevernstjenesten og dens organisering. Det fortelles om godt arbeidsmiljø, stabilt personell med mye erfaring og kompetanse, totalt 7 ansatte. Dessverre bare kvinnelige ansatte. Det jobbes også tverrfaglig sammen med andre enheter tilhørende Herøy kommune sin barne-, familie- og helseavdeling. Nye kontorlokaler.
- Det er valgt verneombud som enheten har felles sammen med andre mindre enheter som ligger under barn-, familie- og helseavdeling. Verneombudet har fått opplæring.
- Kommunens 'kvalitetsløs' bidrar til gode rutiner for medvirkning av verneombud og tillitsvalgte der det trengs. Tjenesteplan fra bedriftshelsetjenesten (BHT) foreligger. Det hersker imidlertid uklarhet omkring hvordan barnevernet formidler sitt årlige behov for BHT-bistand når BHT-tjenesteplanen lages.
- Det er skrevet arbeidskontrakter og det føres oversikt over hvor mye den enkelte arbeider, ingen anmerkninger her.
- Det fortelles om enkle former for HMS-kartlegging og vernerunder. Egen HMS-plan foreligger. En har faste møter for planlegging, informasjon osv.
- Som en reell HMS-utfordring oppleves påkjenninger i form av usaklige påstander og trusler som framsettes om barnevernstjenesten enkeltvis i ulike sosiale media (aviser, blogg, facebook o.l.). Noen av disse er særs krenkende, truende og personrettet. Barnevernstjenesten kan ikke forsvare seg offentlig ved å kommentere saker en jobber med. I så måte er barnevernet sin arbeidssituasjon unik og ekstra krevende.
- Barnevernslederen forteller om god støtte fra rådmannen i slike saker den senere tid. Det uttrykkes imidlertid også at en savner en klarere støtte fra politikerne i kommunen. Arbeidstilsynet sin inspektør oppfatter støtten fra arbeidsgiveren som svært viktig for å kunne jobbe trygd med krevende barnevernssaker i en liten kommune. Denne støtten må de ansatte vite vil komme i en eller annen form når det 'røyner på', f.eks. ved mediaoppslag.
- Ellers fortelles det at rutiner for truende/farlige situasjoner på kontoret og ved arbeid ute er på plass. I nybygget er sikkerheten blitt forbedret for de ansatte. Alle har alarm på seg.
- Det gis tilbud om debriefing- og veiledningssamtaler ved behov. I tillegg er det jevnt med kompetansehevende kurs, prosjekter, satsinger, opplæring o.l.. Det fortelles at en støtter hverandre, både faglig og personlig. Planleggings- og utviklingssamtaler mellom leder og medarbeider gjennomføres.

Arbeidstilsynet mener at det ikke er grunn til å gi dere varsel om pålegg for de temaene vi gikk gjennom.



Informasjon til verneombudet

Verneombudet skal gjøres kjent med vedtak fra Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljøloven §§ 6-2 sjettede ledd og 18-6 åttende ledd. Vi har sendt en egen kopi av dette brevet til verneombudet. Hvis virksomheten ikke har verneombud, skal arbeidsgiveren gi kopien til representanten for de ansatte.

Har dere behov for mer informasjon?

Dere finner mer informasjon om Arbeidstilsynet og om regelverket på www.arbeidstilsynet.no, eller dere kan kontakte oss på telefon 815 48 222. Dersom dere har spørsmål til saken, kontakt saksbehandler, oppgi referansenummer 2014/74345.

Med hilsen
Arbeidstilsynet

Trond Reinseth
tilsynsleder
(sign.)

Manfred Langer
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
Virksomhetens verneombud
Herøy kommune v/Rådmann
Herøy kommune v/hovedverneombud
HERØY KOMMUNE BARN, FAMILIE OG HELSEAVDELINGA, Postboks 274, 6099
FOSNAVÅG



001000433225